



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Innkalling til møte i Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 06.03.2024 kl. 19:00

Stad: Kyrjekontoret

---

### Desse er kalla inn:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Silje Kiperberg Aksnes	Medlem
Linda Hasund	Medlem
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth	Medlem
Øyvind Grimstad Hagen	Medlem
Berge Myrene	Medlem
Ingrid Redse Mjaaseth	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Beate Hopland Langnes	1. vara
Monica Leine Tokheim	2. vara
Christfried Kaul	sekretær

---

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

### Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivnummer
F-2024/06		Førebels rekneskap Ulstein sokn 2023	133.0
F-2024/07		Høyringsuttale endring av prostigrenser	002.5
S-2024/08		Årsmelding 2023 for Ulstein sokn	046.0
S-2024/09		Oppfølging felles møte sokneråd og stab	3009.0
S-2024/10		Val av representantar i utval og kontaktpersonar	002.3
S-2024/11		Salmer på Pub	333.0
S-2024/12		Planlegging av årsmøtet for Ulstein sokn	012.1

**Meldingar:****F004 Etablering namna minnelund og gravfelt for urnegraver på Osnes kyrkjegård**

Vedlegg: *Behov for utviding av Osnes kyrkjegård – justert analyse fram mot 2060*  
*Oversendingsframlegg AP - krematorium sak 46-2023*

Som neste steg i arbeid med etablering av namna minnelund / gravfelt for urnegraver på Osnes kyrkjegård er det levert ein oppdatert statusrapport og ei behovsanalyse for gravplasskapasiteten i Ulstein kommune, saman med økonomiske konsekvens ved ei bevisst satsing på å få auka andelen av kremasjon.

Analysen er levert til kommuneadministrasjonen og vil bli brukt både i sak om å finne nytt areal for gravplass, og for skape ei konkret ordning for ei økonomisk likestilling mellom kremasjon med nedsetting av urne og kistegravlegging.

Neste steg i prosessen med namna minnelund er å levere eit konkret prosjekt til godkjenning til Statsforvalteren. Eis skisse for den føreslegne omregulering av ubrukte kistegraver til dette formålet er å finne på dei siste sidene i analysen.

**F005 Godkjenning av rammeavtalen mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn**

Vedlegg: *Kommunestyrevedtak sak 06-2024 Rammeavtale for 2024-2027*

Ulstein kommunestyret har i sitt møte 08.februar 2024 godkjent rammeavtalen mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn for årene reknskapsårene 2024 – 2027. Budsjettet for 2024 som Ulstein kyrkjelege fellesråd har vedteke i sak F-2024-01 bygger på denne avtalen.

**F006 Finansiering av arbeid med ombygging / rehabilitering av våpenhuset i Ulstein kyrkje**

Vedlegg: *Oversendingsframlegg sak 17-2024 Formannskapet*

Ulstein kommunestyret skal i sitt neste møte ta stilling til om vi får overført investeringsmidlar kr. 875.000 frå 2026 til 2024 for å kunne auke låneopptaket slik at arbeid kan bli prosjektert og gjennomført. Samla investeringsbeløp for ombygging / rehabilitering vil da vere på kr. 2.025.000 inkl. mva.

**S007 Referat frå arbeid i kyrkjemusikkutval**

Vedlegg: *referat frå møtet i kyrkjemusikkutval 09.01.2024*

Utvalet er godt i gang med sitt arbeid. Det blir stilt ein del spørsmål kring organisering / finansiering og eigarskap av barnekora og utvalet ønskjer at dette blir tatt opp i soknerådet. Referatet inneheld også eit første utkast til ein fornya plan til kyrkjemusikk i Ulstein sokn.

**S008 Rapport frå Medarbeiderundersøkelse i Dnk 2023**

Vedlegg: *Rapport Medarbeiderundersøkelse 2023 Ulstein sokneråd*

Husten 2023 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i einingane i Den norske kyrkja. Ein samla rapporten for heile organisasjonen blei offentleggjort 17. januar 2024.

Lokale rapportar er sendt til overordna leiarane for dei tilsette (kyrkjeverje og prost).

Administrasjonsutvalet i Ulstein kyrkjelege fellesråd har foreslått å bruke bedriftshelsetenesta til å ha ei aktiv rolle når den lokale rapporten blir presentert og jobba med i stabsfellesskapen. Eit første møte fant sted, onsdag 28. januar. Bedriftshelseteneste og prosten var med på møtet.

Ulsteinvik, den 28.02.2024

Odd Arne Vikebakk	Christfried Kaul
Leiar	Sekretær



# OSNES KYRKJEGARD

Status, behov for utviding, økonomiske aspekt for  
auka tal på kremasjon

## Sammendrag

Det er snart ikkje tilstrekkelig ledig kapasitet på gravplassen i Ulstein kommune.

Rapporten gir ei oppdatert oversikt over ledige graver  
og prognosar for utvikling med bakgrunn i SSB- tal framover.

Det blir lagt fram eit scenario for ei utvikling der det blir lagt opp til ordningar  
som stimulerer til auka bruk av kremasjon.

Det blir også gitt eit økonomisk estimat kva ei utviding av gravplass vil koste – både med  
tanke på auke tal på kremasjon og framhald dagens gravleggingsskikkar.

Christfried Kaul, 26.02.2024

Ck563@kyrkja.no

## Innhold

Osnes kyrkjegard – status januar 2024 .....	2
Arealeffektivisering gjennom omregulering av ubrukte kistegraver .....	3
Utvikling 1937 - 2023 og prognose 2024 - 2060.....	3
Kalkyle for kapasitet for Osnes kyrkjegard.....	4
Behov for auke av kapasitet for gravplass i Ulstein kommune .....	5
Målsetting om auka bruk av kremasjon .....	6
Faktorar for arealbehov for utviding eller ny gravplass .....	7
Samanlikning med tidlegare analyser .....	8
Økonomiske aspekt .....	8
Grunnkjøp og opparbeiding av areal.....	8
Kremasjonskostnader.....	9
Kostnad for ulike typer grav .....	10
Kostnader ulike type grav for brukarane.....	10
Drift av namna minnelund .....	12
Vurdering.....	13
Kart over Osnes kyrkjegard .....	14
Kartutsnitt med omregulering ledige kistegrav .....	15



# Osnes kyrkjegård – status og behov for utviding


## med tidshorisont fram mot 2060

### Osnes kyrkjegård – status januar 2024

Osnes kyrkjegård blei tatt i bruk 1924, utvida i 1979 og ytterlegare utvida i 2009. Det er ikkje mange år igjen før ein må ta i bruk nytt areal for å dekke behovet i framtida.

I 2023 har det vore 46 personar som vart gravlagde på Osnes kyrkjegård. Av desse har det vore 4 urnenedsettingar.

I takt med auke i folketal stiger også talet på gravlagde.



Osnes kyrkjegård har framleis noko ledig kapasitet, men den blir stadig redusert ved at nye grav blir teken i bruk. På gravfelt I-K og er det 225 ledige graver igjen.

På gravfelt som vart etablert tidlegare er det 301 ledige graver. Dette er stort sett graver som har blitt sletta etter festetid på 50/60 år har gått ut, eller det er graver der pårørande ikkje ønskjer å fornye feste for graven vidare. På grunn av tidsaspektet i nedbrytingsprosesser er slett ikkje alle ledige graver eigna til gjenbruk dei nærast åra. I praksis vil ca. 100 graver kunne reknast som eigna for gjenbruk dei næraste åra.

Det er også 96 graver som er reserverte. Desse kan vi ikkje disponere fritt, men dei vil etter kvart også blitt teken i bruk – så vi kan rekne dei som ledige graver.

Det er 62 ledige grav for barn. Også dødsfall av barn er inkludert i statistikken over avdøde og prognosen, slik at også desse gravene kan bli rekna som ledige.

Osnes kyrkjegård har 90 ledige plasser på eit felt for anonym urnenedsetting. Det er veldig sjeldan desse blir teken i bruk og eg vel difor å sette desse utanfor reknestykket.

Per desember 2023 var det 483 ledige graver på Osnes kyrkjegård.


## Arealeffektivisering gjennom omregulering av ubrukte kistegraver

Ved å omregulere nokre gravfelt frå kistegraver til eit urnefelt med urnegraver og eit namna minnelund med tilhøyrande urnegraver vil det bli fleire tilgjengelege graver og kapasiteten på Osnes kyrkjegard kan utvidast.

Det er i gang ein slik prosess der J-feltet med 70 kistegraver (maks kapasitet 140 kister) vil bli omregulert til urnelund med 140 urnegraver (maks kapasitet 560 urner – realistisk 350)

Eit område på I-feltet med 57 kistegraver vil bli omregulert til namna minnelund med plass til 200 urner. Dette vil gi Osnes kyrkjegard ein kapasitetsauke på 213 nye tilgjengelege graver. Per februar 2024 er det altså 696 ledige graver på Osnes kyrkjegård.

Tala vidare i denne analysen tek høgde for denne arealeffektivisering på Osnes kyrkjegard. Analysen vil difor gi eit anna resultat enn analysen frå 2021.



## Utvikling 1937 - 2023 og prognose 2024 - 2060<sup>1</sup>


For å skissere utvikling og behov for utviding for Osnes kyrkjegard har vi sett tilbake til 1937 og fram mot 2060.

Folkeveksten som har vore i Ulstein gir også utslag på talet på gravlagde i Ulstein. Ut frå utviklinga som har vore har talet på gravferd per år steget frå ca. 20 på 1970- talet til 47 på 2010- talet. I tida fram til 2060 er talet venta til å stige kontinuerleg vidare til ca. 100 per år.

Periode	Gravlagt	prognose	Per år
1924-1980	1041		18
1981-1990	395		40
1991-2000	419		42
2001-2010	441		44
2011-2020	518		52
2021-2030		604	60
2031-2040		748	75
2041-2050		872	87
2051-2060		1005	101

<sup>1</sup> SSB sine framskrivingar er frå 2020 og fram mot 2050 – forfatteren har framskrive prognosen til 2060 med same trendar.

## gjennomsnittleg gravlagt i Ulstein per år i perioder og prognose fram mot 2060



## Kalkyle for kapasitet for Osnes kyrkjegard

Det er ei rekke faktorar som spelar inn for å lage ein kalkyle på kapasitet for gravplassen. Nokre baserer seg på erfaring frå dei siste åra og prognoser med utgangspunkt i statistikk, andre har med framtidige utviklingar i samfunnet å gjere vi veit lite om.

### Grav med dobbel dybde:

Det er innarbeidd tradisjon at gravene blir brukt i dobbel dybde (2,5m) der personar med nær relasjon til kvarandre er kan bli gravlagt i same grav. Ut frå denne erfaring kan ein gå ut frå at 60% av alle graver blir brukt for 2 personar i framtida. Dette vil redusere behovet for nye grav.

### Gjenbruk av graver:

Etter 20 år med fri gravplass er det mange pårørende som ønskjer å feste grava vidare framover. Er grava ikkje festa lenger blir desse sletta og det er mogleg å bruke grava igjen. Med tanke på mangel på graver i framtida er dette allereie ein godt innarbeidd praksis med gjenbruk av graver. Om lag 8-10% av alle som døyr vil bli gravlagt i graver som blir gjenbrukt.

### Urnedsettingar

Det er ei auke på urnedsettingar og fleire etterspør både namna minnelund og urnefelt på gravplassen. Talet på urnedsettingar har stiga med årene og ligg i dag mellom 10-15%.

Ut frå dette kan ein konkludere med at det er behov på 70 nye graver per 100 avdøde, eller ein faktor 0,7 per avdøde for å rekne ut framtidig behov.

## Behov nye grav fram mot 2060

	dødsfall	enkeltgrav	grav med dobbelt dybde	urnegrav med plass til 4 (real2,5)	urne på namna minnelund	gjenbruk kistegraver	totalt behov nye grav
<b>2024-2060</b>	<b>3070</b>	<b>240</b>	<b>588</b>	<b>258</b>	<b>752</b>	<b>257</b>	<b>2095</b>

## Behov for auke av kapasitet for gravplass i Ulstein kommune

Kvart år blir det tatt i bruk nye graver. Med auke av folketalet aukar det også talet av ledige grav som skal vere tilgjengelege (3% av folketalet). I løpet av 2029 vil det ikkje vere nok ledige graver for å oppfylle dette kravet, seinast i 2036 vil det ikkje vere ledige graver igjen.

I eit 40 års – perspektiv har ein altså eit behov for å legge til rette for fleire graver. Ut frå statistisk materiale og prognosetal må Ulstein kommune legge til rette for at 3.070 personar kan bli gravlagt i Ulstein kommune og at det er ledige graver til 3% av folketal til ein kvar tid.


Ut frå faktoren på 0,7 er det behov for 2.095 nye graver fram mot året 2060. Med eit prognostisert folketal på 9.973 i 2060 skal det vere 299 ledige graver i tillegg (3% av folketal), mens dei 696 ledige graver på eksisterande Osnes kyrkjegard kan trekkjast frå reknestykket.

Talet på døde blir i mindre grad påverka av variasjonar i folkeveksten men folketalet spelar inn på kor mange gravplasser som skal vere ledige til ein kvar tid.

Det er vanskeleg å gi sikre prognoser for utvikling av folketalet, nye forskrifter og endringar i skikkar for gravlegging av døde, men med ei langtidsperspektiv på 40 år og framleis effektiv gjenbruk av graver er det rimeleg å ta utgangspunkt i ei eit behov for 1990 nye graver.

### Prognose kapasitet Osnes kyrkjegard etter etablering av urnelund og namna minnelund

	2024	2025	2030	2035	2040	2045	2050	2055	2060
Folketa	8 619	8 639	8 838	9 048	9 223	9 346	9422	9913	9973
forventa tal på døde i (på 5år)	60	62	323	356	392	423	449	484	521
3% av folketal	259	259	265	271	277	280	283	297	299
bruk av nye grav (på 5år)	30	42	220	243	268	289	306	330	356
ledige grav Osnes	696	662	473	256	7	-270	-573	-903	-1259
ledig reserve (3%- krav)	430	395	208	-16	-270	-551	-856	-1200	-1558



Det er fare for at Ulstein kommune går heilt tom for ledige graver i løpet av 2039.

Gravplasssforvaltninga er pålagt til alltid å ha ledige grav til 3% av det aktuelle folketalet. Kapasiteten på Osnes kyrkjegard vil nå eit kritisk punkt i 2033 / 2034 der ein ikkje lenger kan innfri dette kravet.

## Målsetting om auka bruk av kremasjon

Ved å egge til rette for gravlegging av urner på spesielt tilrettelagde urnefelt og på namna minnelund ville ein kunne spare store areal samanlikna med tradisjonell gravlegging i kistegrav. Namna minnelund vil også vere ei praktisk løysing dersom pårørende ikkje bur i same kommunen som den avdøde blir gravlagt sidan namna minnelund vil bli stelt regelmessig.


Gjennom eit felles gravminne vil namna minnelund vil også ei økonomisk rimelegare løysing enn ei tradisjonell kistegrav med gravmonument som kan vere kostbare.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har starta ein dialog med Ulstein kommune om å legge betre til rette for kremasjon, og er i gang med å etablere eit urnefelt og ein namna minnelund på eksisterande Osnes kyrkjegard for å bruke arealet meir effektivt og kome i møte ønskje om gravlegging med desse alternativ.

For å nå målet om 60% kremasjon i 2060 er det nødvendig å stimulere økonomisk til auka bruk av kremasjon. Det er også nødvendig å kome raskt i gang med etablering av namna minnelund og urnefelt på Osnes kyrkjegard. Det er vesentleg at utforminga har ein estetikk som fremjar interesse for gravlegging i namna minnelund.

### Målsetting auka bruk av kremasjon opp til 60% i 2060

	enkeltgrav kiste	kistegrav med dobbelt dybde	urnegrav med plass til 4 (real2,5)	urne på namna minnelund	gjenbruk kistegraver
2021-2025	15 %	55 %	10 %	10 %	10 %
2026-2030	10 %	50 %	15 %	15 %	10 %
2031-2035	10 %	45 %	15 %	20 %	10 %
2036-2040	10 %	40 %	20 %	20 %	10 %
2041-2045	10 %	35 %	20 %	25 %	10 %
2046-2050	5 %	35 %	20 %	30 %	10 %
2051-2055	5 %	35 %	25 %	30 %	5 %
2056-2060	5 %	30 %	30 %	30 %	5 %
<i>gjennomsnitt 2021-2060</i>	<i>8,8 %</i>	<i>40,6 %</i>	<i>19,4 %</i>	<i>22,5 %</i>	<i>8,8 %</i>



## Faktorar for arealbehov for utviding eller ny gravplass

Skulle ein halde fram med praksis for gravlegging slik det var i 2020 vil Ulstein kommune trenge å setje av eit areal på nesten 20.000 m<sup>2</sup> til ny gravplass. Omtala i analyse frå 2021.

Ei kistegrav har eit netto areal på 4,5 m<sup>2</sup>. Handboka for utviding og nyetablering av gravplassar anbefaler å legge til 150-180% av arealet for kistegrav for å kunne rekne ut arealbehov for kyrkjegarden. Ei nyetablering vil vere meir arealkrevjande på grunn av etablering av eit driftsbygg og tekniske installasjonar. Ein må i tillegg tenkje areal for parkeringsplass og legge til rette for tilkomst. Ved utviding legger ein dermed til grunne 11,25 m<sup>2</sup> per grav, ved nyetablering 12,6 m<sup>2</sup> per grav.

Ved utviding / nyetablering bør ein også vurdere gravplass for tilhøyrande til andre religion med andre gravskikk. Dette spelar ikkje nødvendigvis inn i storleiken på arealet, men på utforming og planlegging av gravplassen.

Eit urnegrav med plass til fire urner inkl. minne har eit arealbehov på 1,5 m<sup>2</sup>. Også her må ein legge til areal for infrastruktur og fri areal rundt sjølve gravfelt. For ei urnegrav legg ein difor 2,25 m<sup>2</sup> planareal til grunn ved utviding og 2,8 m<sup>2</sup> ved nyetablering.

Ei urnegrav på namna minnelund er 0,25m<sup>2</sup> stor. Som planareal for namna minnelund med felles minne og anna fellesareal legg ein difor 1m<sup>2</sup> planareal til grunn, både for utviding og nyetablering.

Ut frå aktualiserte tal frå Osnes kyrkjegard og det same statistiske materialet som er brukt i analysen 2021 har kyrkjevevja laga ei utrekning for behov på areal.

### Behov graver med auka bruk av kremasjon

	dødsfall	Enkelt-grav kiste	kistegrav med dobbelt dybde	urnegrav med plass til 4 (real2,5)	urne på namna minnelund	gjenbruk kistegrav	totalt behov nye grav
2021-2025 (20% urne)	122	18	34	5	12	12	81
2026-2030 (30% urne)	323	32	81	19	48	32	213
2031-2035 (35% urne)	356	36	80	21	71	36	244
2036-2040 (40% urne)	392	39	78	31	78	39	267
2041-2045 (45% urne)	423	42	74	34	106	42	298
2046-2050 (50% urne)	449	22	79	36	135	45	317
2050-2055 (55% urne)	484	24	85	48	145	24	327
2056-2060 (60% urne)	521	26	78	63	156	26	349
<b>sum:</b>	<b>3070</b>	<b>240</b>	<b>588</b>	<b>258</b>	<b>752</b>	<b>257</b>	<b>2095</b>

## Arealberekning gravplass med auka bruk av kremasjon

Behov for utviding / areal	tal på graver	areal per grav (utvid.)	areal per grav (nyetab.)	utviding	Nyetablering
prognose folketal 2060				9 973	9 973
3% av folketal				299	299
prognose døde 2021-2060				3 070	3 070
prognose behov nye grav				2 095	2 095
bruk ledige kistegrav Osnes				-356	-356
bruk ledige urnegrav Osnes				-140	-140
bruk ledige urne på namna minnelund Osnes				-200	-200
gjenbruk kistegraver				-257	-257
behov nye grav inkl. 3% reserve				1 698	1 698
planareal kistegrav m2	572	11,25	12,6	6 439	7 212
planareal urnegrav på urnefelt m2	217	2,5	2,8	543	609
planareal urnegrav på minnelund m2	652	1	1	652	652
behov areal m2				7 635	8 473
behov areal inkl. sikkerhetsmargin (15%) m2				<b>8 780</b>	<b>9 744</b>

### Samanlikning med tidlegare analyser

Gjennom ei satsing på å etablere namna minnelund og urnefelt allereie på eksisterande kyrkjegard, og ikkje minst økonomisk likestilling av kremasjon, er arealbehovet for utviding eller etablering av ein ny gravplass betraktlig mindre enn tidlegare analyser har konkludert med.

Også fokus på gjenbruk av graver og redusering av maksimal festetid er faktorar som spelar inn for å kunne legge frem ei analyse som konkluderer med mindre arealbruk for utviding av gravplass enn tidlegare analyser.

### Samanlikning med tidlegare analyse (kostnadsnivå 2023)

Utviding Osnes / Nyetablering kyrkjegard	m <sup>2</sup>
Analyse 2017 - Arealbehov utviding mot 2056	15 750
Analyse 2021 - Arealbehov utviding mot 2060	11 786
<b>Analyse 2024 - Arealbehov utviding mot 2060</b>	<b>8 780</b>
Analyse 2024 - Arealbehov nyetablering mot 2060	9 744

### Økonomiske aspekt

#### Grunnkjøp og opparbeiding av areal

Det er eit relevant og vesentleg spørsmål kva kostnadsbesparing det vil gi ved å ha eit mindre behov for utviding av gravplass enn tidlegare berekna. Når ein ser kostnader ved grunnkjøp og opparbeiding av areal for dei ulike type grav vil ein også kunne sjå på kor økonomisk lønsamt det ville vere for kommunen å dekke utgiftene for kremasjon dersom dette vil føre til auka bruk av graver på urnelund og namna minnelund.

Det er generelt mange usikkerhetsfaktorer som er knytt til kostnader for utviding / nyetablering av ein gravplass. Grunnforholda vil ha stor påverknad på kor mykje arbeid som vil vere nødvendig for å opparbeide grunn til føremålet. Tilgang på, og etablering av infrastruktur (vann, avløp, elektrisitet,



tilkomst, parkering) er ein annan faktor som kan variere stort alt etter kva type areal som blir regulert til gravplass i Ulstein.

Det ligg føre tal frå rekneskapen frå den siste utvidinga av Osnes kyrkjegard. Sjølv om dei ikkje utan vidare kan brukast som ei kvalitativ kostnadsberkening på ei utviding eller nyetablering av gravplass kan dei gi eit estimat for å sjå effekten av arealeffektiviseringa. Det vil også vere mulig å kunne ta stilling til om dekking av kremasjonsutgiftene vil gi ønska økonomisk effekt ved at fleire vel kremasjon.

Osnes kyrkjegard blei utvida med 2015 m<sup>2</sup> mellom 2005 – 2008. I tabellen under er det eit heilt enkelt overblikk over kostnadene. Ut frå denne og konsumprisveksten 2007-2023 er det mulig å kome fram til ein estimert kvadratmeterpris for utviding av gravplass.

### Kostnadsestimat utviding / nyetablering gravplass

<b>Tal frå utviding Osnes kyrkjegard (2005-2008)</b>	m <sup>2</sup>	%	kr
Areal	2 015		
Grunnkjøp			800 000
Opparbeiding av areal til gravplass			5 400 000
<b>kostnad grunnkjøp og opparbeiding av areal</b>			<b>6 200 000</b>
Driftshus på Osnes			5 300 000
Pristigning etter konsumprisindeks 2007-2023		52,80 %	
Konsumprisregulert kostnad for grunnkjøp og opparbeiding av arealet			9 473 600
<b>Estimat grunnkjøp og opparbeiding per m<sup>2</sup> til gravplass i 2023:</b>			<b>4 702</b>
<b>Estimat grunnkjøp og opparbeiding ved utviding</b>	<b>8 780</b>		<b>41 278 953</b>
Estimat grunnkjøp og opparbeiding ved nyetablering	9 744		45 809 447
Estimat driftshus ved nyetablering			8 098 400
<b>Estimat samla kostnad ved nyetablering</b>			<b>53 907 847</b>

### Samanlikning med tidlegare analyse (kostnadsnivå 2023)

<b>Utviding Osnes / Nyetablering kyrkjegard</b>	m <sup>2</sup>	kr
Analyse 2017 - Arealbehov utviding mot 2056	15 750	74 049 231
Analyse 2021 - Arealbehov utviding mot 2060	11 786	55 412 332
<b>Analyse 2024 - Arealbehov utviding mot 2060</b>	<b>8 780</b>	<b>41 278 953</b>
Analyse 2024 - Arealbehov nyetablering mot 2060	9 744	45 809 447
Analyse 2024 - Estimat driftshus ved nyetablering		8 098 400

Berekninga viser at det vil vere stor kostnadsforskjell mellom å utvide eksisterande gravplass og å etablere ein ny gravplass ein annan stad i kommunen. Særleg eit tilhøyrande driftshus vil vere ein kostnadsdrivande faktor. I det vidare har eg difor lagt utviding som alternativet til grunn å gå vidare med i håp om at utviding kan skje i direkte nærleik til eksisterande gravplass.

### Kremasjonskostnader

Ulstein kommune har ikkje eigen krematorium og det vil ikkje vere økonomisk lønsamt å investere i eigen krematorium. Investering og drift vil gi langt dyrare kostnad per kremasjon enn å bruke krematorium i Ålesund, som også har god kapasitet. Per 2024 kostar ein kremasjon ved Ålesund krematorium kr. 4.950. Inkl. urnekapsel og sending av urna er kostnaden på kr. 5.880

[https://kyrkja.alesund.no/Portals/0/DNNArticle/Artikler/Kremasjon%20og%20gravlegging\\_priser%202024%20%281%29.pdf](https://kyrkja.alesund.no/Portals/0/DNNArticle/Artikler/Kremasjon%20og%20gravlegging_priser%202024%20%281%29.pdf)

Også kistetransport til krematoriet er ein kostnadsfaktor å ta med i reknestykket. Det gis generelt stønad til båretransport: Når et medlem av folketrygden dør i Norge og avdøde må transporteres lenger enn 20 km, kan en få dekket nødvendige utgifter til båretransport, til nærmeste naturlige gravsted. Nav refunderer da den delen av transporten som overstiger egenandelen. (Egenandelen fastsettes av Stortinget årlig.) 2024: kr. 2.868

<https://www.nav.no/baretransport>

### Kostnader kremasjon

Kostnad kremasjon inkl. sending av urna (Krematorium Ålesund sats 2024)		5 880
Estimert tal på kremasjonar 2024-2060	1396	
Estimert kostnad kremasjon 2024-2060		8 210 538

### Dekking kremasjonsutgifter mot innspart areal

Pris i NOK

Innsparing grunnkjøp og opparbeiding Analyse 2021 mot Analyse 2024 (utviding)	- 14 133 379
utgifter dekking av kremasjon (2024-2060)	8 210 538
Samla innsparing	- 5 922 841

### Kostnad for ulike typer grav

Det er stor arealforskjell på dei ulike type grav og dermed blir også prisen for grunnkjøp og opparbeiding av graver nokså ulik. Gravlegging i kistegraver skjer på dobbelt dybde, med såla på 2,5m under bakken. Kistegraver stiller også heilt andre grav til jorda si nedbrytingsevne enn urnegraver. I berekninga under er dette punktet ikkje tatt med sidan den siste utviding av gravplassen har lagt opp til kistegraver med dobbelt dybde. Det kan i så fall vere ei mulighet til å redusere kostnadene når ein kjem så langt. Ut frå arealbruken per grav er det følgjande kostnader knytt til grunnkjøp og opparbeiding av graver:

### Kostnader grunnkjøp og opparbeiding planareal per grav (kostnadsnivå 2023)

Pris i NOK

	$m^2$	
Plankostnad kistegrav (utviding):	11,25	52 892
Plankostnad urnegrav (utviding):	2,25	10 578
Plankostnad per urne på namna minnelund (utviding):	1	4 702

I kistegraver er det plass til 2 kister. I urnegrav er det plass til 4 urner.

### Kostnader ulike type grav for brukarane

Ikkje berre for kommunen og gravplassmyndigheten er ulike kostnader knytt til ulike type grav. Også for brukaren er det store forskjell. Alle har rett til fri grav i 20 år (fredningstid) i kommunen dei budde i ved dødstidspunktet. Ved både kistegraver og urnegraver på urnefelt er det vanleg å setje opp eit gravminne til den eller dei som er gravlagd der. Kjøp og vedlikehald av gravminnet er dei pårørande / festaren si oppgåve. Også stell av grava er oppgåva til dei pårørande, men det kan kjøpast teneste for stell av grav.

På namna minnelund er det eit felles gravminne for alle som er gravlagde i på eit felt med urner knytt til dette gravminne. Den som blir gravlagd ved namna minnelund kjøper ein andel av dette felles gravminne og stell av namna minnelund ved ein eingongssum for dei 20 år med fri grav. Også ein namneplakette på felles gravminne er del av denne kostnaden.

Dersom ein ønskjer å beholde grava etter fredningstid på 20 år, kan ein feste grava for 5 år om gangen, maksimalt i 30 år etter fredningstida. Festeavgift er ulik for kistegraver og for urnegraver / graver på namna minnelund. Dersom pårørande ønskjer å reservere ei kistegrav eller ei utrgrav i

tilknytting til nokon som blir gravlagd, så betalar man festeavgift for denne grava frå den dagen graven blir reservert. Dette gjeld både for kistegraver, urnegraver og urner satt ned ved namna minnelund. Den reserverte grava er heller ikkje ei fri grav i 20 år når nokon blir gravlagd der. Det vil framleis vere festeavgift knytt til denne grava. Dette koster dei ulike grava i Ulstein:

### Samanlikning kostnader kistegrav, urnegrav, urne på namna minnelund

	sats (2024)		kistegrav	urnegrav	urne på namna minnelund
Kostnad kremasjon (Krematorium Ålesund)	4 950		0	4 950	4 950
Egenandel båretransport krematorium Ålesund (kilde: NAV)	2 868			2 868	2 868
Estimat gravminne (privat), stor variasjon, rimelig prisklasse			25 000	20 000	
andel av felles gravminne inkl. stell i 20 år	12 000				12 000
sum utan dekning av kremasjonsutgifter:			25 000	27 818	19 818
<b>sum med dekning av kremasjonsutgifter:</b>			<b>25 000</b>	<b>22 868</b>	<b>14 868</b>

### kostnader under fredningstida (20 år)

	sats (2024)	år	kistegrav	urnegrav	urne på namna minnelund
avtale om stell av grav (ved behov)	1 450	20	29 000	29 000	0
festeavgift for reservert eller reservering grav (ved behov)	300	20	6 000		
festeavgift for reservert eller reservering grav (ved behov)	150	20		3 000	3 000

### kostnader etter fredningstida (maks 30 år)

	sats (2024)	år	kistegrav	urnegrav	urne på namna minnelund
avtale om stell av grav (ved behov)	1 450	30	43 500	43 500	0
Festeavgift	300	30	9 000		
Festeavgift	150	30		4 500	4 500

### Priseksempel (inkl. dekning kremasjon)

	kistegrav	urnegrav	urne på namna minnelund
grav utan feste, utan stell i fredningstid	25 000	22 868	14 868
grav med feste, utan stell i fredningsperioden	31 000	25 868	17 868
grav utan feste, med stell i fredningstid	54 000	51 868	14 868
grav med feste, med stell i fredningsperioden	60 000	54 868	17 868

festa grav i 30 år etter fredningstid utan stell*	9 000	4 500	4 500
festa grav i 30 år etter fredningstid med stell*	52 500	48 000	4 500

\* feste kan fornyast for 5 år om gangen, stell fakturerast årleg

Gravlegging på namna minnelund er eit tydeleg rimelegare alternativ enn gravlegging i kistegrav og i urnegrav. At gravlegging i urnegrav blir eit rimelegare alternativ enn kistegravlegging føresett at ein har ei ordning med dekking av kremasjonsutgiftene.

### Drift av namna minnelund

Ulstein kommune har løyva midlar til etablering av ein namna minnelund på eksisterande kyrkjegard på Osnes. Desse midlane skal til at arealet blir opparbeid for bruk, det blir satt opp felles gravminne med mulighet for festing av namneplaketter, men også ein plass å lege ned blomster, kvilebenker og vegetasjon som gir minnelunden ein flott utsjånad.

Men det er også ein del kostnader knytt til å drive ein namna minnelund. Arealet og felles gravminne skal stellast, namneplatene skal graverast og setjast på felles gravminne, og urnene skal setjast ned. Det er og så noko vedlikehaldsarbeid ein treng å ta høgda for når ein namna minnelund skal fungere over tid.

Også på namna minnelund er det reglar om 20 års fredningstid og mulighet for festing av grav opp til 30 år etter fredningstida. Sidan minnelunden blir teken i bruk med nye urner fordelt over mange år er det ei levetid på minst 70 år ein treng å ta høgde for.

Eingongsbetalinga for plassen på namna minnelund skal dekke driftskostnadene, men også sikre at ein ny minnelund kan bli satt opp når kapasiteten for den første minnelunden er oppbrukt. Desse pengane skal setjast på eit fond øyremerka til dette formålet.

### Drift namna minnelund (kapasitet: 360 urner)

Dimensjonering tal på urnegrav

(venta 290 gravlegginger 2025-2045)

**290**

#### Inntekter

	timer		sats	år	
Eingongsbetaling for andel namna minnelund og stell			12 000		3 480 000
festeavgift ønska reservering av grav (estimat)		100	150	8	120 000
<b>sum inntekter</b>					<b>3 600 000</b>

#### Utgifter

arbeidstid stell av minnelund (klipping, lusing, stell av gravminne)	75		450	50	1 687 500
arbeidstid nedsetting av urne	1	290	450		130 500
gravering namneplate, festing av namneplate på gravminne		290	1 200		348 000
Vedlikehaldsarbeid			1 420	50	71 000
avsetjing fond ny namna minnelund		290	4 700		1 363 000
<b>sum utgifter</b>					<b>3 600 000</b>

## Vurdering


Ulstein kommune treng å utvide Osnes kyrkjegard eller etablere ein ny gravplass innan 2032 for å kunne ha tilstrekkeleg med ledige graver for folket i Ulstein kommune. Ulstein kommune bør finne eigna areal til gravplass på 9.000 - 10.000 m<sup>2</sup>. Det vil sikre god gravplasskapasitet for Ulstein kommune minst fram til år 2060, dersom ein lukkast med å stimulere til auka bruk av kremasjon.

For å kunne legge opp til effektiv bruk av areal og infrastruktur vil det vere ein fordel om det nye arealet ligg nærast mogleg eksisterande gravplass.


Ulstein kommune bør dekke kremasjonsutgiftene for å stimulere til auka bruk av kremasjon. I denne satsinga ligg eit stort potensiale for innsparing sidan kostnadene for grunnkjøp og opparbeiding av areal til gravplass er store.

Ulstein kyrkjelege fellesråd bør kome i gang så fort som råd med etablering av namna minnelund og urnefelt på Osnes kyrkjegard for å kunne legge til rette for gode alternativ til kistegravlegging.

Osnes kyrkjegard







I-felt: 57 ubrukte kistegrav  
omregulert til namna minnelund.  
Plass til 200-300 urner

J-felt: 70 ubrukte kistegrav  
omregulert til 140 urnegrav.  
Plass til 140 - 560 urner

K-felt: 98 ubrukte kistegrav





## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
31/23	Kommunestyret	23.03.2023
46/23	Formannskapet	16.05.2023

### Oversendingsframlegg Ap - krematorium

#### Formannskapet 16.05.2023

##### Behandling:

Fellesframlegg, foreslått av Knut Erik Engh, Framstegspartiet  
Ulstein formannskap viser til at Ålesund krematorium har svært god kapasitet til å ta på seg kremering for andre kommunar. Å etablere eit eige krematorium på Søre Sunnmøre er svært kostbart vil difor ikkje vere økonomisk forsvarleg.

Ulstein formannskap er likevel positiv til å etablere eit eige gravferdsfond som skal utlikne meirkostnaden med å velje kremasjon i forhold til tradisjonell kistegrav. Auka bruk av urnenedsetting vil vere arealeffektivt og vil kunne redusere kommunens kostnader knytt til etablering og drift av nytt areal til gravplass. Formannskapet ber administrasjonen om å legge fram ei sak om dette.

'Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### FOR - 46/23 Vedtak

Ulstein formannskap viser til at Ålesund krematorium har svært god kapasitet til å ta på seg kremering for andre kommunar. Å etablere eit eige krematorium på Søre Sunnmøre er svært kostbart vil difor ikkje vere økonomisk forsvarleg.

Ulstein formannskap er likevel positiv til å etablere eit eige gravferdsfond som skal utlikne meirkostnaden med å velje kremasjon i forhold til tradisjonell kistegrav. Auka bruk av urnenedsetting vil vere arealeffektivt og vil kunne redusere kommunens kostnader knytt til etablering og drift av nytt areal til gravplass. Formannskapet ber administrasjonen om å legge fram ei sak om dette.

#### Kommunestyret 23.03.2023

##### Behandling:

#### ETABLERING AV KREMATORIUM I ULSTEIN

Ulstein Arbeidarparti vil med dette ta initiativ til at det vert starta planlegging av krematorium i Ulstein.

Gravferdskikkar er i endring, og den mest altomfattande skikken med kistegravlegging ser ut til å tape terreng også i vårt område. Vidare veit vi at det i Ulstein er store problem med å

finne eigna område for kistegravlegging, og det vil vere mykje enklare å etablere minnelundar for urneplassering. Og vi ser rundt oss, både i Noreg og i utlandet, at minnelundar med plass for ned- eller innsetting av urner, kan utformast på ulikt og fint vis.

Vidare er det svært raske og store endringar i flyttemønster. Noko som lett fører til at det vert få pårørande igjen i nærområdet for å stelle og ta i vare tradisjonelle graver. Likevel er det å ha eit gravminne å kome tilbake til, også viktig for dei som av ulike grunnar ikkje lenger er fastbuande i området.

Stor tilflytting både frå inn og utland fører også med seg endring i kultur og skikkar. Vi ser også raske og omfattande utflyttingar frå området. Då vil eit krematorium ofte vere den løysinga som gjer at det vert greitt for etterkomarar å velje gravplass og minnestad andre stader enn her lokalt.

Vidare er det no sett store krav til det å ta i vare produktiv jord. Kremasjon og bruk av urnelund kan også bidra til at mindre areal vert nedbygd til gravplass.

Under pandemien har det også vist seg å vere kapasitetsproblem for gravferder og kremering enkelte stader, og eit nytt krematorium i vårt område kan også avhjelpe behov andre stader.

Ulstein Arbeidarparti ber formannskapet om å starte ein prosess med å planlegge og legge til rette for etablering av krematorium i Ulstein. Det bør søkjast etter gode lokasjonar der dette kan plasserast. Og det må gjerne etablerast i samband med eit lite kapell som kan nyttast ved gravferder med mindre plassbehov. Urnelund må gjerne etablerast på same stad om ønskjeleg.

Ulstein kommune bør også ta kontakt med nabokommunane for om mogleg å få til eit samarbeid om å etablere eit krematorium. Og Ulstein kommune, med si sentrale plassering på ytre søre, bør kunne vere ein god vertskommune for eit slikt tiltak.

Ulstein Arbeidarparti ber kommunestyret om tilslutning til at dette framlegget vert sendt over til formannskapet for vurdering.

### **Røysting**

Oversendingsframlegget vart vedteke med sju mot 17 røyster (Sp (Gjerde), SV (Hasund) Frp (Eriksen, Hansen, Garnes og Engh) og KrF (Langnes) røysta imot).

### **KOM - 31/23 Vedtak**

Oversendingsframlegget vert sendt til formannskapet.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
13/24	Formannskapet	30.01.2024
06/24	Kommunestyret	08.02.2024

### Ulstein sokn - rammeavtale for 2024 - 2027.

Saka var på saklista til møtet i kommunestyret i desember, men vart utsett. Dei økonomiske rammene mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune vert regulert av ei rammeavtale. Noverande avtale gjekk ut i 2023. Det er lagt fram eit forslag til rammeavtale for perioden 2024 til og med 2027. Kommunedirektøren rår til at framlegget til rammeavtale vert vedtatt.

### Kommunestyret 08.02.2024

#### Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### KOM - 06/24 Vedtak

1. Kommunestyret i Ulstein godkjenner ny rammeavtale mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune for perioden 2024 til og med 2027.
2. Ordføraren får og mynde til å gjere mindre, ikkje prinsipielle, endringar i avtaleteksten i perioden om det er behov for det.

### Formannskapet 30.01.2024

#### Behandling:

Kyrkjeverje Christfried Kaul svarte på spørsmål.  
Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

#### FOR - 13/24 Vedtak

1. Kommunestyret i Ulstein godkjenner ny rammeavtale mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune for perioden 2024 til og med 2027.
  2. Ordføraren får og mynde til å gjere mindre, ikkje prinsipielle, endringar i avtaleteksten i perioden om det er behov for det.
- 
1. Kommunestyret i Ulstein godkjenner ny rammeavtale mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune for perioden 2024 til og med 2027.

2. Ordføreren får og mynde til å gjere mindre, ikkje prinsipielle, endringar i avtaleteksten i perioden om det er behov for det.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet, 30.01.2024 - 13/24

1. Kommunestyret i Ulstein godkjenner ny rammeavtale mellom Ulstein sokn og Ulstein kommune for perioden 2024 til og med 2027.
2. Ordføreren får og mynde til å gjere mindre, ikkje prinsipielle, endringar i avtaleteksten i perioden om det er behov for det.

**Vedlegg:**

Utkast avtale UK-US 2024-2027

Kopi av Utkast økonomisk rammeavtale 2024-2027

Grunnlagsdok til avtale UK-US 2024

Avtale Ulstein kommune og Ulstein sokn - 2019 - 2023

Avtalen bygger på avtalen frå 2019, men det er gjort oppdateringar ut frå endringar i lovverket. Det er og lagt inn kompensasjon for prisendringar i perioden.

Det er to prinsipielle endringar i avtalen. Det første er at dei økonomiske rammene for soknet vert justert årleg ut frå endring i kommunal deflator ( Kommunal deflator er ein indikator for auka kostnad i kommunal sektor. Det er ein vekta indikator for lønsauke og prisauke). Det andre prinsippet er knytt til pensjon ( sjå prikkpunkt fire).

Rammene for endringane i avtalen er desse:

- Den økonomiske ramma (netto) for overføringar frå Ulstein kommune til Ulstein sokn vert endra til kr 6 656 000 for 2024. Det er ein auke frå 2019 som svarer til auken i kommunal deflator.  
Auken dekker og tidlegare avtalt auke i sekretærstilling frå 80 til 100 %, som vart endra i 2021, og netto 5 % ending på stilling som kyrkjegardsarbeidar / gravar.
- Avtalen dekker også levering av tenester spesifisert som tenesteyting i oversikta for 319 000 kr.
- Avtalen skal justerast for lønsauke og prisauke med kommunal deflator årleg. Første gong 1.1. 2025.
- I avtalen er det lagt inn eit beløp på 700 000 knytt til pensjonskostnader. Kostander knytt til pensjon har dei siste åra svinga svært mykje. Ulstein sokn dekker desse svingingane over eige budsjett og har ikkje same ordning som Ulstein kommune der deler av kostnadane (premieavviket) rekneskapsmessig vert delt ut over sju år. Med lite reservar skaper desse svingningane tidvis utfordringar for soknet med omsyn til resultat og likviditet. I avtalen vert det ordna slik at siste overføring til soknet i desember har med ei justering i høve til den reelle kostnad på pensjon i budsjettåret. Vert kostanden høgare enn budsjettert kompenserer kommune for dette. Vert den mindre enn budsjettert får soknet reduksjon i overføringane frå kommune lik skilnaden mellom reell premie og budsjettposten.

Større investeringar og vedlikehald er ikkje regulert i avtalen.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har vedtatt avtalen i møtet i desember 2023.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
143/23	Kommunestyret	14.12.2023
17/24	Formannskapet	30.01.2024

### Oversendingsframlegg Krf - kyrkje

#### Formannskapet 30.01.2024

##### Behandling:

Forslag, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre  
Formannskapet bed administrasjonen om å legge fram ei sak på dette til neste formannskapsmøte.

Forslaget frå Scheide (H) vart samrøystes vedteke.

#### FOR - 17/24 Vedtak

Formannskapet bed administrasjonen om å legge fram ei sak på dette til neste formannskapsmøte.

#### Kommunestyret 14.12.2023

##### Behandling:

Forslag, foreslått av Anders Åge Myrene, Kristeleg Folkeparti

Det er stort behov for ei renovering av våpenhuset og toaletta i eksisterande kyrkje, men dei løyvde midlane for 2024 strekk ikkje til. I investeringsbudsjettet for 2026 er det lagt inn 4.375.000 til oppgradering av eksisterande kyrkje.

For å sikre finansieringa for renoveringa av våpenhuset og toaletta vert 875.000 flytta frå 2026 til 2024.

Løyving til investering i 2026 vert redusert med 875.000 kroner. Løyving til investering i 2024 vert auka med 875.000 kroner.

Låneoptak for 2024 vert auka tilsvarande.

Det er stort behov for ei renovering av våpenhuset og toaletta i eksisterande kyrkje, men dei løyvde midlane for 2024 strekk ikkje til. I investeringsbudsjettet for 2026 er det lagt inn 4.375.000 til oppgradering av eksisterande kyrkje.

For å sikre finansieringa for renoveringa av våpenhuset og toaletta vert 875.000 flytta frå 2026 til 2024.

Løyving til investering i 2026 vert redusert med 875.000 kroner. Løyving til investering i 2024 vert auka med 875.000 kroner.

Låneoptak for 2024 vert auka tilsvarande.

Samrøystes sendt som oversendingsframlegg til formannskapet.

**KOM - 143/23 Vedtak**  
Formannskapet tek stilling til saka.



## Kyrkomusikalisk utvalg 09 jan 2024

Medverkande: Jette, Gunn Marthe, Andreas, Kamilla, Michelle

### Barn- och ungdomskorssituationen:

Det är rotete att korerna er ansluna till olika korförbund (Ung kirkesang/KFUK KFUM). Förslaget er att alla hamnar under samma tak då det är samma styrelse för båda kor.

Hur ser det ut med avlöning för de som engagerar sig som dirigenter/pianister?

Är det rimligt att soknet erbjuder pianist och dirigent till en och annan kor men inte gör detsamma för alla? Från starten är tanken att det ska vara en del av ett trosuppläringstilltag, men detta bör snackas om - varför blev det som det blev och er det rimligt och praktiskt?

Om Korklubben går under KM - kyrkan har då inget eget tillbud men har ett samarbete med KM. Alternativet är att Tween Sing går under Ung Kirkesang, men förlorar då dess koncept som präglar Tween Sing och den naturliga övergången till Ten sing. Vilket av alternativen blir mest praktiskt? Viktigt att barnen får en god tråd mellan övergångarna till de olika kor.

Kor bör får mer tillbud om att synas och skina lite mer på gudstjeneste, Ten Sing kan gott få fler tillbud sett till att de inte vart med lika mycket.

### Utbud og resursar for barn generellt:

Hur ser fördelningen av resurserna mellan aktiviteter för barn och motiveringen till detta? Exempelvis jämnställdheten mellan korverksamhet och KRIK? Frågan kommer att tas upp i soknerådet.

Ingår Idrott under temat kulturutbud och bör vi i så fall utvärdera detta till "Plan for kyrkjemusikk og kultur"?

Det finns förslag om att få med fler konstformer i kyrkan, exempelvis dans. Det finns en dansgrupp i Ten Sing till exempel som kan få förespörel.

## FÖRSLAG TILL UPPDATERAD VERSION 2024

### ”PLAN FOR KYRKJEMUSIKK OG KULTUR I ULSTEIN SOKN”

#### HOVUDMÅL

- Musikken og andre kulturuttrykk skal invitere til refleksjon rundt kristen tru, både ved å styrke og å utfordre
- Kulturen og musikken i vår kyrkjelyd skal gje relasjonane mellom Gud og menneske kunstneriske uttrykk
- Kulturutrykka i vår kyrkjelyd skal ha som mål å styrke banda mellom innbyggjarane i soknet og eiga kyrke

#### GUDSTJENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR

##### Mål:

- Musikken i gudstenestene og kyrkjelege handlingar skal inspirere til deltaking og engasjement
- Musikken i gudstenesta skal fremja salmesongen i kyrkjelyden
- Musikken skal tilføre gudstenesta ein kunstnerisk og estetisk dimensjon
- Kyrkjelyden skal legge til retten for at alle som kjem møter eit kulturelt uttrykk som dei er fortrulege med. Musikken og andre kulturuttrykk skal vere berar av nyskaping og tradisjon.

##### Tiltak:

- Det bør leggest til rette for at det er innslag frå musikalske grupper/enkeltpersonar på dei fleste gudstenestene. Alle kora i kommunen må få spørsmål om å delta i minst ein gudsteneste i året
- **Det bør vere naturleg at externa korledare eller musiker som medverkar på gudstjeneste får ein aktiv rolle i respektive gudstjenesteplanering**
- Salmesamsongen er ein hovudbestanddel i gudstenestene i Ulstein. Det må alltid vere ein god balanse mellom repertoarfornyng og val av kjende salmar.
- Gudstenestene bør også gje rom for, og tenke kreativt omkring dei ordlause kulturutrykka (dans, biletkunst, instrumentalmusikk, drama...). God kommunikasjon med Ulstein Kulturskule og **Ten Sing** er viktig her.
- I den grad det er mogleg, bør kantor utarbeide halvårsplanar for musikkinnhald i gudstenestene. **Kyrkjemusikkutvalet kan utvärdera innhålllet och bidrar med förslag till utveckling.**
- Orgelet er den viktigaste musikalske arbeidsreiskapen i gudstenesta, men ein må også legge til rette for andre instrumentarium, gjerne i samspel med orgelet.
- Den musikalske stilen i gudstenestene bør variere, men alltid sikte inn mot hovudmålet: «Å gje relasjonane mellom Gud og menneske kunstneriske uttrykk» , «invitere til refleksjon rundt kristen tru» og «styrke og utfordre»
- Det bør i størst mogleg grad vere «levande» musikk i gudstenestene, gravferdene og vigslene

#### KORVERKSEMD

##### Mål:

- Kyrkjelyden skal legge til rette for korverksemd

- Kyrkja sine kor og andre kor i lokalsamfunnet skal ta jamnleg del i kyrkjelege aktivitetar
- Kyrkja sine kor skal vere opne fellesskap, med rom for vekst og utvikling
- Korveksemda skal brukast som ein del av trusopplæringa i soknet

Tiltak:

- Ulstein sokn bør, i den grad det er realistisk, ha kortilbod for alle aldre
- ~~Arbeidet i kirkklubben er eit særst viktig trusopplæringstiltak, og bør styrkjast. Ein bør vurdere å utvide tilbodet (t.d. dans/drama). Her trengs meir menneskelege ressursar. (Se kommentar nedan)\*~~
- Det bør satsast på rekrutteringsarbeid til alla kor som tilbuds
- Det bør startast eit preliminært tilbod for vaksne f.eks projektkor som både medverkar på særskilda gudstjenester og kyrkokonsertprosjekt.
- Ein bør ha som siktemål å få ei lokal framføring av eit større kyrkjemusikalsk korverk i Ulstein kyrkje, med rimlig regelmessighet.
- Ulstein sokn bør stimulere dei lokale kora i Ulstein kommune til å lage kyrkjelege arrangement i kyrkja
- Alle kor i kommunen bør få spørsmål om å delta på gudstjenester minst ein gong i året. Det er særleg viktig at Ten-sing og barne-/ungdomskora i Ulstein sokn ofte er synlege på gudstjenestene/gudstjenestelege arrangement

\* ~~Arbeidet i kirkklubben er eit særst viktig trusopplæringstiltak, og bør styrkjast. Ein bør vurdere å utvide tilbodet (t.d. dans/drama). Her trengs meir menneskelege ressursar.~~ Spørsmålstecken kring denna punkt i den gamla planen – detta trenger en ny diskussion. Varför er det særst viktig trosopplæringstiltak for Kirkklubben men ikke for andra kor?:


Vi fortsätter vidare med planen för "Samarbeide", "Konsertar" och "Ressursar" till nästa kyrkoutvalgmöte **5 mars kl 19:30** på kyrkjekontoret.

MEDARBEIDERUNDERSØKELSEN 2023 ULSTEIN SOKNERÅD - CHRISTFRIED KAUL - 107869




## Rapportens innhold

Rapporten består av 3 deler.




### Del 1: Modell og prosess

Denne delen tar for seg hvordan organisasjonsutvikling foregår i steg, tolkning av resultater, samt hvordan oppfølgingsprosessen bør legges opp.



### Del 2: Overblikk

Oversikt over de viktigste resultatene i undersøkelsen. Her vises resultatene sammenlignet med aktuelle benchmark for å gi et inntrykk av hvor gode resultatene er.




### Del 3: Resultater

Her vises resultat på enkeltspørsmål med sammenligning. Her kan man se hvordan resultatene er på enkeltutvalg i undersøkelsen, og gir et detaljert bilde av resultatene.


# Del 1

# Modell og prosess



Organisatorisk utvikling foregår stegvis. I modellen under er ulike temaområder i undersøkelsen plassert inn i ulike steg. Dersom man har lave resultater på steg 1 bør man starte med disse temaområdene før man beveger seg inn på områdene på steg 2 og 3.

I bunnen av modellen finner vi ledelse. God og balansert ledelse ligger som et grunnlag og en forutsetning for å jobbe med de øvrige temaene i undersøkelsen.






## Tolkning av resultatene

Alle spørsmålene i undersøkelsen er stilt på en 5-punkts skala. Et høyt svar er uttrykk for noe positivt ved arbeidshverdagen.

Når du skal lese resultatene, se etter spørsmål som har fått spesielt høye eller spesielt lave skårer. Dersom det er enkeltspørsmål som skiller seg fra andre spørsmål i samme temaområde, eller har spesielt store differanser til en benchmark kan dette være lurt å være oppmerksom på.

## Figurene i rapporten



### Eksempel på figur. Ikke faktiske resultater.

I figuren vises resultatene på hovedområder og på enkeltspørsmål.


Spredningsindikatoren viser hvor stor uenighet det er mellom respondentene i rapporten. Dersom det vises en svart prikk er dette uttrykk for høy spredning. En sirkel er uttrykk for lav spredning. Dersom det ikke vises noen indikator er spredningen innenfor normalområdet.

Det vises også hvor mange som har svart "vet ikke" på et spørsmål.

Helt til høyre i figuren er resultatene sammenlignet med benchmark. En grønn pil oppover betyr at resultatet ditt er bedre en benchmarken, mens en pil nedover indikerer lavere resultat enn benchmark.

Del 2

# Overblikk



## Miljø


### Hygiene




### Drivere




### Retning




## Effekt




## Ledelse




Nedenfor vises de høyeste og lavest vurderingene blant spørsmålene i undersøkelsen. Dette kan gi en indikasjon på hvilke utsagn og forhold som oppleves som utfordringer og styrker blant de ansatte.



Nedenfor vises de største differansene til resultatene for Fellestrådlinjen totalt.




Nedenfor vises de største differansene til forrige måling.



Del 3


# Resultater






### ENGASJEMENT

Skalaen kartlegger medarbeidernes holdninger og motivasjon tilknyttet egen jobb.




### GJENNOMFØRINGSEVNE

Skalaen handler om hvordan arbeidsplassen gjennomfører vedtatte planer og når sine mål.




### ALT I ALT

Skalaen handler om medarbeidernes generelle inntrykk av egen jobb.




## ROLLEKLARHET

Kartlegger hvor tydelige forventninger er kommunisert, samt sammenhengen mellom disse og overordnede mål.




## BALANSE

Her kartlegges balansen mellom jobb og fritid, samt anledning til å løse arbeidsoppgaver med god kvalitet, uten negativt stress.




## RAMMEVILKÅR

Skalaen kartlegger hvordan rammevilkår som kunnskap, informasjon og verktøy er på plass.




## UTVIKLING

Muligheten til å bruke egne kunnskaper og ferdigheter i jobben, samt muligheten til å håndtere positive utfordringer i hverdagen og utvikle egen kompetanse.




## AUTONOMI

Skalaen kartlegger hvordan medarbeidere har innflytelse på egen arbeidssituasjon og kan påvirke hvordan oppgaver løses.




## SAMARBEIDSKLIMA

Kartlegger deling av kunnskap, takhøyde for ulike meninger, kollegial støtte og evne til å håndtere uenighet.




### OPPGAVEORIENTERT LEDELSE

Oppgaveorientert ledelse omhandler nærmeste leders orientering mot oppgavene og målsettingene med arbeidet. Tydelig kommunikasjon rundt mål og forventninger, samt evnen til å treffe beslutninger inngår her.




### UTVIKLINGSORIENTERT LEDELSE

Utviklingsorientert ledelse kartlegger nærmeste leders endringsorientering, åpenhet for innspill fra andre, og vilje til å teste ut nye og forbedrede tilnæringer.




### RELASJONSORIENTERT LEDELSE

Skalaen kartlegger leders evne til å anerkjenne og støtte sine medarbeidere.




### ENDRING OG FORBEDRING

Skalaen kartlegger hvor endrings- og utviklingsorienterte medarbeiderne er, samt deres opplevelse av arbeidsplassens åpenhet for nye ideer.



### EKSTERN ORIENTERING


Skalaen kartlegger hvordan arbeidsplassen forholder seg til folks forventinger, ønsker og behov.






### INFORMASJON/HELHET

Skalaene kartlegger kvalitet og omfang på informasjonen som gis ut fra fellesråd, menighetsråd og Den norske kirke sentralt.




### MANGFOLD OG INKLUDERING

Skalaen kartlegger hvordan virksomheten møter sine medarbeidere.





### KONFLIKT



Skalaen kartlegger medarbeidernes opplevelse av konflikter på arbeidsplassen.



Har du hatt medarbeidersamtale med din nærmeste leder siste 12 mnd.?



Jeg er kjent med virksomheten sine rutiner for varsling av kritikkverdige forhold



## **F-SAK 2024/06 Førebels rekneskap Ulstein sokn 2023**

### **UTGREIING**

*Vedlegg:*

*Førebels rekneskap 2023 – Drift*

*Førebels rekneskap 2023 – Investering*

*Førebels rekneskap 2023 – Balanse*

*Førebels rekneskap 2023 – Kladd noter*

Som ein del av tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune fører Ulstein kommune rekneskapen for Ulstein sokn. Rekneskapsavdelinga har sendt ein førebels rekneskap til Ulstein sokn og sendt den vidare til revisjonen også. Ulstein kyrkjelege fellesråd / Ulstein sokneråd skal vedta revidert rekneskap når det ligg føre.

Eit kort samandrag av rekneskapen vil også vere del av årsmeldinga for Ulstein sokn.

Rekneskapen for 2023 viser eit meirforbruk på kr. 490.594.

I tillegg er det ein udekka post i investeringsrekneskapen på kr. 263.234.

Ein stor del av meirforbruket har oppstått på området løn. Det er i all hovudsak dei uventa høge pensjonspremiene som har gjort det umogleg å halde seg innanfor oppsatt lønsbudsjettet.

Det er også brukt meir pengar enn budsjettet på oppussing av kyrjekontoret, som trengte eit løft.

Meirforbruket frå 2023 må dekkjast inn i 2024. Det vil legge stor press på budsjettet i 2024 og inndecking av meirforbruket må innarbeidast i størst mogleg grad i eit revidert budsjett for 2024.

Det er også nokre midlar frå disposisjonsfond som kan brukast, dersom ein ikkje kjem heilt i mål med det, men disposisjonsfond har blitt tappa mykje dei siste åra.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd tek den førebelse rekneskapen for 2023 til vitande.

## Ulstein sokn - førebels rekneskap 2023 - Drift

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK
<b>1000 Kyrkjeleg administrasjon</b>			
Lønnskostnader	1 563 657	1 435 132	-128 525
kjøp av varer og tenester	794 935	550 409	-244 526
Interne overføringar	3 429 051	3 429 050	-1
Kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting	258 000	0	-258 000
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	128 083	102 275	-25 808
Tilskot/gåver til andre	0	4 000	4 000
Renteutgifter	28 790	45 000	16 210
Avdragsutgifter	73 823	114 000	40 177
Utlån, kjøp av aksjar og partsdelar	0	25 000	25 000
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	330 303	330 303
Overføringar til investeringsrekneskapen	0	25 372	25 372
Avskrivningar	74 450	0	-74 450
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-11 316	-525	10 791
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-43 104	0	43 104
Kompensasjon for meirverdiavgift	-128 083	-102 275	25 808
Refusjon frå andre (private)	-13 382	-1 925	11 457
Interne overføringar	-6 750	-6 750	0
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-258 000	0	258 000
Tilskot frå rettssubjektet Den Norske Kyrkja	-44 499	0	44 499
Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	-5 302 428	-5 060 000	242 428
Offer/innsamla til eiga verksemd	-30	0	30
Offer/innsamla til anna verksemd	0	0	0
Renteinntekter	-77 674	-60 000	17 674
Bruk av ubundne fond	-480 675	-480 675	0
Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot)	-160 291	0	160 291
Motpost avskrivningar	-74 450	0	74 450
	<b>-249 893</b>	<b>347 591</b>	<b>597 484</b>
<b>2000 Ulstein kyrkje</b>			
lønskonstnader	790 364	814 435	24 071
kjøp av varer og tenester	478 648	326 573	-152 075
Interne overføringar	6 750	6 750	0
Kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting	48 416	0	-48 416
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	60 966	71 618	10 652
Overføring av offer/innsamla midlar til andre	249 167	325 000	75 833
Overføring av minnegåver	0	25 000	25 000
Avskrivningar	126 924	0	-126 924
Brukarbetaling for kyrkjelege tenester	-4 000	0	4 000
Betaling frå deltakarar	-3 000	0	3 000
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-737	0	737
Husleigeinntekter/utleige av lokale/festeavgift	-2 500	-22 500	-20 000
Refusjonar frå staten/statlege institusjonar	-11 073	0	11 073
Refusjon sjukeløn	-5 760	0	5 760
Kompensasjon for meirverdiavgift	-60 966	-71 618	-10 652
Refusjon frå andre (private)	-108	0	108
Interne overføringar	-1 204 812	-1 204 812	0
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-48 416	0	48 416
Offer/innsamla til eiga verksemd	-100	0	100
Offer/innsamla til anna verksemd	-250 134	-325 000	-74 866
Minnegåver	0	-25 000	-25 000
Motpost avskrivningar	-126 924	0	126 924
	<b>42 705</b>	<b>-79 554</b>	<b>-122 259</b>

**2000 Ulstein nye kyrkje**

Matvarer/servering til møter, arrangement og tilsette	520	0	-520
Bankgebyr	120	0	-120
Annonsar, reklame, informasjon og representasjon	0	25 000	25 000
Avgifter og gebyr	0	6 900	6 900
Kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting	207 950	0	-207 950
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	7 975	7 975
Overføring av offer/innsamla midlar til andre	0	40 100	40 100
Renteutgifter	0	0	0
Avdragsutgifter	0	0	0
Avsetnadar til bundne fond	792 598	0	-792 598
Kompensasjon for meirverdiavgift	0	-7 975	-7 975
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-207 950	0	207 950
Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	0	0	0
Offer/innsamla til eiga verksemd	-51 376	-72 000	-20 624
Tilskot/gåver frå andre	-463 542	0	463 542
Renteinntekter	-329 056	0	329 056
	<b>-50 736</b>	<b>0</b>	<b>50 736</b>

**3000 kyrkjegarder**

lønskostnader	1 293 536	1 139 829	-153 707
kjøp av varer og tenester	298 313	188 800	-109 513
Kalkulatoriske utgifter ved kommunal tenesteyting	262 010	0	-262 010
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	61 937	32 457	-29 480
Renteutgifter	7 681	4 000	-3 681
Avdragsutgifter	24 104	20 400	-3 704
Avskrivningar	324 088	0	-324 088
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-600	-36 325	-35 725
Husleigeinntekter/utleige av lokale/festeavgift	-435 000	-517 500	-82 500
Gravstellavtale	-43 898	0	43 898
Refusjonar frå staten/statlege institusjonar	0	-110 401	-110 401
Refusjon sjukeløn	-21 045	0	21 045
Kompensasjon for meirverdiavgift	-61 937	-32 457	29 480
Refusjon frå andre (private)	-414	0	414
Interne overføringar	-990 828	-990 829	-1
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-262 010	0	262 010
Bruk av bundne fond	-3 506	-13 550	-10 044
Motpost avskrivningar	-324 088	0	324 088
	<b>128 343</b>	<b>-315 576</b>	<b>-443 919</b>

**4000 kyrkjelydsarbeid generelt**

Trekkpliktige godtgjersle	134	0	-134
Arbeidsgjevaravgift	19	0	-19
Matvarer/servering til møter, arrangement og tilsette	217	0	-217
Utgifter og godtgjersler for reiser, diett, bil med vidare (opplysningsp	428	0	-428
Reiseutgifter/skyss	136	0	-136
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	60	0	-60
Brukarbetaling for kyrkjelege tenester	-2 500	0	2 500
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-4 610	0	4 610
Kompensasjon for meirverdiavgift	-60	0	60
	<b>-6 176</b>	<b>0</b>	<b>6 176</b>

**4100 kyrkjeleg undervisning**

lønskostnader	922 744	880 002	-42 742
kjøp av varer og tenester	237 043	304 790	67 747
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	27 441	75 198	47 757
Betaling frå deltakarar	-169 500	-202 000	-32 500
Kompensasjon for meirverdiavgift	-27 441	-75 198	-47 757
Refusjon frå andre (private)	-15 360	-4 000	11 360
Interne overføringar	-525 999	-526 000	-1
Tilskot frå rettssubjektet Den Norske Kyrkja	-373 000	-385 000	-12 000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-9 690	-12 000	-2 310
Tilskot/gåver frå andre	0	-1 000	-1 000
	<b>66 238</b>	<b>54 792</b>	<b>-11 446</b>

**4110 trusopplæring**

lønskostnader	918 449	851 851	-66 598
kjøp av varer og tenester	113 569	86 343	-27 226
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	8 624	18 361	9 737
Betaling frå deltakarar	-8 650	-23 500	-14 850
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-1 400	0	1 400
Kompensasjon for meirverdiavgift	-8 624	-18 361	-9 737
Refusjon frå andre (private)	-1 055	0	1 055
Interne overføringar	-40 401	-40 400	1
Tilskot frå rettssubjektet Den Norske Kyrkja	-746 800	-690 000	56 800
Offer/innsamla til eiga verksemd	-9 532	-12 000	-2 468
Bruk av ubundne fond	-40 000	-40 000	0
	<b>184 180</b>	<b>132 294</b>	<b>-51 886</b>

**4200 diakoni**

lønskostnader	878 543	744 782	-133 761
kjøp av varer og tenester	144 415	66 277	-78 138
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	10 578	2 232	-8 346
Betaling frå deltakarar	-4 760	-300	4 460
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	0	-17 000	-17 000
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-7 000	0	7 000
Sal av varer og tenester, gebyr utanfor avgiftsområde	-7 000	-17 000	-10 000
Refusjon sjukeløn	25 782	0	-25 782
Kompensasjon for meirverdiavgift	-10 578	-2 232	8 346
Refusjon frå kommunen/kommunale institusjonar	-80 000	0	80 000
Refusjon frå andre (private)	-381	0	381
Interne overføringar	-375 390	-375 391	-1
Tilskot frå rettssubjektet Den Norske Kyrkja	-373 000	-385 000	-12 000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-36 095	-24 000	12 095
Tilskot/gåver frå andre	-15 000	-2 000	13 000
Bruk av bundne fond	-137 525	0	137 525
	<b>19 589</b>	<b>7 368</b>	<b>-12 221</b>



**4210 open barnehage**

lønskostnader	203 894	187 454	-16 440
kjøp av varer og tenester	68 575	48 100	-20 475
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	1 153	5 700	4 547
Betaling frå deltakarar	0	-6 000	-6 000
Refusjon sjukeløn	11 388	0	-11 388
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 153	-5 700	-4 547
Refusjon frå andre (private)	-24	0	24
Tilskot frå kommunen/kommunale institusjonar	-343 527	-266 200	77 327
	<b>-59 694</b>	<b>-36 646</b>	<b>23 048</b>

**4210 Kyrkjemusikk**

lønskostnader	313 372	243 817	-69 555
kjøp av varer og tenester	365 165	211 500	-153 665
Interne overføringar	63 201	63 200	-1
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	7 669	6 600	-1 069
Avsetnadar til bundne fond	50 000	0	-50 000
Brukarbetaling for kyrkjelege tenester	-7 590	-23 700	-16 110
Billettinntekter	-393 560	-228 000	165 560
Kompensasjon for meirverdiavgift	-7 669	-6 600	1 069
Interne overføringar	-354 822	-354 818	4
Tilskot frå rettssubjektet Den Norske Kyrkja	-50 000	0	50 000
Offer/innsamla til eiga verksemd	-5 727	-12 000	-6 273
Tilskot/gåver frå andre	-40 000	-10 000	30 000
Bruk av bundne fond	-46 000	0	46 000
	<b>-105 961</b>	<b>-110 001</b>	<b>-4 040</b>

**4410 Barn og ungdom**

lønskostnader	17 859	116 232	98 373
Matvarer til barnehage og trusopplæring	0	2 000	2 000
Utgifter og godtgjersler for reiser, diett, bil med vidare (opplysningsp)	0	2 000	2 000
Forsikringar	320	0	-320
Refusjon til andre	81 802	0	-81 802
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	500	500
Tilskot/gåver til andre	18 000	10 000	-8 000
Kompensasjon for meirverdiavgift	0	-500	-500
Refusjon frå andre (private)	-15	0	15
Offer/innsamla til eiga verksemd	-83 168	-19 000	64 168
Tilskot/gåver frå andre	-3 400	-56 500	-53 100
Bruk av bundne fond	0	-55 000	-55 000
	<b>31 398</b>	<b>-268</b>	<b>-31 666</b>

## Ulstein sokn - førebels rekneskap 2023 - Investering

Ansvar	Konto	Regnskap	Budsjett	Budsjett- endring	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK	Kommentar
1000	Kyrkjeleg administrasjon	45200	0	0	0	-237 862	Egenkapitalinnskott KLP 2023 (27 056,-). Resterande sum er egenkapitalinnskott KLP frå 2011-2020 som kun har vore balanseført og ikkje kostandsført investeringsrekneskapen. Dette er feilføring som må rettast opp i. Feilføringa skapar avvik i dei grunnleggjande samanhengane i rekneskapen.
1000	Kyrkjeleg administrasjon	45300	0	25 372	25 372	0	Egenkapitalinnskott 2022.
1000	Kyrkjeleg administrasjon	49700	0	-25 372	-25 372	-25 372	Dekning frå disp.fond vedteke i handsaming av årsrekneskap 2022 er stryken pga meirforbruk i driftsrekneskapen.
1000	Kyrkjeleg administrasjon	49800	-263 234	0	0	263 234	Meirforbruk avsett i balansen - sjå kommentar i fane balanse.

## Ulstein sokn - førebels rekneskap 2023 - Balanse

Konto	Regnskap	Kommentar
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Omløpsmidler</b>		
Kasse, bankinnskudd	9 394 361	
Kortsiktige fordringer	1 154 837	
<b>Anleggsmidler</b>		
521000001 Aksjer og andeler (Eigenkapitalinnskot KLP)	375 420	
Utstyr, maskiner og transportmidler	910 574	
Faste eiendom og anlegg	17 929 067	
<b>Sum eigedelar</b>	<b>29 764 259</b>	
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>kortsiktig gjeld</b>		
kortsiktig gjeld	-1 486 850	
<b>langsiktig gjeld</b>		
Gravstellavtaler	-191 904	
545000001 Lån Sparebank 1 (kyrkjekontoret)	-934 734	
<b>Eigenkapital</b>		
551000001 Bundne fond - Minnestein v/kyrkja	-4 849	
551000002 Bundne fond - Gåve Byggeklossen bhg	-12 559	
551000003 Bundne fond - Ulstein nye kyrkje	-7 877 347	
551000004 Bundne fond - Gåve undervisning konfirmant	-5 940	
551000005 Bundne fond - Gåve barn - og ungdomsarbeid	-8 000	
551000007 Bundne fond - Diakoni	-14 130	
551000009 Bundne fond - P321002 Vekstmidlar Spor av Gud	-10 000	
551000010 Bundne fond - P321003 Vekstmidlar familiefredag	-9 000	
551000011 Bundne fond - P321001 Vekstmidlar Gospelnight	-5 000	
551000013 Bundne fond - Gravfond Hatløy	-15 275	
551000016 Bundne fond - P322001 Kyrkjelydsfest	-5 904	
551000018 Bundne fond - P323003 Orgelskule 2023-2024	-50 000	
553000000 Ubundne investeringsfond - kyrkjekontoret	-53 500	Kun til bruk i investering.
556000000 Disposisjonsfond	-467 491	
556000001 Ubunde fond - Lydanlegg Ulstein kyrkje	-260 486	
556000002 Ubunde fond - Musikk barn og unge	-30 000	
556000003 Ubunde fond - Diakonalt arbeid	-109 350	
556000004 Ubunde fond - Automatisk ringeanlegg	-180 000	
556000005 Ubunde fond - Ulstein nye kyrkje	-364 065	
556000007 Ubunde fond - Kyrkjemusikalsk arbeid	-37 039	
<b>559000000 Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>490 594</b>	<b>Rekneskapsmessig meirforbruk 2021 + 2023. Må dekkast inn i 2024. Kan dekkast inn med fond merka i grønt.</b>
		Egenkapitalinnskot 2011-2020 + 2022 + 2023. Kan dekkast inn med ubundne inv. Fond (merka i gult) eller salsinntekter (soknet har ikkje dette pr no). Evt. Disp.fond (forutsetter at driftrekneskapen ikkje går i minus)
559700000 Udekket i investeringsrekneskapen	263 234	
559900000 Kapitalkonto	-18 616 305	
559900001 Kapitalkonto anlegg	231 641	
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>-29 764 259</b>	
<i>Memorialkonti</i>		
591000000 Memoriakonto for ubrukte lånemiddel	104 339	Ubrukte lånemiddel. Om det ikkje skal investerast noko for desse (må vere investering, kan ikkje brukast i drift), så bør dei betalast ned.
599990000 Motkonto memoriakonti ubrukte lånemiddel	-104 339	

## NOTAR

### Note 1

Verdien av kommunal tenesteyting 2023 er 776 376,- der 258 000,- gjeld tenesteytingavtale og resterande beløp på 518 376,- er avdrag/renter Ulstein kommune betalar for investeringar i varige driftsmiddel.

### Note 2

#### Pensjon

### Note 3

#### Varige driftsmiddel

Anlegg		Bokført verdi 31.12.22	Endringar 2023	Avskrivning 2023	Bokført verdi 31.12.23
20000	Ulstein Kyrkje	4 263 965		-105 964	4 158 001
20001	Klokkehus	24 962		-960	24 003
30000	Osnes Gravplass	7 645 948		-224 960	7 420 989
30001	Gravemaskin - Osnes kyrkjegard	349 968		-58 328	291 640
10000	Forretningsgården	2 084 594		-74 450	2 010 145
15507	Ulstein nye kyrkje	4 315 929			4 315 929
21900	Steinway piano	353 334		-20 000	333 334
22001	Traktor Kubota CU2747	231 400		-28 925	202 475
15803	Snøfresar Tokvam F1507HS - Osnes kyrkjegard	95 000		-11 875	83 125
	<b>SUM</b>	<b>19 365 101</b>	<b>0</b>	<b>-525 461</b>	<b>18 839 640</b>

### Note 4

#### Aksjar og andelar

Eigenkapitalinnskott KLP: 375 420,-

## Note 5 Bruk og avsetning til fond

Fond	31.12.2022	Tilgang	Avgang	31.12.2023
Bunde fond - minnestein v/kyrkja	- 4 849			- 4 849
Gåve Byggeklossen	- 12 559			- 12 559
Bunde fond ny kyrkje	- 7 084 749	- 792 598		- 7 877 347
Gåve undervisningsarbeid konfirmant	- 5 940			- 5 940
Gåve barn- og ungdomsarbeid	- 8 000			- 8 000
Diakoni	- 66 796		52 666	- 14 130
P22104 -Vekstmidlar kyrkjebakkespel	- 46 000		46 000	-
P22102 - Spor av gud	- 10 000			- 10 000
P22103 - Familiefredag	- 9 000			- 9 000
P22101 - Gospelnight	- 5 000			- 5 000
Bunde gravfond - H.	- 19 625		4 350	- 15 275
Bundne fond - Endeleg på leir igjen	- 10 000		10 000	-
Bundne fond - Inkludering ukrainske flyktningar	- 56 442		56 442	-
Bundne fond - P322001 Kyrkjelydsfest	- 14 197		8 293	- 5 904
Bundne fond - P322000 Småbarntreff flyktningar	- 10 124		10 124	-
Budne fond -P323003 Orgelskule 2023-204		- 50 000		- 50 000
<b>Bundne fond</b>	<b>- 7 363 282</b>	<b>- 792 598</b>	<b>187 875</b>	<b>- 8 018 004</b>
Ub.invest.fond - kyrkjekontoret	- 53 500			- 53 500
<b>Ubundne investeringsfond</b>	<b>- 53 500</b>			<b>- 53 500</b>
Disp.fond - soknerådet	- 988 166		520 675	- 467 491
Lydanlegg Ulstein kyrkje	- 260 486			- 260 486
Musikk barn- og unge	- 30 000			- 30 000
Diakonalt arbeid	- 109 350			- 109 350
Automatisk ringeanlegg	- 180 000			- 180 000
Ubunde fond ny kyrkje	- 364 065			- 364 065
Kyrkjemusikalsk arbeid	- 37 039			- 37 039
<b>Ubundne fond</b>	<b>- 1 969 106</b>		<b>- 520 675</b>	<b>- 1 448 431</b>
<b>Sum alle fond</b>	<b>- 9 385 043</b>	<b>- 792 598</b>	<b>708 550</b>	<b>- 9 519 935</b>

## Note 6 Strykingar

Inndekning av meirforbruk 2021 på 330 303,- er stryke.

Vedteke overføring frå drift til investering til dekning av udekka beløp 2022 på 25 372,- er stryke.

## Note 7 Kapitalkonto

<b>IB 2023</b>	-	<b>18 574 338</b>
Avdrag	-	69 427
Eigenkapitalinnskot KLP	-	27 056
Avskrivningar		525 461
Nedskrivning		
Aktivering		
Korrigerings tidlegare års feil: Feilført avdrag	-	28 500
Korrigerings tidlegare års feil: Feilført Eigenkapitalinnskot KLP	-	210 806
<b>UB 2023</b>	-	<b>18 384 666</b>

## Note 8 Ytelsar

Løn kyrkjeverge:

Møtegodtgjersle kyrkjeleg fellesråd: 85 000,-

## Note 8 Korrigerings av tidlegare års feil

I avstemming av grunnleggande samanhengar i rekneskapen er det avdekka 3 feil frå tidlegare år som er korrigert:

1. Eit avdrag i 2013 er kun balanseført, føring i driftsrekneskapen mot kapitalkonto manglar. Manglande føring på 28 500,- er registrert i 2023.
2. Ved refinansiering av lån i 2013 er det berekna feil sum av unyttta lånemidlar. Sum unyttta lånemidlar er justert opp med 17 627,- i 2023.
3. Eigenkapitalinnskot KLP er feilført i perioden 2011 – 2020. Manglande føring mot investeringsrekneskap og kapitalkonto på 210 806,- er registrert i 2023.

## **F-SAK 2024/7 Høyring revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme**

### **UTGREIING**

Vedlegg:

*HØYRINGSNOTAT revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme*

*Høyringsbrev*

*Forslag til høyringssvar*

Møre bispedømeråd har lagt forslag til revisjon av prostigrenser ut på høyring. Intensjonen er å finne ei god og hensiktsmessig prostiindeling som sikrer godt samarbeid mellom prestelinja og fellesråd. Geografien, ferdselsårene, folketal og fagmiljø er viktige faktorer som påvirker dette.

Det er foreslått 5 ulike modellar for prostiindeling. Dersom ein vil gå for modell 4 eller 5 så vil dette også ha konsekvens for Søre Sunnmøre prosti. Forslaget er å slå alle sokn i Storfjorden (fellesråd for Fjord kommune og Stranda kommune) til Søre Sunnmøre prosti. Søre Sunnmøre prosti ville i så fall dekke eit område frå Vanylven i sørvest til Valldal i nordaust.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd favoriserer modell 3 der Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir slått saman til eit prosti. Ulstein kyrkjelege fellesråd avgir eit høyringssvar i tråd med dette.



## **HØYRINGSNOTAT «REVISJON AV PROSTIGRENSER»**

### **BAKGRUNN FOR SAKA**

Møre bispedømmeråd fatta i 2019 eit vedtak om justering/ending av prostigrenser i Møre bispedøme med verknad frå 2020.

Utgangspunktet den gongen var endringar av kommune- og fylkesgrenser som og fekk innverknad på den kyrkjelege inndelinga. Vedtaka vart gjort etter omfattande utgreiing og høyring i alle prosti i heile bispedømet.

Med bakgrunn i erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar sette stiftsdirektøren i april 2023 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere justering evt. ending av prostigrensene. Dette gjeld for prostia: Molde domprosti, Indre Romsdal prosti og Nordre Sunnmøre prosti.

### **HOVEDMOMENT FRÅ ARBEIDSGRUPPA**

Arbeidsgruppa har hatt 5 møter og presentert eit forslag for Leiarmøte, Prostemøte, Kontaktmøte og Kyrkjeverjelaget. Desse har kome med ulike innspel som er innarbeida i det interne arbeidsdokumentet. I tillegg har Møre bispedømmeråd hatt saka til ei fyrste handsaming og innspela frå møtet er innarbeida i dette dokumentet.

### **Prostia**

I Den norske kyrkja er prosti namnet på eit geografisk avgrensa område. I dei 11 bispedøma er det om lag 100 prosti. Alle prester er tilsett med prostiet som tenestedistrikt.

Prosten leiar prestetenesta i eit prosti. Stillingsstorleiken for prostane varierer med storleiken på prostiet, frå 40 % til 100 %. I dag har alle prostane, med unntak av domprosten, regelmessig kyrkjelydsteneste som ein del av si prosteteneste.

Møre bispedøme har i dag 6 prosti. I samband med endringar i 2019 vart Austre Sunnmøre prosti slått saman med Nordre Sunnmøre prosti til eit nytt Nordre Sunnmøre prosti frå 2020. Tal for sokn, fellesråd og vigsla medarbeidarar viser store forskjellar i dei seks prostia. Arbeidsgruppa vurderer tre av prostia som velfungerande einingar utan behov for endringar no. Dette gjeld Ytre Nordmøre prosti, Indre Nordmøre prosti og Søre Sunnmøre prosti.

For dei tre andre prosti er det andre utfordringar.

Indre Romsdal prosti er eit særst lite prosti med berre 5 tilsette prestar.

Molde domprosti er eit middels stort prosti med 14 tilsette prestar. Domprosten vikarierer jamleg for biskopen.

Nordre Sunnmøre prosti er eit stort prosti med store geografiske avstandar, mange medlemmer i kyrkja og 24,5 tilsette prestar.

### **Utfordringar**

Arbeidsgruppa har vurdert ulike erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar på noverande inndeling av prostia, og då særskilt for dei tre nemnte prostia.

Nokre melder om store arbeidsmengder og krevjande avstandar, andre om små og sårbare einingar.

Lang reiseveg til ulike felles arrangement (prestesamlingar eller tverrfaglege samlingar på prostinivå) bind opp mykje arbeidstid for den einskilde prest. Sjølv om det er meir vanleg med digitale samlingar så kan ikkje det erstatte alle fysiske samlingar.

Tilsvarande bruker prosten i eit stort prosti meir tid på å følgje opp prestane og kyrkjelydane i ulike samanhengar enn i mindre prosti. Det kan vere deltaking ved ulike møter (soknerådsmøter, fellesrådsmøter) delta ved kyrkjelege hendingar (jubileum, visitas, vigsling

til teneste, innsetjingar/avslutningar for medarbeidarar), følgje opp vikarar/studentar, delta i prostemøter og bispedømemøter, gje uttale m.m.

Prosten har òg fått ei auka mengde administrative oppgåver dei seinare åra. Noko av dette må prosten gjere sjølv, medan nokre av oppgåvene blir utført av prostesekretæren.

Den norske kyrkja skal ha eit ope, respektfullt og godt arbeidsmiljø som bidreg til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på ein god måte. Arbeidsgjevar har plikt til å sikre eit «fullt forsvarleg» arbeidsmiljø (AML). Dette er eit hovudansvar for den/de som er leiar/ar, samstundes som arbeidstakaren har plikt til å medverke. Arbeidsmiljøet er eit viktig ansvarsområde for prosten som tek aktivt del både i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med å løyse opp i konflikhtar.

Arbeidsgruppa deler ei oppfatning om at uavhengig av kor mange prosti eller endra grenser for prostia, vil ein dei komande åra ha ei utfordring med ein krevjande rekrutteringssituasjon, både med omsyn til prestar og andre kyrkjeleg tilsette. Her har prosten ei sentral rolle både i rekruttering, tilrettelegging og oppfølging.

I denne situasjon må ein skape einingar som taklar denne utfordringa

### **Tenlege einingar**

Målsettinga er robuste, fleksible, og berekraftige prosti. Det må vere einingar som bidrar til gode faglege miljø i prostiet. Då kan ikkje prostia vere for små, men heller ikkje for store.

Inndelinga må ta omsyn til dei tilsette, dei folkevalde og til sjølve leiinga av arbeidet. Ein ønsker å ha tenlege einingar som bidrar til god samhandling og godt samarbeid i prostiet og mellom dei tilsette og dei folkevalde organa.

Geografi, befolkning og medlemmer i kyrkja, tal på tilsette, tal på sokn og kyrkjeleg fellesråd er faktorar som påverkar ei slik vurdering. Til dømes vil eit stort prosti med mange sokn vere meir arbeidskrevjande med omsyn til kontakt, oppfølging og leiing, enn mindre prosti. Små prosti vil på den andre sida gje mindre fleksibilitet når tenester skal fordelast, eller når det er sjukdom, ferier og andre fråvær.

Størrelse på befolkninga har mindre betydning for prosten. Tal på prestar og andre kyrkjelege tilsette, tal på sokn og nærleik til kyrkjeverjene er viktigare.

Ved førre runde var det eit forslag om å redusere tal prosti frå 7 til 4. Det kunne ha vore gjort no òg, å redusere frå 6 til 4 prosti. Men til samanlikning er det mellom 8-10 prosti i alle dei andre bispedøma. Ein vurderer det som positivt at det er eit vist tal prostar som sikrar bredde i kollegiet, med omsyn til meiningar, kompetanse og ressursar til å løyse de oppgåvene som blir fordelt mellom prostane. Difor foreslår ein ikkje å redusere tal prosti frå 6 til 4.

### **Leiing i prostiet**

Prosten skal leie prestetenesta i prostiet og har definerte arbeidsoppgåver og ansvar som er utdjupa i «Tenesteordning for prostar»:

- §1: *«Prosten leder prestetjenesten i prostiet, og bistår biskopen i dennes tjenesteutøvelse»*
- §3: *«Prosten skal i samvirke med kirkelig råd og utvalg bidra til et godt arbeidsmiljø, samarbeid og åndelig fellesskap innen de kirkelige arbeidslag i prostiet og bistå ansatte og kirkelige organer med faglig veiledning, råd og støtte»*

Kyrkjemøtet i 2023 vedtok i sak 5/23 om «Kirkelig organisering: Folkevalgte som kirkelig styringstjeneste, biskopens tilsyn og ledelse og ordning for daglig ledelse» at «den daglige ledelse skal gjennomgående være todelt, og kirkefaglig og administrativ leder skal være sidestilt».

Det er tenleg at prost og kyrkjevevje kan arbeide «tett og godt» saman. Her vil dei vidare drøftingane og samtalene utdjupe korleis ein skal nå desse måla. Kyrkjevevjelaget har til dømes peika på at det vil vere ein fordel om prosten kan samarbeide med ein koordinerande kyrkjevevje i prostiet.

### **Administrativ hjelp og støttefunksjonar**

For å gi hjelp til prosten si leiing av presteteneste er det i dag tilsett ein prostesekretær i deltidstilling i dei ulike prostia. Dei er til stor hjelp og avlasting for prostane og gjer ei mengd administrative oppgåver for prosten.

For å styrke prostiet og skape betre arbeidsvilkår for prostane foreslår arbeidsgruppa ei styrking av den administrative støttefunksjonen for prosten. Ein ønsker ikkje å binde opp fleire presteressursar i administrative stillingar, men peiker på at alternativet kan vere å auke stillingane for prostesekretærane noko.

Fleire oppgåver kan utførast av prostesekretæren, men dei lyt få naudsynte tilgangar til ulike tekniske verktøy og system. Dette gjeld mellom anna planlegging av arbeid, føring av tid, permisjonar, handtering av rekningar m.m.

### **Ulike modellar**

Arbeidsgruppa har drøfta ulike modellar. Både modellar som reduserer tal prosti, og modellar som endrar grensene mellom prostia.

Tala på medlemmer er henta frå utgreiingsarbeidet som vart gjort for 4 år sida. Ein vurderer det slik at små endringar her får minimale konsekvensar.

I vurderinga av ulike modeller er det lagt til grunn at ein følgjer kommunegrenser, og at det ikkje er fleire prosti i eit fellesrådsområde. Vi trur dette valet gjer det enklare med samhandling, sameiing og felles leiing av arbeidet i sokna.

Under viser ein ulike modellar, der modell 4 er resultatata av innspel frå fyrste handsamling i bispedømerådet.

### **Forkortingar i tabellane:**

Prosti:

IN: Indre Nordmøre prosti

YN: Ytre Nordmøre prosti

M: Molde domprosti

IR: Indre Romsdal prosti

NS: Nordre Sunnmøre prosti

SS: Søre Sunnmøre prosti

Vigsla stillingar med tilskot frå bispedømerådet:

D: diakon (50 % finansiering gjennom tilskot)

K: kateket (100% finansiering gjennom tilskot)

Endringar av prostigrenser får berre konsekvensar for tal vigsla stillingar i eit prosti i modell 3 og modell 5 og då ved samanslåing mellom Molde og Indre Romsdal prosti. Dette har samband med kor i prostiet dei vigsla stillingane som får tilskot er tilsett.

**MODELL 1 – status quo sidan 2019 – inga endring, 6 prosti.**

Prosti	Medl.	Prester	Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT)	Medl/prest	Sokn	FR
IN	15842	6,5	1,3 (1+ 0,3)	2437	12	4
YN	27387	9,5	4 (2 + 2)	2883	12	4
M	38686	14	5 (2+3)	2763	15	3
IR	11639	5	1,7 (1,7+ 0)	2328	11	2
NS	75460	24,5	8,8 (7,8 + 1)	3080	24	5
SS	39651	16	6 (3+3)	2478	20	7

**MODELL 2 med 6 prosti med endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Nordre Sunnmøre prosti**

Indre Romsdal prosti vert utvida med indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (Stranda, Liabygda, Sunnlyven, Stordalen, Geiranger og Norddal) medan Nordre Sunnmøre prosti reduserast tilsvarande. Tal på prosti og prostar blir uendra

Prosti	Medl.	Prester	Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT)	Medl/prest	Sokn	FR
IN	15842	6,5	1,3 (1+ 0,3)	2437	12	4
YN	27387	9,5	4 (2 + 2)	2883	12	4
M	38686	14	5 (2+3)	2763	15	3
IR +	17250	8	1,7 (1,7+ 0)	2156	17	3
NS -	69849	21,5	8,8 (7,8 + 1)	3249	18	4
SS	39651	16	6 (3+3)	2478	20	7

**MODELL 3 med 5 prosti med endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Molde prosti**

Dette blir eit nytt Molde domprosti der tal på prosti og prostar vert 5.

Prosti	Medl.	Prester	Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT)	Medl/prest	Sokn	FR
IN	15842	6,5	1,3 (1+ 0,3)	2437	12	4
YN	27387	9,5	4 (2+2)	2883	12	4
M+IR	50325	19	6,7 (3,7+3)	2649	26	5
NS	75460	24,5	8,8 (7,8 + 1)	3080	24	5
SS	39651	16	6 (3+3)	2478	20	7

**MODELL 4 med 5 prosti med endring av grensa mellom Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre prosti.**

I staden for å flytte indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (Stranda, Liabygda, Sunnlyven, Stordalen, Geiranger og Norddal) til Indre Romsdal prosti, flytter ein desse til Søre Sunnmøre prosti. Nordre Sunnmøre prosti reduserast tilsvarande. Tal på prosti og prostar vert 5.

Prosti	Medl.	Prester	Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT)	Medl/prest	Sokn	FR
IN	15842	6,5	1,3 (1+ 0,3)	2437	12	4
YN	27387	9,5	4 (2+2)	2883	12	4
M	38686	14	5 (2+3)	2763	15	3
IR	11639	5	1,7 (1,7+ 0)	2328	11	2
NS	69849	21.5	8,8 (7,8 + 1)	3249	18	4
SS	45262	19	6 (3+3)	2382	26	8

**MODELL 5 med 5 prosti er ein kombinasjon av modell 3 og modell 4.**

Denne modellen er ein kombinasjon av endring av grensa mellom Indre Romsdal prosti og Molde domprosti.(modell 3) og endring av grensa mellom Søre Sunnmøre prosti og Nordre Sunnmøre prosti (modell 4).

Prosti	Medl.	Prester	Vigsla stillingar med tilskot (D,KAT)	Medl/prest	Sokn	FR
IN	15842	6,5	1,3 (1+ 0,3)	2437	12	4
YN	27387	9,5	4 (2+2)	2883	12	4
M+IR	50325	19	6,7 (3,7+3)	2649	26	5
NS	69849	21.5	8,8 (7,8 + 1)	3249	18	4
SS	45262	19	6 (3+3)	2382	26	8



Dato: 12.02.2024

Vår ref: 23/01501-4

Dykkar ref:

## Høyring - revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme 2024

Møre bispedømeråd har i møte 11.januar 2024 vedteke å sende ut ei høyring om revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme.

Våren 2023 sette stiftsdirektøren ned ei arbeidsgruppe med mandat til å vurdere og å kome med innspel til eventuelle endringar av prostigrensene i Møre bispedømme. Grensene vart endra i 2019 med verknad frå 2020. Den gong var det endring av kommune- og fylkesgrenser som fekk innverknad på den kyrkjelege inndelinga.

Etter nokre år med erfaringar, observasjonar og tilbakemeldingar er det naudsynt å vurder nokre av prostia på nytt. Dette gjeld særleg Nordre Sunnmøre prosti, Indre Romsdal prosti Molde domprosti og Søre Sunnmøre prosti.

Høyringa blir sendt ut dei som er omfatta av eventuelle endringar. På denne bakgrunn vil høyringa bli sendt til Kyrkjelege fellesråd og Sokneråd i desse fire prostia, prostane, dei kommunane som endringane får følgjer for, og tillitsvalde for vigsla kyrkjelege stillingar. Einskilde personar kan òg gi høyring.

Høyringsnotat som bakgrunn for saka ligg ved dette brevet.  
Høyringssvar kan sendast til [more.bdr@kirken.no](mailto:more.bdr@kirken.no)

### Frist for høyringssvar er 12.april 2024

Ein ber særleg om svar på følgjande spørsmål:

1. Møre bispedømeråd foreslår ei revisjon av prostigrenser i Møre bispedømme og har særleg peika på ulike alternativ til inndelinga i dag.

Modell 1. Inga endring – status quo

Modell 2. Indre Romsdal og indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir eit nytt prosti

*eller*

Modell 3. Indre Romsdal prosti og Molde domprosti blir eit nytt Molde domprosti

*eller*

Modell 4: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti.

eller

Modell 5: Indre deler av Nordre Sunnmøre prosti (alle sokna i Storfjorden) blir ein del av Søre Sunnmøre prosti OG Indre Romsdal blir ein del av Molde domprosti. Dette alternativet er ein kombinasjon av modell 3 og 4.

**Kva for eit alternativ/modell meiner de er det beste?**

Gje gjerne ein kommentar eller grunngjeving for svaret.

2. Namn på prosti

Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti

Forslag Modell 3: Molde domprosti.

**Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på prostia?**

3. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes.

**Kva meiner de om dette?**

4. Andre kommentarar.

Med helsing

Bjørn Olaf Storhaug  
Stiftsdirektør

Lars Skagestad  
Rådgjevar personal

*Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.*

Vedlegg:

HØYRINGSNOTAT revisjon av prostigrenser i Møre bispedøme

Mottakarar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.

Click here to enter text.

## **Forslag** høyringsvar endring prostigrenser frå Ulstein kyrkjelege fellesråd:

1. Kva for eit alternativ/modell meiner du er det best?

\*

- Modell 1
- Modell 2
- Modell 3
- Modell 4
- Modell 5

2. Gje gjerne ein kommentar eller grunngjeving for svaret ovanfor:

Indre Romsdal er eit folketalmessig lite prosti og har tilsvarende små fagmiljø. Prostigrensene bør følgje naturlege kvardagslinjer. For Romsdalen - frå Åndalsnes til Hustadvika er Molde det naturlege regionsenteret. For Storfjorden (Stranda og Fjord kommune) går kvardagslinjene mot Ålesund. Søre Sunnmøre prosti har allereie 7 fellesråd og dekker eit stort geografisk område. Å utvide prostiet med 2 fellesråd til er for stort. Regionsenter, geografien og ferdselsårene talar også imot ei slik løysing.

3. Det er lansert følgande forslag til namn på prosti.

Forslag Modell 2: Indre Romsdal prosti

Forslag Modell 3: Molde domprosti

Korleis stiller høyringsinstansen seg til desse forslaga på namn på prostia?

\*

Sidan eit samanslått prosti i modell 3 dekker heile Romsdalen, bør namnet vere Romsdal prosti. For å markere at bispesetet er i dette prostiet bør namnet vere Romsdal domprosti.

4. Dersom ein vel modell 2 er det eit spørsmål om prostesete skal flyttast frå Åndalsnes til Vestnes.

Kva meiner du om dette? \*

Vestnes er for Storfjorden (Stranda og Fjord kommune) ikkje det som følgjar naturlege kvardagslinjer. Dessutan vil det for dei som reiser frå nordre delen av Indre Romsdal (Åfarnes / Rødven) vere enklare å reise til Molde nordfrå. Med brua over Tresfjorden har også reisetid mot Molde blitt kortare.



## **S-SAK 2024/08 Årsmelding 2023 for Ulstein sokn**

### **UTGREIING**

*Vedlegg:*

*Første utkast til årsmelding for Ulstein sokn.*

Staben i Ulstein sokn har laga eit første utkast til årsmelding for 2023. Det er eit år med mange høgdepunkt vi kan sjå tilbake til.

Årsmeldinga er eit viktig dokument til å dokumentere aktivitet i Ulstein kyrkje med ord og bilde, årsmelding hjelper oss til å reflektere over arbeidet vårt og kan gi oss impuls til vidare utvikling.

Årsmeldinga er saman med rekneskapen grunnlagsdokumentet for å kunne arrangere årsmøtet.

Gjennom årsmeldinga gir vi også samarbeidspartnarar og andre eit innblikk i kven Ulstein kyrkjelyd er, og kva vi står for.

Det har blitt ein tradisjon at eit samandrag av årsmeldinga blir presentert på eit kommunestyremøtet.

For det nyvalde soknerådet vil årsmeldinga også vere eit verdifullt grunnlagsdokument for styring og arbeid i utval.

Årsmeldinga er ikkje heilt ferdigstilt med tanke på layout, bildebruk og korrekturlesing. Årsmeldinga skal vedtakast i Ulstein sokneråd.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.



ULSTEIN KYRKJE  
*Saman på ferda*



DEN NORSKE KYRKJA



Foto: Ole-Ottar Høgstavoll/Vikebladet Vestposten

# ÅRSMELDING 2023

UNDER ARBEID

*Meir himmel på jorda*



Saman på ferda  
Foto: Cecilie Hatløy

---

Den Norske Kyrkje  
Ulstein sokn  
Kyrjekontoret  
Sjøgata 61 (Pb. 143)  
6067 Ulsteinvik  
Tlf: 700 17 680

E-post:  
Facebook:  
Nettside Ulstein sokn:  
Ulstein nye kyrkje:

[post.ulstein@kyrkja.no](mailto:post.ulstein@kyrkja.no)  
Ulstein kyrkje  
[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)  
[www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)

# INNHALD (MÅ OPPDATERAST TIL SLUTT)

Solskinshistorier i Ulstein kyrkje frå 2022 .....	s. 4
Diakoni i Ulstein kyrkje .....	s. 8
Prestetenesta i Ulstein kyrkje .....	s. 14
Undervisning og trusopplæring i Ulstein kyrkje .....	s. 17
Kyrkjemusikk i Ulstein kyrkje .....	s. 22
Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjon .....	s. 24
Ulstein sokneråd .....	s. 26
Staben i Ulstein kyrkje .....	s. 30
Bygg og anlegg .....	s. 32
Statistikk .....	s. 35
Økonomi .....	s. 38
Informasjon og informasjon .....	s. 39
Sluttord .....	s. 41

**Må oppdaterast**



# SOLSKINSHISTORIER I ULSTEIN KYRKJE FRÅ 2023



## Valentinsdag 2023

Valentindagsvigsel vart ei gledeleg overrasking då heile 7 par valde å gifte seg! Nokon i joggesko og jeans, andre i dress og kjole, nokon hemmeleg, andre med familie og vener. Alle fekk fint pynta kyrkje, solosong og ei vakker ramme rundt dette å gje kvarandre løfter om kjærleik og truskap.

## NRK-gudstenester

At NRK har valt å sende sine gudsteneste på radio og TV frå Ulstein som einaste kyrkjelyd frå Møre, er ei flott og spennande! Å vere ein av 6 stall- kyrkjelydar er ei flott anerkjenning av arbeidet og viktig reklame for det fine lokalsamfunnet vårt, for vi veit at ei aktiv og god folkekyrkje betyr noko for folk når dei vel å busette seg.

QR: <https://tv.nrk.no/serie/gudstjeneste-tv/2023/DMPP21274023/avspiller>



Skjermdump frå NRK TV.



## Jubilantfesten

Denne gjekk av stabelen 26 oktober. Den andre i sitt slag. Det er berre ein kjempesuksess. Så stor oppslutning og så utrulig gode tilbakemeldinger. To timar med prat, musikkinnslag, lokalhistorie og bursdagskake. Her får ein møte gamle kjente. Også her er gjennomgangstonen..»Det er så godt å bli huska på» Tusen takk til Sanitetslaga i Ulstein for økonomisk støtte.



## Leiarhelg med ungdomar

Vi er glade for alle ungdommar som er med som leiarar i kyrkja vår. Denne hausten hadde vi leiarhelg på Speidarstua på Ørskogfjellet for fyrste gong. Vi starta i Ålesund med Escaperoom, rebus og pizza, før vi drog til speidarstua for taco, u

nderhaldningskveld og jakting på nordlys. Det blei ei gøy helg som vi håper på å gjere til ein tradisjon. For oss er det viktig å vise at vi set pris på ungdomsleiarane.



## Michelle - vår nye kantor!

2023 var året der vi endelig fekk ny kantor på plass, etter å ha lyst ut stillinga fire gongar. Førre gong det vart tilsett ny kantor i Ulstein var i 1995!

Michelle har arbeidd som organist i Sverige og har god erfaring med kyrkjemusikk, barnekor og orgelundervisning. Å flytte frå millionbyen Stockholm til vesle Ulsteinvik var ein stor overgang for Michelle, så vi er takksame for at ho kjenner seg godt tatt i mot. Takk for at du reddar kyrkjemusikken, Michelle!

Les sak frå NRK:  
"Michelle frå Sverige reddar kyrkjemusikken"



Foto: Arne Flatin / NRK

### 8.mars-gudstenesta

Rundt 70 personar var samla i kapellet på Sunnmøre Folkehøgskule. Den ukrainske sanggruppa Barvii deltok, og bønner frå ulike land vart lagt fram. Tre kvinner fortalte om kvinnene sin posisjon og status i tre ulike land. Mellom anna ei sterk beretning frå ukrainske Anna, som fortalte om si flukt frå krigen saman med si fem år gamle datter. Ei fin stund der ein kjenner på stoltheita og styrken det er å stå saman i eit kvinnefellesskap. Det ukrainske miljøet har blitt ein del av kyrkja med aktiv deltaking))))).

### Kyrkjeval/demokrati

Noko om eit engasjert sokneråd

# BILDER

### Kunstig intelligens

Kunstig intelligens vil i større grad prege livet vårt framover, og vi var stolte av å ver den fyrste som hadde temakveld om dette både lokalt og i kyrkja nasjonalt. Kvelden hadde godt oppmøte der vi fekk kompetent innføring og refleksjon knytt til fordelar og etiske utfordringar knytt til bruk av KI.



### Aktivitetsekveld med KRIK og Ten Sing

Ein sommarleg kveld i juni vart alle 7.-klassingar invitert til eit felles opplegg der KRIK og Ten Sing var samarbeidspartnarar og fekk vise delar av sine tilbod. Over femti ungdommar fekk prøve seg på korsong, band, konkurransar og ubegrensa mengder med gratis pizza. Les meir under kapittelet om barn og unge.



## Kyrkjebakkenspelet - Eg spelte på fløyte

Urframisyning av kyrkjebakkenspelet, "Eg spelte på fløyte", gjekk av stabelen 19.mars på Sjøborg Kulturhus. Med kantor Ståle Helvig i spissen og ein erfaren og kreativ regissør Dagfinn Olav Bye har Ulstein kyrkje jobbe i mange år med dette prosjektet. Kyrkjebakkenspelet tok oss tilbake til kyrkjebakken på Ulstein gamle kyrkjestad på midten av 1800-talet, som på den tida var ein samlingsstad for bygdefolket for både glede, gapestokk og siste nytt - som spelet viste. Med lokale utøvarar på scene, i kor, i band, og på begge sider av kamera markerte Ulstein kyrkje seg med eit

Les meir om spelet under kapittelet om kyrkjemusikk.



Svært mange var involverte i Kyrkjebakkenspelet.

Foto: Ole-Ottar Høgstavoll / Vikebladet Vestposten



Ingrid Nerhoel som Berte Kanutte Aarflot, og Ole Sande som Ezekiel.  
Foto: Ole-Ottar Høgstavoll / Vikebladet Vestposten

Les sak frå Vikebladet Vestposten:  
"Framifrå kyrkjebakkespel"





# DIAKONI I ULSTEIN KYRKJE

*Den norske kyrkje definerer diakoni slik:*

*"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og skal uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd."*

*Diakoni er lettare gjort enn sagt... og det er gjennom «å gjere og vere» for våre medmenneske at ein kan nå inn til hjarta. Diakoni er både det som gjerast av diakon/diakoniarbeidarar, men også ein dimensjon ved det å vere kyrkje. Alt arbeid som gjerast i kyrkjelyden, frå å ha ansvar for kyrkjekaffi, bake kaker, invitere med ein ven på gudsteneste eller på torsdagskveld på Fredheim er diakoni i praksis.*

I 2023 kunne vi fullt ut vere saman igjen, og det har vore godt. Likevel har året med restriksjonar gjort noko med oss, med at vi må tenke nytt og vere kreative i korleis vi kan nå ut til fleire. Diakonitenesta skal ta pulsen og føle kvar det trengs mest, og må det vere rom for at ein skal kunne snu seg rundt "på hælen". Denne fleksibiliteten gir oss som arbeider med diakoni eit høve til, men også eit ansvar for å følge med i tida. Med dette krevst det å vere synlege der folk ferdast, at vi kan invitere inn menneske i våre fellesskap - og med det bygge ned dørstokkar og opne opp dører.

## **Strikkekafe**

Kvar måndag kveld møtes vi for sosialt samvær med og utan strikk. Dette har blitt veldig populært, og vi er på jamna 20-25 personar. Ei god blanding av lokale og nye tilflyttarar. Dette kom i utgangspunktet i gang etter utbrot av krig i Ukraina og at vi ville strikke og sende varme klede til både soldatar og sivile. Vi har sendt kassevi med strikk, som har føltes godt å få gjere. Det er så lett å bli mismodige når vi ser alt det vonde som skjer rundt oss, men det å føle på ein uro som fører til handling, er ein veldig bra ting. Om vi ikkje får hjelpe alle, så kan vi i alle fall hjelpe nokon. Og mange bidreg med tråd og litt å bite i. Diakoni i praksis. I tillegg til alt dette, så får vi ei stund med prat, latter og norsktrening. Det er ei god pause frå alt anna.





### Kyrkjekaffi

Dette har vi prøvd så langt som råd å ha etter kvar gudsteneste. Og vi har sett at ein variasjon med kyrkjekaffi på Fredheim, enklare kyrkjekaffi i kyrkja, og matpakketurar har fungert veldig fint. Vi har også sett kor viktig kyrkjekaffien er for integrering og som ein sosial møteplass. Det har vore ei veldig oppslutning, spesielt på Fredheim. Vi har sett at flyktingane har søkt hit, og har funne sin plass i felleskapet i kyrkjelyden vår. Det å spørre om hjelp til å fylle frysen med kaffimat, har vore ein veldig fin og god ting. Samstundes som det avlastar dei som tek på seg å hjelpe til med kyrkjekaffien får ein også fleire med på laget.

### Andakter på sjukeheim , bygdestova og Helseker 20

Dette året har vi auka talet på andakter på institusjonane. Frå å vere annankvar veke i Helsekerdalen 20, har vi no andakter kvar veke både på sjukeheim, bygdestova og Holskerdalen 20. Dei set verkeleg pris på at vi kjem.



### Kyrkja på senteret

Ei fantastisk positiv leing på Blåhuset let oss få låne lokalet så lenge det er ledig, og opningstida har vore onsdagar frå kl 11-15. Vi har framleis jamne besøkstal. Kyrkja på senteret har vist seg å vere ein fin møtestad både for dei som ynskjer ein kaffikopp og ei sosial stund ilag med fleire, men også for dei som treng samatar utanom, til dømes sjelesorg. Det kjem om lag fem personar i gjennomsnitt kvar onsdag gjennom året. Tilbakemeldingane som har kome er at det er fint at vi møter folk der dei er, og at terskelen er låg for å stikke innom. Det er hyggelig å høyre.

### Besøksteneste

Heimebesøk, telefonsamtale og vandresamtale er ein viktig del av jobben. Ein ser at behovet for fleksibilitet i høve arbeidstid er fint for brukarane av diakonitenesta.

### Internasjonal kvinnegruppe

Vi har samlingar ein gong i månaden. Frå å ha møter i heimane, har vi frå hausten 2023 flytta samlingane til kyrkja. Vi har heldt fram med same forma på møta med sang, andakt matykt og lystenning/bøn. Erfaringa med å flytte samlingane til kyrkja er gode. Vi får med oss ein ekstra dimensjon ved å ha det akkurat her, og det er fint å kunne bruke kyrkjebygget også utanom gudstenestene.



### Sjelesorgssamtaler og Vandresamtaler :

Etter eit dødsfall får alle pårørande tilbod om heimebesøk eller samtale på telefon. Og i enkelte tilfeller har samtalan gått ut-over heile året. Eit tilbod mange set pris på. Nokre av tilbakemeldingane ein har fått ; «Det er så godt å bi huska på». Om pårørande ikkje bur her,så er ei melding el ein telefonsamtalen viktig å få. Vi er på besøk heime hos folk, eller nokon kjem på kontoret. Av og til har vi samtalar ute. Såkalla «Vandresamtaler». Mange føler at samtalen kan flyte lettare, når ein samtidig får vere ute i naturen.



## Allehelgenshelga

Også i år laga vi til minne og- håpsvandring på kyrkjegarden utanfor kyrkja. Med hjelp frå lokale kunstnere vart kyrkja pynta ekstra vakkert, og blomar og litt ekstra med levande lys, sette stemninga rundt denne for mange « hudlause» helga. Også i år laga vi til eit minnetre der ein kunne henge opp raude hjerter med navna til dei ein ville minnast. Minnesamlinga var også i år satt til laurdag kl 17. 00. Tilbakemeldingane som har kome, viser at denne minnesamlinga er særst viktig for dei sørgande. Ein stad der dei får vere saman i sorga.



## Ettermiddagskaffi med song og gode ord

Dette starta opp i 2021 med Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy, først og fremst som eit tilbod til dei som bur i omsorgsboliger på Sjøside. Dette vart starta med ei oppmoding frå omsorgsetaten i kommuna. Vi hadde femsamlingar i 2023, kjærkome for alle involverte. Vi håper og ber om at vi kan få fortsette vidare i 2024.

## Gudsteneste med universell utforming

I juli og i november vart det gjennomført gudsteneste med universell utforming. Det blei sendt ut invitasjoner også til institusjoner utanom vår kommune. Dei frammøtte hadde ei herlig stund med song og musikkglede, leia av Fjøresteinane. Dei leia allsongen, og hadde eigne innslag. Det vart fine samlingar med rundt 60 frammøtte.

. Vi serverte pølser m/brød og saft i etterkant, på sommarfesten. På adventssamlinga vart det pepperkaker, kaffi, twist og mandarin, og ein adventspose til å ta med heim. Vi ser at desse samlingane er til stor glede for alle oss som er der, og vi må jobbe enda betre for at fleire skal kome.



## Kyrkjelydsfest på Kjeldsund søndag 11.juni

Dette vart arrangert i lag med KRIK og søndagsskulen. Det vart ein fin kyrkjelydsfest, sjølv om det i år var veldig mykje som skjedde same helga, og mange av dei same personane var involvert på fleire av arrangementa. Ulsteinmessa og ekstraframsyning av kyrkjespelet skjedde parallelt. Dette lærer vi av, og prøver unngå neste gong. Sjølv om det var nokre av uteaktivitetane som måtte gå ut , såg det ikkje ut til at det mangla noko. Det er også ein lærdom å ta med seg. Også i år hadde vi ordna med skyss for våre nye innbyggjarar. Stor takk til alle frivillige som tok med seg fleire i bilane. Vi har fått mange fine tilbakemeldingar i etterkant. Gode opplevingar gir pusterom frå vonde tankar.



## Hjartevarmeaksjonen

I år blei det pakka 175 matkasser. Meir enn nokon gong, 284 vaksne, og 129 barn. Totalt 413 personer. Det har nok vore ei stram tid for mange. Det viser på at det var lagt mindre varer i handlevognene på butikkane.. Og vi fekk også inn mindre pengar på vipps. Men takka vere rause tilskot frå m.a Sparebankstiftelsen og Møre& Romsdal fylkeskommune kom vi i mål i år også.

Denne aksjonen er eit samarbeid mellom Frivilligaksjonen, Nykyrkjekarane, Sørøyane Røde kors og Ulstein Sokn. Og vi vil berre få takke for all hjelp vi har fått. Utan hjelp frå frivillige, hadde vi ikkje klart å gjennomføre ein slik aksjon.

Mari Ann Vattøy repr. fra Soknet i styret til frivilligsentralen.



Hjartevarmeaksjonen 2023

## Saman som kyrkje i heile verda

Ulstein sokn har misjonsavtale med NMS. Fokusområdet vårt er Midtausten, og vi har kollekt fleire gongar i året til prosjekta. Her er det særskilt arbeidet med TV-stasjonen SAT7 som sender kristne program for både born og vaksne. Prosjektet støttar også kurs- og kompetansesenteret Anafora og kristen bokhandel i Kairo.

Den Norske Kyrkja og misjonsorganisasjonane har ei aksjonsperiode frå Kristi Himmelfart til St.Hans - "Saman som kyrkje i heile verda". Ei særskild gudsteneste på våren hadde vi tombola under kyrkje-kaffien. Vi hadde misjonstombola under kyrkjelydsfesten på Kjeldsund. På hausten inviterte vi May Lisbeth Haugen frå misjonsselskapet til å halde preike under gudstenesta, og etterpå var det aktivitetar for barn med mellom anna ansiktsmaling i regi ukrainske kunstnarar.



Saman som kyrkje i heile verda - misjonsprosjektet i soknet.



## Opa julefeiring 2023

I samarbeid med Kjeldsund leirstad ved Trygve Danbolt Øygard, og Herøy sokn ved diakon Ragnhild Danbolt Øygard, har Ulstein sokn ved diakoniarbeidar Mari Ann Vattøy og diakon Karine Sæter også i år arrangert Opa julefeiring på Kjeldsund julaftan frå kl. 17-21. Dette er eit gratis arrangement, og eit alternativ for dei som ønskjer å ha nokon å feire julaftan saman med. Det blei også i år servert julemiddag og kakebord, og det var gang rundt juletreet. Det var gåver og aktivitetar for borna.

Både små og store var samla på eit koseleg julepyn-ta Kjeldsund. Det var 65 påmeldte i år. Tusen takk for hjelpa til alle frivillige, og til Link for transport med buss. Om fleire vil hjelpe på sjølv arrangementet neste år, set vi stor pris på det. Stor takk til Ulsteinvik Sanitetsforeining, Sparebank 1 og Frivilligsentralen for rause gåver!



Invitasjon til opa julefeiring vart sendt breidt ut

## Nye tiltak

Nytt tilbod av året er sorgstøttesamlingar. Tanker er at ein har undervisning og samtaler kring tema sorg. Kanskje lettare for folk å møte ein stad der fleire i same situasjon er saman.. der ein nødvendigvis ikkje treng å prate spå mykje sjølv. Vi hadde ei samling i november. 15 stk. Og ei ny samling blir i mars -24.

## Diakoniutvalet

har også dette året bestått av Cecilie Frantsen Skeide frå soknerådet og Mari Ann Vattøy diakonvikar. Vi har jobba godt ilag, og funne ut at å få folk inn for å hjelpe til på dei ulike arrangementa vi har hatt, har fugert bra. Sidan to i utvalget gjekk ut før soknerådsperioda var over, har vi valgt å fortsette berre oss to, fordi vi har sett at det har vore enklare å knytte til seg folk til ulike prosjekt enn å få nokon inn fast. Det har vist seg å fungere godt, men det krevst sjølvstøtt at vi to har jobba godt ilag. Så får vi sjå kva nytt sokneråd og delt diakonstilling fører med seg det komande året.

Mari Ann Vattøy har jobba 100% heile 2023, og Karine Sæter begynte på igjen 50% som diakon og 20% byggeklossen på hausten 2023. Samarbeidet på tvers i staben fungerer fint. Vi har også i år fått hjelpe til i enkelte trusopplæringsprosjekt, som Kode B og Tårnagent. Diakon har også tatt del på konfirmantleirane både vinter og sommer. Mari Ann har også fått avhjelpe prestane med enkelte oppgaver på hausten 23.



Kveldsmat for flyktningar



Den ukrainske korgruppa Barvii er ofte å sjå i samanheng med gudstenesteliv og kulturliv i Ulstein og omegn.

## Byggeklossen open barnehage

Hausten 2022 fekk Byggeklossen seg eit oppsving under leiing av Tomine Sævik Voldsund og Karine Sæter, med god hjelp frå Ruben Voldsund til å lage ny logo og promoteringsmateriell.

Året 2023 har halde fram med gode oppmøtetar. Det er i gjennomsnitt litt over 13 barn og ei tilsvarande mengde vaksne kvar gong. Karine Sæter har tatt over ansvar fast på Byggeklossen. Vi byrja med å ha babysong kvar veke, framleis med Kari Aske Osnes.

Det er stor utskifting i kva barnegruppe som er på Byggeklossen. Ein sesong er det flest eittåringar, ein annan sesong er det litt eldre barn og så kan det plutselig vere ein sesong med mange babyar. Det er også fleire frå asylmottaket som brukar tilbodet, og dei seier at det betyr mykje for dei. Grunnane for utskifting av kven som er der er oftast barnehagestart, overgang til at pappa er heime med barnet eller flytting til ny kommune (flyktningane). Vi ser heldigvis at fleire og fleire fedre også tek turen til open barnehage, og det er vi veldig glade for.

Sommaren 2023 takka vi av vår gode frivillige Mirzeta etter mange år i teneste. Tusen takk for truskapen din og alt du har bidrege med!



Ny logo gjer promoteringsmateriell lettare å kjenne att.



Mirzeta Mulac



Maling er populært for store og små på Byggeklossen



# PRESTETENESTA I ULSTEIN KYRKJE

*Prestetenesta har sitt fundament i kyrkja si tenesteordning der presten på vegne av kyrkjelyden er utpeika til å ha eit særskilt oppdrag i ansvaret med å forkynne og forvalte sakramenta, drive sjelesorg, undervise og gjennom samhandling med kyrkjelege tilsette og frivillige bidra til å vekke om nære det kristne livet. Tenesta står under biskopens tilsyn via prosten, slik at den vert driven forsvarleg etter gjeldande regelverk. Gudstenester, kyrkjelege handlingar, andakter, soknebod, sjelesorg og undervisning er våre oppgåver.*

Gudstenesta er kyrkjas si hovudsamling og sentrum som gjev næring og styrke til å stå i liv, arbeid og teneste. Prestane administrer eit stort frivilligkorps ilag med kantor og klokkar, og mange hundre medverkar som frivillig gjennom året. Gudstenesta er snart einaste intergenerasjonelle møtestaden der vi på tvers av skilnader i alder, sosial status, meiningar og erfaringar kan samlast likeverdige til eit møte med Gud, kvarandre og oss sjølv. Slike møter er transformerande, styrkar trua og framkallar oss som menneske. Bibelens fortellingar, fellesskap og sakrament utfordrar, oppmuntrer og utruer. Individualismen freistar oss til å tenke at trusliv er noko vi gjer privat og åleine, dette har ingen rot verken i Bibelen og kyrkjas tradisjon. Tru treng fellesskap for å ikkje fare på vilt og ekstreme vegar, difor arbeider vi målretta med fellesskap og er takksmane for alle som deltek.

## Gudsteneste på TV og radio

Våren 2023 fekk vi spørsmål frå NRK om vi kunne tenke oss å vere med som ein av stall- kyrkjelydane til NRK som i løpet av 1.5 år har 8 direkte overførte gudstenester i NRK radio og TV. Grunngevinga var prestar med gode formidlingsevner, og eit mangfaldig og levande gudstenesteliv. Det er verkeleg ei flott anerkjenning for arbeidet vi har bygt opp over tid, og etter ei runde i stab og sokneråd, takka vi ja til utfordringa med ein blanding av frykt og frimod. NRK installerte teknisk utstyr i kyrkja i løpet av september, og vi hadde våre to fyrste gudstenester i november og desember. Dei 7 andre gudstenestene skjer vår og haust 24. Soknerådet ville vi skulle synleggjere mangfaldet vårt både med ulike typar gudstenester og ha medverkand av alle aldersgrupper, difor har vi lagt opp eit vanleg årsjul der band, kor, og ulike musikkstilar, samt mangfaldet med barn, familie, ungdom og meir ordinære gudstenester kjem til uttrykk. Vi har fått god presisjon på overgangar og logistikk, og lærer mykje av å øve oss på å ha detaljert regi og god førebuing. Gudstenestelivet er nerven i det å vere ei kyrkje og kjernen i arbeidet vårt, så vi er glade for å lære meir om dette.



Sokneprest Margit Lovise Holte



Skjermdump frå NRK TV

Sjå gudsteneste frå Ulstein kyrkje i NRK TV her





Mange hjerter smelta på Valentinsdagen

### Valentinsdagbryllaup

Valentindagsbryllaup var Ulstein sitt svar på ein drop- in kampanje som kyrkja sentralt hadde for å imøtekome alle som hadde utsett dåp og vielsar i koronapandemien. Vi prøvde det mest for gøy, og erfarte at responsen var overveldande. 7 par via seg på Valentinsdagen 14. februar 23, og vi lærte at dette var eit behov som vi ikkje visste om. Ringstad blomster pynta kyrkja vederlagsfritt, diakonen song solo etter brudepara sine ønske og laga enkel kyrkje- sjampis etterpå, og kyrkjelydspedagogen tok bryllaups-bilder av brudepara.

Det var stor variasjon i brudeparar frå kvit kjole- brud, til jeans og joggesko. Det var mest småbarnsforeldre som via seg, og dei gav uttrykk for at dei lenge hadde ønska dette å gifte seg i ei enkel, men vakker ramme. Eitt av para sa ja til å kome på TV2 nyheitene.



### Bøne- og lovsongskveldar i Ulstein kyrkje 2023

I 2023 har det vorte arrangert åtte Bøne- og lovsongskveldar i Ulstein kyrkje (9. januar, 13. februar, 13. mars, 9. mai, 12. juni, 11. september, 16. oktober og 13. november) med mellom 10 og 20 tilstades. Ønsket vårt for desse kveldane er eit fellesskap i Ulstein kyrkje kring lovsong og bøn, og at dette kan vere ein stad å søke Gud gjennom lovsong, bøn og i stilla, og der vi kan legge frå oss kvar dagen og det som tynger og finne ro i Guds nærvær. Under bøne- og lovsongskvelden har vi to bolkar med lovsong og ei bønemandring med ulike stasjonar i kyrkjerommet midt i. Oftast har vi ein refleksjon enten innleiingsvis eller i forkant av bønemandringa. Samlingane har vart ein time (20:30-21:30) med invitasjon til å kome 20:15 for ein kopp te eller berre å lande i benken. Ingrid Nerhoel leiar lovsongen på ein trygg og god måte. Stein-Ove Thunem frå lovsongsbandet ved Bibelsenteret steppa inn i samlinga i mars då Ingrid ikkje kunne vere med. I samlingane har vi brukt å ha eit tema som speglar songvalg, bibeltekst og refleksjon. Nokon av tema vi har hatt i 2023 har vore «Nærvær», «Glede», «Nåde» og «Gud gjer alt nytt».

Vi som har tatt initiativ og ansvar for bøne- og lovsongskveldane er ei bønegruppe som starta opp i februar 2018. Bønegruppa består av Mali Åm, Susan Kaul, Karianne Sveen Orvik og Birgit Kjoss Lyngje. Det er fjerde året bønegruppa har arrangert bøne- og lovsongskveldar i Ulstein kyrkje.

Birgit Kjoss Lyngje, 25. februar 2024





## **Prestetenesta i praksis**

Kasualia gjer at prestar si kontaktflate er breitt ut blant folket. Vi har stor oppslutnad på dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Det gjer at ofte i løpet av ei veke møter vi heile livsspekteret frå vogge til grav, og er i løpet av eit år i berøring med svært mange menneske. Det er ei glede og eit privilegium å få vere livsvitne og medvandrarar på ein slik måte.

Folkekyrkja står sterkt i Ulstein. Det viser tal, haldningar og levd trusliv. Den skjulte trua lever i høgste velgåande, og mange er oppteken av å bringe dei kristne verdiane nestekjærleik og menneskeverd vidare i generasjonar. Måtte vi klare å bygge tersklar ned slik at fleir finn vegen til samlingar og gudstenester som nærer tru og fellesskap. Vi treng lære ilag kva det vil seie å vere kyrkje i vår tid, og vi ønsker alle gode krefter velkomne.

Individualismen og forbruksmetaliteten i vår sekulære tidsalder hevdar vi greier oss åleine. Slik kan vi kome i skade for å misbruke livets gåver og menneske til vår eigen fordel. Materialismen er den største utfordraren, sa til og med Meisteren sjølv, og mennesket lever ikkje berre av brød. Skilnader er veksande i lokalsamfunnet vårt og vi møter mange som kjenner på utanforskap og marginalisering. Vårt tids praktiske og eksistensielle einsemd er eit folkehelseproblem. Alle møtestadar i kyrkja er opne og utan inntakskrav, men for mange kan fysiske og psykiske utfordringar skape hindringar. Prestetenesta ønsker vise gjestfriheit og kjærleik til alle menneske, og medmenneskelegheit er grunnpilaren i eit tenande leiarskap. Saman med diakonitenesta held vi andkater på sjukehiemar, driv sjelesorg og besøker vi einsame, sjuke og sorgande. Det utgjer ein skilnad for livskvaliteten og vi vonar menneske kan gjenkjenne Guds kjærleik og forvandlande nåde gjennom slike møte.

## **Born og unge**

Born og unge er notida og framtida sin skatt. Vi samhandlar om trusopplæring og konfirmantarbeid, og har stor glede i det mangfaldige og blomstrande kyrkjelydsarbeidet vårt og som vi driv ilag med andre organisasjonar. Slike fellesskap på tvers av årskull, utan konkurranse og openheit for alle er av uvurderleg verdi: Det er strekt å sjå kor mange unge som faldar seg ut og finn ut av talenta sine i livet. Ein ungdom som finn fellesskap, eigenverd og retning, sparar samfunnet for millionar i framtidige tiltak. Vi er glad for alle trygge vaksne som er frivillige leiarar i kor, speidar, Ten Sing og Krik. Ifjor la vi om konfirmantopplegget slik at prestane er deltakande i undervisninga gjennom heile året, det styrker teamet og vi vert betre kjende med konfirmantane.

## **Livets utgang**

Det er ein kunst å leve, og det er eit stykke livsarbeid å sleppe livet for å døy. Mange som får ei alvorleg diagnose med dødeleg utgang, ber prestar inn som reisefølge i siste delen av livsetappa. Under vår strenge teieplikt har vi sterke møtepunkt der menneske i lys av livets utgang kan fortelle livet sitt, og forsone seg med det som vart og det som ikkje vert. Slik finn mange kraft til å leve si siste tid slik dei ønsker, opnar for at familien kan ta farvel, uttrykke kjærleik og finne forsoning, for så å la den som skal døy gå ut av vår tid i fred. Desse prosessane er tillit vi verdset og takkar for, og vi bær alle desse som skattar i vårt indre og i bøn fram for livets Gud.

## **Saman på ferda**

Team-kulturen er gullet i Ulstein kyrkje. Gjennom åra har vi opparbeidd oss ein kultur med samhandling på tvers av kyrkjefagelge skiljer. Den består av fagleg og praktisk refleksjon, og ein arbeidskultur der vi samhandler og støtter kvarandre. Det gjer at kvar grein av arbeidet heng ihop med andre. Arbeidspresset og aktivitetsnivået er høgt, noko som er utfordrande, særleg då lokalitetane er til hinder og under einkvar kritikk. Vi har meining og gled ei tenesta og ser fram til vidare samarbeid med soknerådet om korleis fleire frivillige kan ta heilskapleg ansvar, og fange opp initiativ som bygger relasjon og tilhørigheit til kyrkja. Alle velkomne til å vere med « Saman på ferda».



Kapellan Mirjam Håland Igland

**Bilde av  
konfirmant**

**dåpsbilde**

**SPOR av Gud**







### **DRYPP ungdomsgudsteneste**

Våren 2023 hadde vi to DRYPP-ungdomsgudstenester. Disse gudstenestene er det ungdomar sjølv som er med på å lage, i ramma av ein DRYPP-liturgi. Dei bestemmer tema og songar vi skal synge. Ungdom deltek som møteleiarar, forsongarar, delar bibelvers og spelar i band. DRYPP-ungdomsgudsteneste er eit godt samlingspunkt for ungdom og det er også ein del konfirmantar som kjem på desse. DRYPP-ungdomsgudsteneste er noko vi ynskjer å halde fram med, og i desember 2023 vart det laga ny komite bestående av fire ungdomar og prest Mirjam. Denne er no godt i gang for 2024.

### **Barnas kyrkje og søndagsskolen**

Vi ynskjer at det skal vere godt for barnefamiljar i kyrkjelyden vår å kome til kyrkja. Difor har vi forsøkt å lage ei oversikt over kva for søndagar som er tilrettelagt for barn. Denne oversikta har vi printa ut på A5-ark og kalla «Barnas kyrkje».

Vi har familiegudsteneste om lag ein gong i månaden, og søndagsskule er ofte to gongar i månaden – på Hasund bedehus og på Fredheim. Vi er takksame for dei frivillege som legg til rette for at born kan kome til søndagsskule og høyre bibelforteljingar, og få oppleve det kjekke og oppbyggjande ved det kristne fellesskapet.



### **Kveldsmøte for unge vaksne**

Hausten 2022 starta vi med kveldsmøte for unge vaksne, og det har vi halde fram med gjennom 2023. Det har vore seks kveldsmøter i løpet av året. Dette har vore eit fint møtepunkt for unge vaksne i alderen 25-45 år i kyrkjelyden vår. Før møtet er det ein uformell kveldsmat bakerst i kyrkja, og sjølvve møtet består av lovsong, andakt og bøn.

### **Alive**

Kvart år deltek vi på ALIVE-ungdomsfestival, siste helga i oktober. Det er tradisjon med nattverd i kyrkja på laurdagskvelden, og kyrkjelyden blei invitert til tverrkyrkjeleg møte på Sjøborg denne helga. Mirjam Håland Igland er med i planlegginga av festivalen, og det er mange ungdomar frå kyrkjelyden som er involverte. Nokre som deltakarar, andre engasjert med ulike oppgåver.





# UNDERVISNING, BARN OG UNGDOM

*Ulstein kyrkje ønskjer å stå saman med familieane i løftet om å la barna få vekse opp i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.*



Aktivitetsskveld med KRIK og Ten Sing

**ledig plass  
til QR?**



## Tilbod på ulike alderstrinn:

- 0 år: Dåpssamtale, Byggekllossen, babysong
- 2 år: Samling med song, utdeling av spisebrikke og lunsj.
- 4 år: Gudsteneste med utdeling av "Mi kyrkjebok"
- 5 år: "Sauen som blei borte"
- 6 år: Dåpsskulen

- 1. kl.: Skapt (ute i krinsane)
- 3. kl.: Tårnagent i kyrkja
- 5. kl.: Bibelutdeling / Kode B
- 6. kl.: Adventsnatt i kyrkja
- 7. kl.: Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing
- 9. kl.: Konfirmantundervisning

15-18 år:

DRYPP-ungdomsgudsteneste  
MILK-kurs  
Ungdomsleiarhelg  
Leiartrening på leir  
Alive-festival  
Ulike tilbud i samarbeid med ungdomsorganisasjonar

## Adventsnatt i kyrkja

Adventsnatt i kyrkja er ikkje eit nytt tiltak, men eit døme på eit tiltak der vi har gjort små endringar. Dette tiltaket var tidlegare kjent som «Lys Vaken», eit tiltak som er utvikla og sendt ut frå Den norske kyrkja sentralt. Ulstein sokn har brukt delar av dette ressursmaterialet, endra det undervegs, og lagt til egne element for at det skal fungere i vårt kyrkjebygg. Til Adventsnatt i kyrkja inviterer vi 6. klassingar til eit døgn i kyrkja, med aktivitetar, mat, leik og overnatting. Døgnet avsluttast med deltaking på gudsteneste første søndag i advent.



Adventsnatt i kyrkja

## Trusopplæringa i Ulstein sokn

Det som peikar seg ut på trusopplæringsfeltet i 2023 var innføringa av to nye arrangement. I juni gjennomførte Ulstein sokn for første gong Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing for 7.-klassingar.

Som eit ledd i arbeidet med å rekruttere og ta vare på ungdomsleiarane våre vart det i november arrangert Ungdomsleiarhelg, med vekt på å bygge fellesskap og jobbe mot eit felles mål.

## Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing

Eitt av to nye trusopplæringstiltak i 2023 var Aktivitetskveld for 7.-klassingar i samarbeid KRIK og Ten Sing. Overgangen frå borneskule til ungdomsskule kan vere utfordrande. Aktivitetskvelden er tenkt som eit tiltak for å hjelpe på dette. Tanken er å samle 7. klassingar frå heile Ulstein kommune til ei samling der dei kan bli litt kjent med kvarandre, og i tillegg få presentert KRIK og Ten Sing som to gode fritidsaktivitetar som ungdommane kan bli med på når dei startar på ungdomsskulen. Aktivitetskvelden er lagt til juni, slik at dei har det relativt friskt i minne ved skulestart etter sommarferien. Det vart ein vellukka kveld med mange ungdommar, og vi tenker at dette blir eit fast årleg tiltak.



Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing



*Konfirmanttida i Ulstein byr på leir, gudsteneste, diskusjon, undervisning, bibel, bøn, lystenning, leik, fellesskap, gode opplevingar ... og mykje meir!*





## Konfirmasjon

Andre helga i september 2023 var det til saman fire festgudstenester i Ulstein kyrkje, der i alt 78 ungdommar vart konfirmert. Ulstein sokn har eit stabilt deltakartal på konfirmasjon over mange år, og ligg markant høgare enn landsgjennomsnittet for Den norske kyrkja. Å reise på konfirmantleir er eit høgdepunkt i konfirmantåret. På førre side finn den ivrige lesar ein del bilete frå konfirmantleir. Alle konfirmantar deltar på leir i 5 dagar, og mykje av undervisninga foregår der.

## MILK

Å kurse ungdommar til å bli leiarar på konfirmantleir og i anna ungdomsarbeid er viktig. I så måte er Minileiarkurs (MiLK) for 10-klassekullet viktig. Det er gledeleg at så mange som 12 ungdommar vart med på MiLK hausten 2023. Desse ungdommane blir viktige leiarar i konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet i åra framover.

## Kontakt med barnehagar og skular

Vi er glade for dei faste årlege samarbeidspunkta vi har med barnehagar og skular i Ulstein kommune, og som vart vidareført i 2023. Andreklassingane frå skulane og barnehagane kom til kyrkja for å lære om påska gjennom å delta i påskevandring. Vi gjennomførte som vanleg skulegudstenester og barnehagegudstenester i desember. Det er kjekt at barnehageborna lagar pynt som blir hengande under galleriet i advents- og juletida. I haustsemesteret fekk alle femteklassar besøk av kateket i ein KRLE-time, med eit undervisningsopplegg om Bibelen.



Utan ungdomsleiarane våre hadde vi ikkje kunne gjennomført konfirmantleir så suksessfullt. Tusen takk!



Påskevandring med barnehagane



Lysmesse

**ledig plass  
til QR?**

Alder	Trusopplæringstilbod	Oppslutnad i %					Snitt i %
		2019	2022	2021	2022	2023	2019-2023
0	Babysong	77	48	41	51	76	54
0	Dåpssamtale	108	95	93	116	91	103
2	Songsamling med lunsj og utdeling av spisebrikke	43	97*	32	28	34	50
4	Undretur i kyrkja og gudsteneste/utdeling av bok	88	95*	95*	66	71	86
5	Sauane som vart atffunnen leik og forteljing	25	-	-	38	43	32
6	Dåpskule. 5 samlingar, 2 gudstenester	57	43	-	42	42	47
7	1. klasse Skapt	71	61	70	63	-	66
7	2. klasse Nytt liv + hausttakkefest i kyrkja	40	69	61	50	-	55
9	3. klasse Tårnagent + gudsteneste	64	-	71	75	49	70
10	5. klasse Kode B	33	43	49	50	38	44
11	6. klasse LysVaken + gudsteneste	47	-	40	48	31	45
13	Endeleg ungdom	-	-	-	-	20	20
15	Konfirmasjon	91	94	95	94	88	94
	<b>Totalsum</b>	<b>62,00 %</b>	<b>71,67 %</b>	<b>64,70 %</b>	<b>59,92</b>	<b>53,00</b>	<b>62,13 %</b>

### Torsdagskveld på Fredheim i 2023

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Komitéen har i 2023 bestått av Ole Martin Grevstad for Ulstein KFUK/KFUM, Cecilie Frantsen Skeide og Inge Kaldhol for Ulstein NMS, sokneprest Margit Lovise Holte og kateket Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

I vårsemesteret 2023 vart det arrangert 2 temakvelder:

16. februar: «Etter demenskoret: Songen og musikken, ei forvandlande kraft» v/ Øystein Bjørdal. 42 framømte.

20. april: Religionspsykologisk foredrag om korleis vi skaper våre gudsbilde. Barnevernspedagog og familieterapeut Gry Anita Grønmyr Jonberg ved Ulstein helsestasjon presenterte tilknytningsteori, og Margit Lovise Holte delte kunnskap om korleis denne teorien vert brukt for å forstå og forske på korleis vi former våre gudsbilde.

I haustsemesteret 2023 vart det arrangert 4 temakvelder:

14. september: Temakveld v/ Ulstein NMS. Om Ulstein sokn sitt misjonsprosjekt i Midt-Austen, ved Jostein Solbakken. Framømte: 25 personar.

05. okt: Songkveld med SUFH. Oppømte: ca. 100.

26. okt: LE DEL SE. Tema v/ Ole Martin Grevstad og Kristian Steinsvik. Oppømte: 40.

16. nov: Kunstig intelligens. Tema v/ Sveinar Kleive og Berge Myrene. Oppømte: 60.

For komitéen  
Bjørn Losvik



# KYRKJEMUSIKK I ULSTEIN KYRKJE

*Eg spelte på fløyte – Ulstein kyrkje sin eigen musikkteater - blei urframført på fullsett Sjøborg kulturhus 18. mars. Michelle Öhman starta som kantor 1. august. Det blei mange musikalske høgdepunkt i Ulstein kyrkje.*

Musikken og kulturen engasjerer bredt gjennom det kyrkjemusikalske arbeid. Våren 2023 var vi utan fast kantor, men vi var ikkje utan gode musikalsk støtte i arbeidet vårt. Ein stor takk til alle som hjalp til i denne tida: Nypensjonist Ståle Helvig spela på mange gudstenester, mange andakt og dei fleste gravferd våren. Oddgeir Nygjerde var hyra inn som pianist for Korklubben og Tween Sing og på mange andakt. Ingrid Nerhoel, Ingfrid Grimstad, Andreas Lunde, Andres Sæbø spela til nokre gudstenester. Stor takk til alle saman!

## Eg spelte på fløyte

Utan stor frivillig innsats hadde heller ikkje kyrkjebakkespelet / musikkteateret «Eg spelte på fløyte» blitt noko av. Frivillige skodespelarar brukte mange ettermiddagar og laurdagar med å få replikkane / songane til å sitte sceneklar. Dagfinn Olav Bye som regissør klarte på meisterleg vis å få dei involverte levere to framsyningar som skapte engasjement og fekk fram viktige teologiske og samfunnsspørsmål som både var av ei gamal tid, men også mykje aktuelt i dag. Ideen om spelet har blitt jobba med i ca. 15 år, men først i 2019 med framlegg av eit tekstmanus av Jan Ove Ulstein og musikken, skrive av Henning Sommerro, blei det meir konkret. Framsyninga var planlagt i 2021, men grunna Corona måtte dette utsetjast. I musikkteateret blei teaterframsyninga og filmsekvensar, laga av Per Eide, kombinert og skapte ein heilt eigen setting for stykket. Ståle Helvig var kapellmeister for eit flott band og korsong frå Cor Sonus. Amatørskodespelarar som briljerte med både song og nydeleg framførte replikkar. Urframsyninga var 19. mars, reprise vart under Smak av Ulstein 11. juni.

Å kunne skape eit kulturelt høgdepunkt i lokalsamfunnet som kyrkjelyd er eit privilegium. Vi er veldig glade for interessa publikumet har vist, og vi vil rette ein stor takk til alle som har bidratt som engasjerte skodespelarar i film og på scena, for nydeleg framført song og musikk, historiske bilde som kulisser, rekvisiter, båt, hest og kjerre og alt det andre praktiske som skulle til. Og vi vil takke Musikkfondene, Sparebanken Møre, Ulstein Group og Møre bispedømeråd for økonomisk stønad som var avgjerande for å kunne gjennomføre prosjektet.



1. Henning Sommerro skreiv musikken til spelet, Jan Ove Ulstein skreiv manuset, og Dagfinn Olav Bye hadde regien.

2. Øyvind Havåg og Aurora Bjerkvik spelte det unge paret Torfinn og Hulda

3. Gerd Vik Flø og Kristin Sundgot Ottesen spelte Olina og Oluffa. Alle foto: Ole-Ottar Høgstavoll / Vikebladet Vestposten

Sjå opptak frå generalprøve av Kyrkjebakkenspelet her:





## Ny kantor

Til stor glede av kyrkjelyden starta Michelle Öhman som kantor i Ulstein kyrkje 1. august. Ho starta med orgelundervisning med 2 elevar og vi fekk også stønad frå Kirkerådet for å kunne satse på ei orgelskule i Ulstein i samarbeid med Ulstein kulturskule. Med ein kantor frå Sverige kunne vi gladeleg starta noko nytt med ei flott morgonandakt med Luciafeiring 13. desember.

## Kyrkjemusikalsk utval

Kyrkjemusikalsk utval har kome godt i gang. Desse sitt i utvalet:

Jette Hougaard Holstad, Andreas Lunde, Kamilla Grimstad Hagen, Tomine Sævik Voldsund, Michelle Öhman og Gunn Marthe Pieroth (frå 2024 av)

## Konsert- og musikkarbeid gjennom året

- 29.01. Kveldsmøte
- 13.02. Bøne- og lovsongskveld
- 26.02. Kveldsmøte
- 03.03. Bøne- og lovsongskveld
- 10.03. Kyrkjebakkespelet
- 17.03. Kveldsmøte
- 24.03. Kveldsmøte
- 31.03. Bøne- og lovsongskveld
- 07.04. Konsert med Ulstein mannskor
- 14.04. Reprise Kyrkjebakkespelet
- 21.04. Bøne- og lovsongskveld
- 28.04. Kveldsmøte
- 05.05. Bøne- og lovsongskveld
- 12.05. Kveldsmøte
- 19.05. Bøne- og lovsongskveld
- 26.05. Kveldsmøte
- 02.06. Bøne- og lovsongskveld
- 09.06. Allhelgenskonsert med Jazz & Koral og Vox Virorum
- 16.06. Konsert med Musiklaget ULF og Barvi
- 23.06. Kveldsmøte
- 30.06. Bøne- og lovsongskveld
- 07.07. Kulturskulekonsert
- 14.07. Adventskonsert med Søre Sunnmøre ungdomssymfoniorkester og Volda Vokal
- 21.07. Musikandakt - Luciamorgon
- 28.07. Sjung jula in – Con Moto
- 04.08. Julenattine

## Musikalsk deltaking

Dei tradisjonelle eigne konsert blei også gjennomført. Jazz & Koral fekk med seg Vox Virorum i år og Julenattineen blei den store hendinga igjen rett før jul.

Kveldsmøte for unge vaksne og Bøne- og lovsongskveld har blitt faste musikkandakter i Ulstein kyrkje ein gong i månaden og her er det frivillige musikalske kreftar som står for musikalske uttrykk som gir kyrkjemusikken ein større bredde. Korklubben, Tween Sing og Ten Sing hadde også i 2023 sine faste plassar i gudstenestelivet. Mange solistar og instrumentalistar deltok i musikken i gudstenesta i Ulstein kyrkje.

## Korklubben og Tween Sing

Korklubben, Tween Sing og Ten Sing hadde også i 2023 sine faste plassar i gudstenestelivet. Mange solistar og instrumentalistar deltok i musikken i gudstenesta i Ulstein kyrkje og vi er glade for at så mange ønskjer å engasjere seg. Sjå meir om Ten Sing i neste kapittel.

### Korklubben og Tween Sing, nokre høgdepunkt

05.02. Gudsteneste	Korklubben
19.03. Gudsteneste	Begge kora
11.06. Opptreden på Ulsteinmessa	Begge kora
12.06. Gudsteneste på Kjeldsund	Tween Sing
20.08. Gudstjeneste i Ulstein kyrkje	Begge kora
17.09 Gudstjeneste	Korklubben
01.10 Gudstjeneste	Tween Sing
03.12 Gudstjeneste	Tween Sing
17.12 Gudstjeneste NRK	Tween Sing
24.12 Gudstjeneste Julafton	Korklubben

### Leiarar for kora

#### Korklubben

Oddgeir Nygjerde og  
Bente Anita Pilskog

#### Tween Sing

Våren:  
Oddgeir Nygjerde og  
Anne Marie Sødal

Frå hausten:

Michelle Öhman, Kamilla Grimstad  
Hagen og Line Aksnes

Styret, som er felles for begge kora, har vore samansett slik fram til årsmøte i september 2023:

Kari Kalvatn Edinsen – styreleiar

Hilde Kalvatn Eidem- styremedlem

Lisa Brekke – styremedlem

Veronica L. Jensen – styremedlem

Oddgeir Nygjerde - Kasserar, men ikkje medlem i styret

Nytt styre vart valt 25. september 2023:

Oda Jonette Hofset - styreleiar

Janne Aschehoug - styremedlem

Kamilla Grimstad Hagen – styremedlem, representant for Ulstein KM

Pianist: Oddgeir Nygjerde

Dirigent: Bente Anita Sæter Pilskog

### Kora har teke del ved desse arrangementa

05.02. Gudsteneste	Korklubben
19.03. Gudsteneste	Begge kora
11.06. Opptreden på Ulsteinmessa	Begge kora
12.06. Gudsteneste på Kjeldsund	Tween Sing
20.08. Gudstjeneste i Ulstein kyrkje	Begge kora
17.09 Gudstjeneste	Korklubben
01.10 Gudstjeneste	Tween Sing
03.12 Gudstjeneste	Tween Sing
17.12 Gudstjeneste NRK	Tween Sing
24.12 Gudstjeneste Julafton	Korklubben

Tween Sing har hatt øving annakvar torsdag på Fredheim og hadde 16 betalande medlemmar 2023.

Korklubben har hatt øving annakvar måndag på Fredheim, og hadde 20 betalande medlemmar 2023.

Det er ein fin gjeng som er med i koret, men utfordringa er heile vegen å nå ut til nye som vil vere med, og særleg gitar.





Korklubben under Ulsteinmessa 2023. Foto: Svein Arne Orvik



Tween Sing under Ulsteinmessa 2023. Foto: Svein Arne Orvik



# SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMS-ORGANISASJONANE

**Følgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:**

## **Ulstein KFUK-KFUM**

Leiar: Arnt Ole Grimstad

## **Ulstein Ten Sing**

Leiar: Ruben Voldsund

## **Ulstein KFUK-KFUM speidarar**

Leiar: Christfried Kaul

## **KRIK Ulstein**

Leiar: Øyvind Erdal Christiansen

## **NMSU Kontakt:**

Brita Petrin Kvalsvik

## **Ulsteinvik søndagsskule**

Leiar: Kamilla Grimstad Hagen

## **Hasund søndagsskule**

Leiar: Margit Sundgot Aarland

## **Ulstein KFUK-KFUM speidarar**

Gruppeleiar: Christfried Kaul

Styret: Hanne-Marte Grimstad Sukka, Torstein Vattøy, Tord Aksnes, Johannes Kaul

I Ulsteinspeidarane er det følgjande gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (11. klasse - 25 år). Ved utgangen av året hadde vi hatt 226 betalande medlem inkl. leiarar. Dette vitnar om ein stor og aktiv tropp!

Dei 13 patruljene har møte om lag annankvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange patruljer har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og naturkunnskap, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe. Det er framleis mange stifinnarar og her trengs det litt foreldrehjelp, slik at ein kan dele dei opp i mindre grupper under patruljesamlingar. Høgdepunkta er overnattingsturane, men også Fredheimstombola og ikkje minst speidargudsteneste på hausten er ein viktig del av speidaråret

## **KRIK Ulsteinvik**

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med 2 ulike aktivitetsgrupper og omlag 170 betalande medlemar, men dette inkluderer også familimedlemar og støtte-medlemar.

Ung/VGs-KRIK: Kvar fredag. 20 i snitt pr samling.

Mini-KRIK: Samlingar er kvar måndag. Snitt 30 stk.

Det har også vore arrangert den årlege KRIK- gudstenesta, samt hyttetur.

## **Søndagsskule**

Søndagsskulane har samlingar annankvar veke på Fredheim og på Sundgot bedehus. Søndagsskulen på Sundgot har fått seg ein oppsving på hausten 2023

I Ulsteinvik er søndagsskulen med i kyrkja i starten av gudstenesta så å gå til Fredheim før tekstlesingane. I Ulsteinvik er det også tårnagentklubb for dei over 8 år.

[På samlingane i Hasund søndagsskule var det i snitt ... barn, på samlingane i Ulstein søndagsskule var det i snitt ... barn](#)

## Ulstein Ten Sing 2023

Ansvarleg vaksenleiar:	Ruben Voldsund
Vaksenleiar:	Andreas Sæbø, Kari-Janne Ljones Kulø, Reidar Kulø, Gunhild Snipsøyr, Hildegunn Valen Kleive, Jan Einar Roos, Ingvild Roos
Styreleiar:	Andreas Sundgot (vår), Martha Giil Vågeskar (frå hausten)
Økonomileiar:	Oddgeir Nygjerde
Danseleiar:	Aurora Bjerkvik (vår), Jenny Nygjerde og Linea Ulstein Voldsund (haust)
Filmleiar:	Martyna Bender, Hedda Ljones Kulø (vår), Eivind Bjåstad Hovlid (haust)
Dirigent:	Marthe Sandvik Skeide (vår), Sofie Aksnes og Ovidie Barstad Nerbø (haust)
Bandleiar:	Ane Øvrelied Solås (vår), Sveinung Bjørnson Snipsøyr (haust)
Øvrige styremedlemmar:	-Andreas Sæter (vara), Lucian Bolduan, Martha Giil Vågeskar (vår) -Osvald Nygjerde (vara), Andreas Sæter, Louise Kaul, Ingeborg Høydal, Sjur Ljones Kulø (haust)

### Akvitetar

Hausten 2023 vedtok styret for første gong på femten år å endre øvingstidene. Ulstein Ten Sing har hatt alltid hatt øving på Fredheim fast kvar onsdag mellom 19.00-21.30, og desse rammene vedtok styret at ein skulle halde fram med. Det som derimot vart endra var tidspunkt for kvar ein skild aktivitet. Frå september 2023 tek samlingane til med ein halvtime felles leik, ein halvtime korøving, ein halvtime pause med info og andakt, ein ny halvtime med korøving før vi avsluttar samlinga med å syngje velsigninga saman. Sistnemnde er ein årelang tradisjon. Dermed vert den siste halvtimen kvar onsdag sett av til sosialt - det vere seg prat, spel, dansing og alt i mellom. Ein gong i månaden har vi også hatt gruppeøving. Her kan ein velje å jobbe fram prosjekt i anten dans, film, drama eller leik. Det som vert produsert i desse gruppene vert framført ved ulike høve. Desse onsdagane har vi også avslutning i kyrkja der vi får eit ord for kvelden, og gjerne ei lita bønnevandring.

Det har vore mange høgdepunkt i 2023. Vi har delteke på DRYPP-ungdomsgudsteneste, vore på Vintertreff på Larsnes, framført på speidarane sitt landsting, delteke på Ulsteinmessa, og arrangert aktivitetsskveld for 7.klassingar i lag med KRIK og Ulstein sokn for å rekruttere nye medlem. I mai var vi også svært sentrale i oppstart av Herøy Ten Sing, som fekk godt frammøte og ein god start. Av høgdepunkt på hausten må vi nemne Gospel Night - eit arrangement vi har stått for i nesten tjuve år. Hit kom dei andre Ten Sing-gruppene i krinsen, og kyrkja var atter ein gong full av tilskodarar. Vi har igjen delteke på Fredheimbasaren, og som ved alle andre år har vi avslutta året på vår måte med eit ordentleg juleball.

### Vurdering av arbeidet

Etter sommaravslutninga i 2023 gjekk mange ut av Ten Sing på grunn av flytting og vidare studier. Til tross for at vi då mista mange medlemmar kom det enda fleire nye på hausten. Ulstein Ten Sing er i ei særstilling i Ten Sing-Norge. Vi er framleis ei av det største Ten Sing-gruppene i landet. Vi er ikkje redde for å satse nytt, kjøpe nødvendig utstyr eller finne på nye prosjekt. I 2023 har vi mellom anna oppgradert bandutstyret ytterlegare slik at vi i dag har eit bandrom med alt av utstyr som trengs for å spele i band. Ingen treng å stille med noko personleg utstyr, noko som vil kunne inkludere enda fleire til aktiviteten.

Innføring av ein sosial halvtime på slutten av kvar samling er med på å bygge eit godt fellesskap. Ulstein Ten Sing skal alltid vere ein trygg møteplass der alle vert sett, der alle har ei stemme, og der ein kan få uttrykke seg kreativt.

Betalande medlemmar per 31.12.23: 56

Styreleiar Martha Giil Vågeskar  
Vaksenleiar: Andreas Sæbø  
Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Ten Sing under Ulsteinmessa 2023. Foto: Svein Arne Orvik



# ULSTEIN SOKNERÅD

*Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert vald på nytt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrkjelege fellesråd, som har ansvaret for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Ulstein kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.*

## Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd 2019-2023

### Medlemar:

1. Odd Arne Vikebakk (leiar)
2. Annelise Kleven Godø (nestleiar)
3. Karianne Sveen Orvik
4. Hannelore Måseide
5. Bodil Muren Voldsund
6. Lidbjørn Vattøy
7. Karete Malen Nettet
8. Cecilie Frantzen Skeide
9. Sokneprest Margit Lovise Holte (geistleg representant)

### Varamedlemar:

1. André Sæter
2. Andreas Alexander Felix Sæbø
3. Åsmund Lunde
4. Kristian Osnes
5. Hildegunn Lillebø Fiskerstrand
6. Kapellan Mirjam Håland Igland (geistleg vara)

Sekretær: Kyrkjevjerje Christfried Kaul

Ulstein kommune sin representant i kyrkjeleg fellesråd: Ordførar Knut Erik Engh

Kommunal vararepresentant: Stian Skorgen Scheide

## Utval og kontaktpersonar

### Arbeidsutval:

Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Margit Lovise Holte, Karete Malen Nettet (vara), Christfried Kaul (sekretær)

### Administrasjonsutval:

Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantzen Skeide, Karete Malen Nettet (vara), Christfried Kaul (sekretær)

**Tilsettrepresentant:** Ingrid Madli Sæter

**Gudstenesteutval:** Karianne Orvik, Margit Lovise Holte, Mirjam Håland Igland, Ståle Helvig, Inge Kaldhol (sekretær).

**Diakoniutval:** Cecilie Frantzen Skeide, Mari Ann Vattøy.

**Undervisningsutval:** Karete Malen Nettet, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik.

**Kyrkjemusikkutval:** Øyvinn Sønnesyn, Jan Thomodsæter, Ståle Helvig, Bodil Voldsund.

Planutval for nytt kyrkjebygg: Harald Nordal (leiar), Jostein Kiperberg, Svein Arne Orvik, André Sæter, Arne Runar Vik, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær).

**Kyrkjekunstkomiteen:** Øyvinn Sønnesyn, Linda Hasund, Hugo Opdal, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul.

**Vedlikehaldsutval Ulstein kyrkje:** Lidbjørn Vattøy, Åsmund Lunde, Christfried Kaul.

**Kontaktperson Kirkens SOS:** Mali Åm.

## Kyrkjeval 2023

Det blei gjennomført kyrkjeval 11.09.23, samstundes som kommunestyreval. Deltakinga i kyrkjevalet for Ulstein sokn var under forventninga, der 614 av 5536 medlemar med røysterett brukte røysteretten. Det er berre 11% oppslutnad. 260 røyster blei gitt digitalt, noko som for første gong var mogleg ved kyrkjeval. Ved dei 354 røystene gjevne på papir, var 74 av dei førehandsrøyster. På 69% av dei leverte røystene har veljarane gitt personlege røyster til kandidatane.

## Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd 2023-2027

### Medlemar:

1. Odd Arne Vikebakk (leiar)
2. Silje Kiperberg Aksnes (nestleiar)
3. Øyvind Grimstad Hagen
4. Linda Hasund
5. Cecilie Frantsen Skeide
6. Ingrid Redse Mjaaseth
7. Berge Myrene
8. Gunn-Marte Veddegjere Pieroth
9. Sokneprest Margit Lovise Holte (geistleg representant)

### Varamedlemar:

1. Beate Hopland
2. Monica Leine Tokheim
3. Janne Fylsvik Rønningen
4. Marianne Follesøy Kaldhol
5. Mali Åm
6. Kapellan Mirjam Håland Igland (geistleg vara)

Sekretær: Kyrkjeverje Christfried Kaul

Ulstein kommune sin representant i kyrkjeleg fellesråd: Ordførar Stian Skorgen Scheide

Kommunal vararepresentant: Lisa Mari Breivik Anderson

## Utval og kontaktpersonar

**Arbeidsutval:** Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær)

**Administrasjonsutval:** Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Ingrid Madli Sæter (til-litsvalt), Lill-Marte Apelseth Solbakken (Verneombod), Christfried Kaul

Dei øvrige utval for den nye soknerådsperioden var ikkje oppnemnd per 31.12.2023

Kontaktperson Kirkens SOS: Mali Åm.

## Saker som Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har arbeidd med i 2023

- innspel Kommuneplan samfunnsdel 2023
- Samarbeid om ny ungdomsklubb i Ulsteinvik
- Bestilling av stolar passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje
- Arbeid i utval
- Kirka vår - samla plan for arbeid i kyrkjelyden
- Saman som kyrkje i heile verda 2023
- Kyrkjeval 2023
- Gudstenesteplan og semesterplan for Ulstein sokn hausten 2023 og våren 2024
- Årsmelding for Ulstein sokn 2022
- Lydanlegg i Ulstein kyrkje - rutiner og fornying
- Rekneskap 2022
- Diakonstilling i Ulstein sokn
- Ombygging av kontorlokale
- Møteplan hausten 2023 og våren 2024
- Finansiering av ungdomsarbeidarstilling i soknet
- Sanitærbygg ved Osnes kyrkjegard
- Revisjon av vedtekter for Osnes kyrkjegard
- Tilsetting av diakon i 50%
- Lokal markering Møre bispedøme 40 år
- Stønad for deltaking på Ten Sing seminar, World Wide Jamboree
- Fornya avtale mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn 2024 - 2027
- 2. gongs offentleg ettersyn - Interkommunal kystsoneplan for ytre søre
- Søknad om drift av næringsverksemd på Ulstein kyrkjegard
- Opptak av lån, signaturrett på vegne av styret
- Fjerning av krav om betaling for preludering i gravferd
- Oppnevning av nye medlemar i utval for kyrkje musikk og kultur
- Opa kyrkje i kvardagen
- Budsjett 2023 - tertialrapport august 2023
- Konstituering av det nye soknerådet
- Val av leiar og nesteleiar i Ulstein sokneråd
- Val av representantar i utval og kontaktpersonar
- Budsjett 2024 - Økonomiplan 2024-2027
- Val av representantar i utval og kontaktpersonar
- Tildeling av kyrkjeoffer 2024
- Vidareføring av klokkestilling



# ULSTEIN SOKNERÅD 2019-2023



Odd Arne Vikebakk



Annelise Kleven Godø



Karianne Orvik



Hannelore Måseide



Lidbjørn Vattøy



Karete Malen Nesset



Cecilie Frantzen Skeide




Bodil Muren Voldsund



Andre Sæter (1. vara)



Andreas Alexander  
Felix Sæbø (2. vara)



Åsmund Lunde (3. vara)



Kristian Osnes (4. vara)



Hildegunn Lillebø  
Fiskerstrand (5. vara)

# ULSTEIN SOKNERÅD 2023-2027

**BILDER KJEM**

# TILSETTE I ULSTEIN KYRKJELEGE FELLESRÅD 2023



Christfried Kaul  
Kyrkjeverje



Lill-Marte  
Apelseth Solbakken  
Kyrkjelydssekretær



Michelle Öhman  
Kantor



Bjørn Losvik  
Kateket



Ingrid Madli Sæter  
Trusopplærer



Karine Sæter  
Diakon



Mari-Ann Vattøy  
Diakoniarbeidar



Jan Erling Davidsen  
Kyrkjetenar og  
kyrkjegardsarbeidar



Marius Erstad  
Schjelderup  
Kyrkjegardsarbeidar



Ruben Voldsund  
Ungdomsarbeidar



Oddgeir Nygjerde  
Kantorvikar



Andreas Sæbø  
Ungdomsarbeidar  
(engasjement)



Inge Kaldhol  
Klokkar



Ilse Anita  
Eide Moltumyr  
Kontormedarbeidar



Vamathevan Sellathamby  
Reinhaldar

# PRESTAR I ULSTEIN SOKN 2023



Margit Lovise Holte  
Sokneprest



Mirjam Håland Igland  
Kapellan

Øystein Bjørdal

Rolf Schancke Eikum

**BILDER KJEM**

# STABEN I ULSTEIN KYRKJE

## Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100% (permisjon januar-mars)
Kapellan	Mirjam Håland Igland	100% (permisjon januar-juni)
Vikarprest	Øystein Bjørdal	(januar-februar)
Vikarprest	Rolf Schanke Eikum	(januar-juni)

## Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje:	Christfried Kaul	100%
Sekretær:	Lill-Marte Apelseth Solbakken	100%
Kyrkjjetenar/ kyrkjegardsarbeidar:	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjjetenar/ kyrkjegardsarbeidar:	Marius Erstad Schjelderup	50%
Kantor:	Michelle Öhman	(frå 1. august 2023) 100%
Diakon:	Karine Sæter	permisjon våren 2023), 50% frå august 2023
Diakonvikar:	Mari Ann Vattøy	100% (våren 2023)
Diakoniarbeidar:	Mari Ann Vattøy	50 % (frå august 2023)
Barnehageleiar:	Karine Sæter	20%
Kateket:	Bjørn Losvik	100%
Kyrkjelydspedagog:	Ingrid Madli Sæter	100%
Klokkar:	Inge Kaldhol	timebasert (ca. 13%)
Reinhaldar:	Sellathamby Vamathevan	27%

## Prosjektstillingar

Ungdomsarbeidar:	Ruben Voldsund	20%
Ungdomsarbeidar:	Andreas Sæbø	(timebasert, oktober-desember 2023)
Kontorhjelp:	Ilse Anita Eide Moltumyr	(fram til februar 2023)

## Endringar i staben

August 2023 starta Michelle Öhman som kantor.

Frå August 2023 deler Karine Sæter og Mari Ann Vattøy på diakonstillinga 50% / 50%

## Vurdering

Staben i Ulstein kyrkje er eit arbeidslag med eit forholdsvis låg gjennomsnittsalder til å vere stab i Den norske kyrkja. Dei gode kvalifikasjonane dei fleste tilsette har er synleg gjennom eit godt fagleg og tverrfagleg arbeid, som inspirerer og som gir rom for å utvikle nye idear. Staben har eit stort engasjement og høge ambisjonar for arbeidet sitt. Nettverket med frivillige og samarbeid med organisasjonslivet er viktige for å skape eit breitt tilbod for mange. Aktivitetsnivået er av og til litt høgt.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har bedriftshelseteneste. Lill-Marte Apelseth Solbakken er verneombod, og Ingrid Madli Sæter tillitsvalt for dei fellesrådstilsette.

## Likestilling, integrasjon og mangfald

Det er 10,1 årsverk i dei faste stillingane. Ved utgangen av 2023 var det:

12 faste tilsette, 7 kvinner og 5 menn.

2 kvinner jobber deltid i faste stillingar

2 menn jobbar deltid i faste stillingar

2 prosjektmedarbeidar har eit deltidsengasjement

10 av dei fast tilsette har Ulstein kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, 2 faste tilsette har Møre bispedømeråd som arbeidsgjevar.

Det er 3 faste tilsette med innvandrarakgrunn. Det er ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne. 7 av dei faste tilsette har fullført utdanning ved høgskule eller universitet, 4 år eller meir.

## Presteressursar

Margit Lovise Holte er sokneprest og Mirjam Håland Igland er kapellan i Ulstein. Begge har 100 % stilling. Prestetenesta i Ulstein har 1.7 % presteressurs, og dermed går 30 % av stillingane våre til å dele gravferdsturnus, vigselturnus og nokre gudsteneste på Hareid. Vi går i treledda tenesteturnus med sokneprest i Hareid Lars Hartig- Tangedal. Fordelinga inneber at i løpet av eit år har Ulsteinprestane mesteparten av gravferder og vigslar på Hareidlandet. Vi har sommarturnus på gudsteneste og andakter i sommarferie.

Frå årsskiftet til juni var kapellan Igland i foreldrepermisjon. Øystein Bjørdal var vikar i januar og februar, og Rolf Schanke Eikum vikarierte frå januar til juni. Eikum var fungerande sokneprest i januar og februar. Igland vart valt som lokal-lagsleiar i Presteforeninga i Søre Sunnmøre.

Januar til mars var sokneprest Holte i studiepermisjon for å fullføre ei masteroppgåve i klinisk sjelesorg ved MF. Ho fullførte oppgåva og tok graden erfaringsbasert master i klinisk sjelesorg. Holte deltok hausten 23 som representant frå Møre bispedøme i utvekslingsstudiet: «Leading ecclesial change and growth» saman med prestar frå bispedøma Møre, Bjørgvin i Noreg, og Newcastle og Southwark London bispedøma i den anglikanske kyrkje i England. Holte sit i sentralstyret i Presteforeninga, og er fung. prost i Søre Sunnmøre prosti ved behov.

Vi takksam for rutinerne og kompetente vikarar som tek enkeltoppdrag når det trengs; Leidulv Ø. Grimstad, Finn- Ove Kaldhol, Mathias Austrheim og Thorvald Grønli.

## Arbeidstilhøve

Eit nedslitt og utdatert kyrkjebygg, manglande aktivitetsrom og utfordrande lokale for administrasjon er framleis ei stor utfordring i det daglege arbeid.

Både medarbeiderundersøkelsen frå hausten 2023 og Bedriftshelsetenesta påpeiker at det er utfordringar ein treng å gripe fatt i.

Behovet for eit nytt kyrkjebygg der aktivitet, administrasjon og eit større og universell utforma sakralrom har ikkje blitt mindre og Ulstein sokneråd og dei tilsette har ei klar forventning til at det nye kommunestyret ser sitt ansvar og sørgjer for at Ulstein nye kyrkje blir realisert.

Trass i manglande økonomi har kontorlokale blitt pussa opp i den grad det var mogleg. Det blei lagt ned dugnadsarbeid av soknerådsmedlem Lidbjørn Vattøy til ein verdi på bortimot kr. 100.000.

Også staben sjølv har gjort ein stor innsats med flytting, rydding, ommøblering og små handverksarbeid. Med ei meir innbydande ventesone og ein betre skjerma arbeidsplass for sekretæren har viktige innspel frå dei tilsette blitt følgja opp.





# BYGG OG ANLEGG



Snehetta

Nye Ulstein kyrkje - Omprosjektering

Perioden 2000–2015

2000

# MANNO

Arkitektkonkurranse  
Utlysning av  
arkitektkonkurranse

## Ulstein kyrkje

Ulstein kyrkje er opna frå kl. 10:00 – 16:00, og det er mange som er innom for å finne ro, be ei bøn eller la seg berøve av mange flyktningar som har kome til Ulsteinvik har dette blitt eit enda viktigare tilbod i 2015. Kyrkja har ei fin atmosfære og det er eit lokale folk i Ulstein set pris på å kunne bruke til dåp, vigslar, bryllup, gudsteneste og konsert.

Ut frå dagens standard for offentlege bygg er Ulstein kyrkje eit utdatert bygg som byr på store utfordringar på grunn av manglande universell utforming, svært dårlege sanitærforhold og eit fysisk utfordrande arbeidsmiljø. Bygget er dårleg eigna til å drive undervisning, barne- og ungdomsarbeid, diakonalt arbeid, møteverksemd og arrangement der ein treng å kunne bruke fleire rom parallelt i



i same bygg. I mangel på eigna lokale leiger Ulstein sokn seg inn på folkehøgskulen, Fredheim, Sjøborg, og ulike andre forsamlingslokale. Staben opplever denne situasjonen som eit hinder for å kunne utvikle kyrkja sitt arbeid i tråd med planar og insjeronar for Den norske kyrkja lokalt og nasjoanalt.

### Vask og maling

Hausten 2022 fekk kledning av kyrkja ein grundig vask, takrennene blei rensa og utbetra, og vestveggen og vindauga blei måla. Dette var viktige tiltak for å førebygge skade. Sjølv om arbeidet ikkje var eit stort prosjekt, blei kostnadane ein god del større enn beløpet for vedlikehald som ligg i det årlege driftstilskotet Ulstein sokn får.

### Ulstein nye kyrkje

Behovet for ei ny kyrkje i Ulstein har vorte diskutert i mange år og er mindre. I 2022 er det gjort nye vurderingar og det er gjort føresetnader for å få inn i økonomiplanen for 2023-2026. Kostnadane for ei ny kyrkje er estimert til ca. 7,4 MNOK. Ulstein sokn har i oktober 2022 for kommunestyret og administrasjonen med forventning om at Ulstein nye kyrkje blir lagt inn i økonomiplanen, men i verken administrasjonen eller det politiske miljøet la det inn som eit forslag og dermed fått det handsama som ei vedtakssak. For soknet, som har jobba med ei ny kyrkje heilt siden år 2000, er det ein svært krevjande situasjon at kyrkjebygget ikkje blir prioritert. Trass i lite politisk framgang i saka har det blitt samla inn kr. 553.000 gjennom gjevar-tenesta for Ulstein nye kyrkje. Ved årsslutt 2022 er fonda for bygging av Ulstein nye kyrkje på til saman 7,4 MNOK.

### Kyrkjegardane

#### Osneset kyrkjegard

Gravferdsforvaltninga har jobba også i 2022 intenst med å bruke tilgjengeleg kapasitet av graver på ein effektiv måte. Men gjenbruk av graver er meir ressurskrevjande enn å ta i bruk nye graver og kan også vere ei psykisk påkjenning for dei som jobbar med dette. Gjennom tenesteytingsavtalen hjelper teknisk etat i Ulstein kommune ofte ved graving, slik at vi kan garantere at det alltid er to arbeidarar saman på graving, slik HMS-forskriftene krev det. Her måtte vi bruke teknisk etat litt oftare enn som ligg i tenesteytingsavtalen og det er eit behov for å justere bruk av resurser. Til å rekke over stell av gravplassen blei det også i 2022 leigd inn sommarvikarar i ferietida. Stell av gravplass, graving og diverse anna arbeid på anlegget har base i eit driftshus der maskinparken og utstyret har sin plass og naudsynt vedlikehaldsmateriell blir lagra. Arbeidarane har etterlyst isolering av garasja for å kunne utføre noko vedlikehaldsarbeid innandørs på kalde dagar. Også lagringskapasiteten på utsida bør betrast slik at alt utstyr kjem under tak.

Behovet for ein ny gravplass blir meir prekært med kvart år kommunestyret ikkje klarer å fatte eit vedtak om lokalisering for utviding / nyetablering av gravplass i Ulstein kommune. Ulstein kyrkjelege fellesråd har utarbeidd nye gravplassvedtekter som tek høgde for etablering av minnelund og urnegraver på Osneset kyrkjegard. Vedtektene skal gjennom ein høyringsprosess i kommunen i 2023 før dei blir sendt til statsforvaltaren til godkjenning.

I 2022 har det blitt fjerna nokre av trea på Osneset sidan dei sto i fare for å velte ved sterk vind / storm. Det er fleire tre som bør fjernast frå Osneset kyrkjegard og ein bør også lage ein plan for ny beplantning. Dette er eit større økonomiske løft enn som er mogleg innanfor driftsbudsjettet. Vi har vore i kontakt med Ulstein kommune for å drøfte utfordringane med den skiftande sandbalansen på Osnessanden med fare for utvasking ved stormflo. Vegetasjonen i kanten mot sanden er eit viktig ledd i vernet. Treng å hente inn kunnskap for stell av tre-vegetasjonen på dette området.

### Ulstein gamle kyrkjestad

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den gamle kyrkja i Giske eller Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulstein, er den mest verdifulle er etter Christoffer Rønneberg. Med stort engasjement av legatet til etterlatte, kunne slutført prosessen med ei avstøping av originale plata blei plassert på ei granittplata som hadde vassa plata kvilte på før. Støttemuren for Ulstein kyrkje har mange steinar har rasa ut på nordsida. Det er framleie eit ledd i Kystpilgrimsleia.

Kyrkjen i Vik er nedlagd. Å kunne ta deler av denne i bruk igjen som namn på området eit løft og ein bruksfunksjon igjen. Arbeid med dette treng å skje i dialog med legatet til kulturminnelova.

### Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret ligg i andre etasje i Sjøgata 61. Alle tilsette har tilgang på kontorarbeidsplass, men det er mangel på samtalerom til ulik bruk. Møteromet er i minste laget for møte i Ulstein sokneråd. Tilkomsten til kontoret er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Heller ikkje toaletta på kyrkjekontoret er tilrettelagt for folk i rullestol. Bygget er dårleg isolert og ikkje alle kontora har tilstrekkeleg med oppvarming / spolskjerming. Som kontorarbeidsplasser fungerer kyrkjekontoret bra, men det bør vere betre fasilitetar for å ta imot besøkjande til samtaler og andre henvendinger.

# STATISTIKK

**Tabell 1: medlemar, oppslutnad om dåp og konfirmasjon**

	2019	2020	2021	2022	2023
Befolkning	8571	8575	8539	8770	8872*
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6607	6641	6616	6629	6623
% medlemar i Den norske kyrkja	77,1 %	77,4 %	77,5 %	75,6 %	74,7
Innmelde i DNK	8	4	11	9	7
Utmelde frå DNK	20	21	24	19	23
Fødde i Ulstein kommune	108	85	109	92	82
Døypte, nyfødde som er folkeregistrert i Ulstein*	74	61	78	69	57
Oppslutning dåp	68,5 %	71,8 %	71,6 %	75,0 %	69,5 %
15-åringar (døypte)**	111	120	85	85	89
Konfirmerte medlemar i Ulstein	95	112	81	80	78
% konfirmerte av 15-åringar (døypte)	85,6 %	93,3 %	95,3 %	94 %	88%

\*ikkje alle born blir døypte same året dei er fødde. Mange som blir fødde dei tre siste månadane i kalenderåret blir først dørpte i løpet av dei første 3 månadane i det nye kalenderåret. Difor varierer også tala litt frå år til år dersom ein ønskjer å dokumentere kor mange av dei som blir fødde også blir døypte.

Ulstein kyrkje har framleis høg oppslutning blant folk i Ulsteinvik. Grunna busetting av mange flyktingar i Ulstein kommune har det vore ei auke i befolkning. Sidan dei som regel ikkje er medlem i Den norske kyrkja har prosentdelen av medlemar i Den norske kyrkja gått ned nesten 1%.

**Tabell 2: kyrkjelege handlingar**

Kyrkjelege handlingar	2019	2020	2021	2022	2023
Dåpshandlingar i soknet	76	55	74	66	82
Konfirmerte i kyrkja	92	112	81	80	78
Gravferder	54	52	53	50	49
Kyrkjelege vigslar	15	10	14	12	17

Dåpstala for Ulstein held seg gode og har hatt ein oppgang. Vi legg til rette for digital påmelding slik at par kan sitte i fred og ro heim og finn ut kva tid det passar å ha dåp for dei og familien. Vi ønsker alle velkomen til dåp, også vaksne og eldre ungdom, og legg gjerne til rette dersom der er utfordringar knytt til gjennomføring.

**Tabell 3: gudstenester og andakter**

<b>Gudstenester</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Antal gudstenester totalt	93	98	80	89	87
Deltakrar, gudstenester totalt	16074	7047	6423	16745	14248
<i>Gjennomsnitt pr. gudsteneste</i>	<i>173</i>	<i>72</i>	<i>80</i>	<i>143</i>	<i>164</i>
Antal gudstenester, søndagar og heilagdagrar	56	34	58	54	60
Deltakrar, gudstenester, søndagar og heilagdagrar	10963	3301	5276	7826	9643
<i>Gjennomsnitt deltakrar pr. gudsteneste</i>	<i>196</i>	<i>97</i>	<i>91</i>	<i>145</i>	<i>161</i>
Gudstenester utanom søndagar og heilagdagrar	37	64	22	35	27
Deltakrar, gudst., utanom søndagar og heilagdagrar	5111	3746	1147	4909	4605
<i>Gjennomsnitt deltakrar pr. gudsteneste</i>	<i>138</i>	<i>59</i>	<i>52</i>	<i>140</i>	<i>171</i>
Antal gudstenester i soknet si kyrkje	79	87	57	78	78
Antal gudstenester på institusjon i soknet	9	4	4	3	1*
Antal gudstenester på annan stad i soknet	5	7	19	8	8
Antal gudstenester med nattverd	58	27	34	54	47
Deltakrar, gudstenester med nattverd	5129	1673	1872	3636	3515
Antal gudstenester med skriftemål	2	0	1	1	1
Antal familie- og barnegudstenester	12	6	5	10	18
Deltakrar, familie- og barnegudstenester	2714	681	335	1946	3958
Antal gudstenester for barnehagar	3	2	1	3	3
Deltakrar, gudstenester for barnehagane	244	64	150	245	211
Antal gudstenester for skuleelevar	5	1	0	4	4
Deltakrar, gudstenester for skuleelevar	1413	44	0	1102	1251
Antal gudstenester for ungdom	23	9	4	12	**
Deltakrar, ungdomsgudstenester	2516	1063	678	1900	**
Antal gudstenester med dåp	40	37	33	34	35
Deltakrar, gudstenester med dåp	6620	2866	2723	4510	5444
Antal konfirmasjonsgudstenester	4	8	6	4	4
Deltakrar, konfirmasjonsgudstenester	1800	841	817	1443	1432
Antal julaftangudstenester	3	3	2	3	2
Deltakrar, julaftangudstenester	1015	288	125	796	872
Antal gudstenester i påska	5	9	4	6	6
Deltakrar, gudstenester i påska	656	57	21	574	663
Andakter	2019	2020	2021	2022	**
Andakter på institusjon eller aldersheim	72	72	113	101	109

\* Her ser det ut som om det kan vere ein feil i statistikken, sjekk opp  
 \*\* var ikkje spurt om i statistikken i 2023

**intern kommentar**


**Tabell 4: musikk, kultur, leiarutvikling**

	2019	2020	2021	2022	2023
Deltakarar, leiarkurs for unge 13-30 år	22	25	26	21	23
Antal kor for vaksne / familiekor	3	1	1	3	0
Antal kor for barn og unge	3	3	3	3	3
Antal konsertar og kulturarrangement	19	16	25	17	22
Deltakarar på konsertar og kulturarrangement	2544	811	1007	1200	1802
Antal konsertar/kulturarrangement, ekstern regi	7	2	4	6	7
Deltakarar på konsertar/kulturarrangement, ekstern regi	1111	160	998	978	1084

Deltaking på konsert og kulturarrangement i kyrkja sin regi har gått kraftig ned i forhold til 2019, som var siste året før pandemi. Tala går opp frå 2022 som også delvis bar preg av pandemi, og viser at vi er på rett veg.

Vigselstala har gått opp og dette er særleg tilknytta Valentinvigselssdagen der vi lærte at mange unge småbarnsfamiliar ønsker gifte seg i kyrkja, men med ei anna ramme en store, tradisjonelle bryllaup. Når vi la tilhøva til rette, traff det eit behov, og vi lærte meir om korleis vi er relevant folkekyrkje i vår tid!

### Gudstenestedeltaking totalt og gjennomsnitt



Vi gleder oss over at aktivitet etter koronapandemien sine nedstengingar der restriksjonane gjekk svært hardt ut over kyrkjens aktivitet med ofte strengare antalsbegrensingar enn andre stader. Tala viser at vi er tilbake til eit godt nivå, men at vi framleis har litt igjen før vi kjem opp på nivået før pandemien. Vi gleder oss over god oppslutnad og ønsker alle velkomen til gudsteneste anten det er ein gong i året eller kvar søndag.




Lorem ipsum dolor sit amet, consectetur adipiscing elit. Vestibulum accumsan vel odio sollicitudin, sed volutpat metus eleifend. Praesent et dolor eu arcu semper commodo. Vivamus in mauris. Maecenas nec semper dui. Fusce faucibus vestibulum tellus. Aenean in ex id eros. Vestibulum in vitae tellus. Duis vehicula vel ipsum ut suscipit. Nulla vitae pellentesque augue.

Ut sed pulvinar lorem, in iaculis risus. Phasellus a lacus eu mi feugiat tincidunt. Vestibulum libero. Suspendisse et placerat tellus, at ultricies lectus. Mauris sollicitudin, semper suscipit, sem lectus consequat ipsum, eget viverra odio risus sed orci. Curabitur ultricies. Vestibulum tincidunt nisl sodales sollicitudin. Aenean ac pellentesque lorem, a porttitor mauris. Nulla viverra auctor vitae in velit. Quisque vel suscipit risus, a sollicitudin augue. Cras risus, ultricies lacinia diam. Duis interdum mauris dui, et imperdiet enim congue at.

Vestibulum volutpat mi non porttitor vehicula. Phasellus molestie congue, vel interdum dolor consectetur. In convallis aliquam quam, quis consequat lacinia. Maecenas sollicitudin quam sit amet nisl mollis faucibus. Nullam blandit orci ligula, vitae molestie sed. Maecenas at finibus felis. Sed posuere orci eget nisl cursus scelerisque.

Quisque ultricies congue finibus. Phasellus maximus. Sed felis mi, molestie at velit sit amet, bibendum viverra leo. Vestibulum ante ipsum. Vestibulum orci luctus et ultrices posuere cubilia curae; Vivamus commodo lectus odio, a bibendum. Praesent pretium, ante non viverra placerat, eros ex dignissim nisi, non pellentesque vitae ligula. Cras sed metus ullamcorper, commodo tellus vitae, rhoncus nibh. Vestibulum suscipit lacinia ut et enim. Donec enim ex, tincidunt quis imperdiet sed, hendrerit e.

**MANGLAR**



## Oversikt kollekt, gåver og innsamlingar

	2019	2020	2021	2022
Offer / kollekt i kyrkja	412 979	273 337	239 497	345 831
av dette - offer / kollekt til eiga verksemd	240 496	112 926	102 555	156 493
av dette - offer til andre	172 483	160 411	136 942	189 338
Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje	700 650	557 000	627 000	700 650
Gjevarteneste	15 000	16 500	15 000	15 000
Minnegåver	19 146	0	0	18 360
Andre innsamlingar	35 770	0	0	89 689
Fasteaksjonen - gjennom lokal bokføring	81 821	0	0	0
Fasteaksjonen - bøsser, vipps og direkte gåver	31 363	0	76 535	161 090*
<b>Kollekt, gåver og innsamlingar totalt</b>	<b>1 311 722</b>	<b>952 767</b>	<b>994 564</b>	<b>1 188 767</b>

\* Beløpet er berre delvis bokført gjennom lokal rekneskap, samt også kr. 76 536,- gitt av folk i Ulstein direkte til Fasteaksjonene via Vipps.

## Hovudtal frå årsrekneskapen i Ulstein sokne

Inntekter	Rekneskap 2022	Revident budsjett 2022	Rekneskap 2021
1 Brukarbetaling, sal, avgifter	771 826	847 650	466 392
2 Sal av driftsmiddel / faste eiendomar	-	-	-
3 Refusjonar / overføringar	3 999 999	3 832 754	4 138 705
4 Kalk. inntekt ved utleige av eiendomar	258 000	-	258 000
5 Statlege tilskot	-	-	-
6 Tilskot frå rettssubjekter i den norske kirke	1 577 800	1 325 000	1 498 352
7 Rammeoverføringar / tilskot frå eiga kommune	5 534 768	5 165 200	6 252 051
8 Tilskot frå soknet sine organ	-	-	-
9 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	1 112 230	580 500	900 503
<b>10 Sum driftsinntekter</b>	<b>13 254 623</b>	<b>11 751 104</b>	<b>13 521 003</b>

Utgifter	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Rekneskap 2021
11 Løn og sosiale utgifter	5 502 875	5 634 436	6 535 062
12 Kjøp av varer og tenester	2 069 037	2 056 291	1 790 298
13 Refusjonar / overføringer	4 064 814	4 064 427	3 692 992
14 Kalk. utg. ved komm. tj. ytingsavtale	258 000		258 000
15 Tilskot og gåver	278 750		157 080
<b>16 Sum driftsutgifter</b>	<b>12 173 501</b>	<b>12 751 154</b>	<b>12 433 432</b>
<b>17 Brutto driftsresultat</b>		<b>1 030 150</b>	<b>1 087 571</b>
18 Renteinntekter og utbytte		40 000	79 507
19 Mottekne avdrag på utlån		-	
20 Renteutgifter og låneomkostningar		49 000	72 812
21 Avdrag på lån	1 344 075	134 400	1 039 021
22 Utlån, kjøp av aksjer, andelar o.l.	-	25 000	
<b>23 Netto finansinntekter / -utgifter</b>	<b>- 459 121</b>	<b>- 168 400</b>	<b>- 132 326</b>
24 Avskrivningar	525 358	-	526 958
25 Motpost avskrivningar	525 358	-	526 958
<b>26 Netto driftsresultat</b>	<b>622 048</b>	<b>- 298 550</b>	<b>55 245</b>
Interne finansieringstransaksjoner			
27 Bruk av udisponert midler (mindreforbruk)	-	-	193 967
28 Bruk av ubundne midler	205 051	210 000	85 000
29 Bruk av bundne midler	88 380	153 550	93 492
<b>30 Sum avsetninger</b>	<b>285 431</b>	<b>298 550</b>	<b>372 459</b>
31 Avsettning til neste år (underskot)	-	-	-
32 Avsettning til fond	-	-	-
33 Avsettning til fond	907 480	-	758 009
34 Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-
<b>35 Sum avsetninger</b>	<b>907 480</b>	<b>-</b>	<b>758 009</b>
<b>36 MEIRFORBRUK (-) / MINDREFORBRUK (+)</b>		<b>-</b>	<b>-330 305</b>

# INFORMASJON OG KONTAKT

## Opa kyrkje, kyrkja på senteret og ope kontor

Tysdag til fredag er Ulstein kyrkje open for besøk mellom kl 08.00 og 16.00.

Å ha ei opa kyrkje er viktig for å vere tilgjengeleg som kyrkje.

Kyrkja på senteret er ope kvar onsdag kl 11.00 – 15.00 og har blitt eit viktig og hyppig brukt uformelt møtepunkt.

Kyrjekontoret er ope tysdag til fredag kl 10.00-14.00 for vitjande. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit ope kontor viktig.

## Publisering

Å ha gode kanalar til nå ut til mange er viktig for ei folkekyrkje med 6600 medlemmar. Det er ulike behov for ulike grupper og det er stor forskjell på korleis informasjonen vert registrert eller aktivt leita opp.

Med kyrkjesida i Vikebladet Vestposten når vi fram til mange husstandar gjennom papiravisa. Denne ordninga er svært verdifull. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i veksel og samarbeid med Hareid, slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Aktivitetane våre har også vore journalistisk interessante og artiklar om Ulstein kyrkje sitt arbeid er ofte å finne i lokalavisa.

Plakatar og flygeblad er også framleis viktige. Glastavla ved inngongen til kyrkjetomta er ei viktig kjelde for informasjon, og brosjyremateriell ligg både i våpenhuset og ved turistinformatjonen på Ulstein Arena.

Heimesida til Ulstein sokn, [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no) er ei viktig kjelde for informasjon og er lagt opp slik at det skal vere lett å finne informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Dei fleste brukar påmeldingsløyisinga på heimesida vår for å melde born til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller barna til trusopplæringstiltak. Det er også mange som ikkje bruker sosiale media aktivt, som går inn i kalenderen på heimesida for å finne fram informasjon.

Facebook er den kanalen vi brukar mest for å reklamere for og omtale arrangement i tida tett før det skal finne stad. Deling av bidrag, kommentering av innlegg og glimt frå arrangement som har vore er med å skape identiteten til kyrkjelyden.

Til streaming av arrangement nyttar vi både YouTube og Facebook. Alle gudstenester blir overført via ei lukka linje til TV-apparat i institusjonane.

## Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommuna sin representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, og dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Gjennom ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune får Ulstein sokn føreseielege rammer for arbeidet. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen, og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av lønn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

## Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er med dette næraste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årleg prostidag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrkjevevjene og har årlege møte med stab og sokneråd.

## Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadene til desse stillingane. Ulstein sokn mottok også årleg tilskot for trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjent plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet for første gong.

**Bakgrunns-  
bilde  
MANGLAR**

Foto: Cecilie Hatløy



# SLUTTORD

---

I årsmeldinga du no har framføre deg, har vi valt å la to emne, to vinklingar innleie den.

Først får vi eit knippe av solskinshistorier. I tekst og med tilhøyrande bilete blir vi kjende med aktivitetar og personar som på ulikt vis er knytt til oss og det som skjer i vår kyrkjelyd. Og det er mykje solskin i desse hendingane.


I den andre vinklinga er det fokus på diakoni. På samme vis, gjennom tekst og bilete, blir sider av diakoniarbeidet presentert. Med stor breidde og variasjon. Med omtanke og varme.

Mange knyter ofte ei årsmelding opp mot ei oppsummering av førre år og ei perspektivut-  
sasjon. Dette er viktig og naudsynt. Men det er og viktig å ha fokus på framtidige ut-  
sasjonar og samarbeid.

Eg håper at desse to innleiande vinklingane og bilete av dei som har gjort det, gjev eit godt

**MANGLAR**

Odd Arne Vikebakk  
Leiar sokneråd og fellesråd



# ULSTEIN KYRKJE

*Saman på ferda*

## **S-SAK 2024/09 Oppfølging felles møte sokneråd og stab**

### **UTGREIING**

*Vedlegg:*

*Samandrag av Cafédialog på felles møte*

*4 sider frå boka om frivillighet Margit brukte under innlegget sitt: En god frivillighetskultur*

Det er viktig at vi tek oss tid til å halde fram i samtalen kring tema frivillighet. Vi treng ei fornya satsing på frivillighet og eit meir bevisst arbeid med frivillighetskultur i kyrkjelyden.

Det er behov for ad- hoc- oppgåver, men ei fornya satsing på frivillighet treng også å vere ein invitasjon til å gi rom for engasjement som veks frem av medlemmane.

ulike arena for frivillighet kan vekse frem også utanom gudsteneste. Døme på dette kan vere: dugnadskveld, berre for å ha det kjekt- kveld

Frivilligheten kan skje både gjennom uformelle arena og formelle arena

«Whats in it for me?» må vi sjå saman med «Korleis kan dette bidra til fellesskapen?»

Eit viktig spørsmål er også: Kor stor er tilhørighetsfølelsen til kyrkja i forhold til andre felleskapsarena?

For å jobbe meir målretta med frivilligheten må vi legge opp til gode strategiske prioriteringar. Frivillighetssatsinga bør gi nokre styringssignal mot planlegging av haustsemesteret. Vi treng å bli samde om nokre konkrete ting vi ønskjer å ta vidare.

Frivillighet er eit tema vi må jobbe langs med. Vi treng å ha litt is i magen, for at dette er ei litt større satsingsområde

Kan vi gi utfordring til dei ulike utval om å ha frivillighet som tema?

Vi treng ikkje nødvendigvis eit vedtak denne gongen, men vi treng å halde samtalen i gang.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

# Fellesmøte mellom sokneråd og stab

## 07.02.2024

### *Arbeid i grupper med kafedialog som metode*

Under ser du problemstillingane som vart diskuterte denne kvelden. Vidare kjem eit samandrag frå kvar «kafevert» som har notert innspel frå alle gruppene. Mange ting har vorte nemnde fleire gongar, og nokre innspel liknar kvarandre. Difor er mykje slått i hop under kvart punkt, og alle svar på tvers av gruppene er kokt ned til ei side per problemstilling.

## PROBLEMSTILLINGAR

### **1. FRIVILLIGMILJØ**

- Korleis ser eit attraktivt frivilligmiljø ut?
- Kva for rammer må ligge til grunn for å kunne melde seg som frivillig?
- Kva treng frivillige av stab for å engasjere seg?

### **2. RESSURSBRUK**

- Korleis kan vi sikre at stab og frivillige ikkje vert oppbrukt/utbrent/lei?
- Kva er særleg belastande?

### **3. OPPGÅVER I KYRKJA**

- Kva for oppgåver er det nødvendig at staben gjer, og kva kan gjerast av andre?
- Kva vert for komplisert for frivillige?

### **4. SAMARBEIDANDE ORGANISASJONAR OG TILTAK**

- Kva for unytta potensiale ligg i desse? (Speidar, KFUK-KFUM, Ten Sing, Tween Sing, KRIK, NMS, Korklubben)
- Kva med kyrkjekaffi, familietilbod, Torsdagskveld på Fredheim og liknande?
- Kva må til for å bruke, og engasjere seg i desse på ein meir berekraftig måte?

### **5. KVIFOR KYRKJA?**

- Kvifor jobbar eller engasjerer du deg i kyrkja?

# SAMANDRAG

## 1. FRIVILLIGMILJØ

### Eit attraktivt frivilligmiljø ser slik ut

- At det vert framdyrka å skape nye relasjonar og vennskap
- Den enkelte har indre motivasjon og engasjement
- Ein har kjensle av at mitt bidrag utgjer noko
- At ein er fleire som kan løyse oppgåver i fellesskap
- At miljøet har overkomelege oppgåver som ikkje er assosiert med jobb
- Ope miljø, at det er plass, særleg til nye
- Det er inkluderande, og enkeltpersonar skal føle seg
- Kaker, kaffi og frivilligfest – anerkjennelse for jobben som vert gjort
- Den frivillige føler seg trygg i oppgåvene/får nok opplæring og støtte, men også høve å prøve nye oppgåver

### Rammer som må ligge til grunn for å melde seg som frivillig

- Den frivillige må vite kven ein skal henvende seg til
- Oppgåvene må vere definerte og overkomelege
- Tryggleik, eit godt omdøme
- God opplæring som ein føresetnad til meistring
- Forutsigbarheit, gode planar
- Informasjon om at frivillig arbeid er for ei begrensa periode
- Lage lister med oppgåver som frivillige kan melde seg til
- Minne om «kyrkja mi» (digitalt verkty) i denne samanhengen, og oppmuntre til å bruke det

### Dei frivillige treng staben til å

- Skape trygge omgivadar
- Ta alle i mot med «opne armar» og vere inkluderande
- Gi nok og kontinuerleg opplæring der det trengs
- Ha tydlege kontaktpersonar og vere tydlege på kven frivillige skal vende seg til
- Ha god dialog sett i system rundt bruk av frivillige
- Sjå dei frivillege
- Lage frivilligheitsfest
- Vere overordna i oppgåvene som skal utførast



## 2. RESSURSBRUK

### Tilsetteoppgåver

- Vi må våge å legge vekk tradisjonsrike aktivitetar som ikkje fungerer lengre
- Ved tillegging av ny aktivitet må noko anna takast vekk for å ivareta tilsette sin kapasitet
- Soknerådet vil mykje, meir enn staben klarer. Meir opne kanalar mellom stab og sokneråd, kan hjelpe på ei betre forståing for soknerådet
- Det er viktig å skilje jobb og fritid for tilsette. Tilsette må ikkje ta på seg for mange ubetalte fritidsaktivitetar som liknar det løna arbeidet
- Det er tidkrevjande å lære opp frivillige, men det er ei viktig investering

### Frivilligoppgåver

- Vi må avgrense tid på oppgåver og type oppgåver
- Unngå å sette frivillige i for mange møter og tidkrevande styrearbeid
- Oppgåver må for mange vere konkrete og raske, til dømes levere kake på kyrkjekaffi
- Meir prosjektbasert frivilligheit, gjerne tilknytt eit arrangement, kan gjere det forutsigbart for frivillige dersom ein til dømes har ei konkret oppgåve på eitt fast arrangement kvart år
- Tilsette må i større grad våge å delegere til frivillige der det er mogleg
- Små oppgåver kan skape små gnistar som seinare vert brennande eldsjeler, så vi må ikkje tenke at alle småting skal ordnast sjølv av stab. Noko så enkelt som lystenning og rydding kan gjerast av barn og unge

### Anerkjenning av frivillige

- Viktig med medverknad og god dialog med kontaktperson i stab
- Viktig å takke, rose og «sjå» frivillige, gje merksemd og ikkje ta dei for gitt
- Anerkjenning av frivillige må gjerne skje meir offentleg, eksempelvis ved å trekke fram frivillige i gudsteneste, sosiale medier, eller gi gaver
- Andre organisasjonar har «ukens frivillige» på sosiale medier. Kanskje vurdere noko liknande for å skape synlegheit og anerkjenning

### Rekruttering satt i system

- Vi må drive frimodig rekruttering og gå lenger ut enn til dei vi vanlegvis spør
- Det bør vere eit mål å skape eit miljø som får folk til å melde seg framfor å berre bli spurt
- Vi må oppmode frivillige til å finne andre frivillige – saman kjenner vi fleire!
- Frivilligkulturen bør tilseie at ein ikkje kan slutte i langt frivilligverv før opplæring av ein ny
- Det bør vere ei oversikt over oppgåver – kanskje i høve eit årshul
- Det bør lagst ei database over alle frivillige i kyrkjelyden vår med oversikt over kven som kan spørjast om kva, og kven som alleiere er spurt om ting (og når).
- Til å hjelpe oss med ei slik database kan det vere nyttig å legge ut ei «påmelding», eksempelvis på heimesida, der folk kan melde seg og velje mellom mange ulike type oppgåver og lengde på forplikting.
- Mange personar vert spurt for ofte, men ei slik løysing vil kunne hjelpe mot å bruke opp frivillige

### 3. OPPGÅVER I KYRKJA

#### Delegering av type oppgåver

- Staben må gjere oppgåver som krev teieplikt, som til dømes sjelesorg og arbeid som krev politiattest. Elles er oppgåver på dagtid avgrensa til stab. Utover det er det mange forslag til kva som kan delegerast:
- Praktisk arbeid/utførelse, male, snekre
- Rydding og nedvask
- Besøksteneste (frivillige som kan matche med brukarane)
- Assistent til trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid, diakoni
- Nattkafe (tverrkyrkjeleg tilbod) har stort behov for frivillige
- Våronna på kyrkjegarden: Raking, luking, køyre vekk hageavfall, stille med kake og kaffi o.l
- Under gudsteneste: til dømes, borna får kvar sin kopp med vatn til å ha i døypefonten, ansvar for å tenne lys, lese o.l

#### Kven kan dei delegerast til?

- Kan vi konkret utfordre til dømes Korklubben, Tween Sing, Ten Sing, speidar, KRIK til dugnadsarbeid i form av avgrensa gjeremål?
- Knyte til oss eksterne organisasjonar?
- Rekruttere føresette til alle barn som er innoom ein aktivitet, forsøke å fange opp eller gjere mogleg for føresette å melde seg ved påmelding til aktivitet?
- Kan vi engasjere «50-åringane», den gamle Gospeljengen? Dei har betre tid enn småbarnsforeldre og har eit eigarskap som kan få nytt liv
- Vi må våge å nytte meir og fleire pensjonistar – mange har tid og overskot til å ta i eit tak

#### Korleis nå desse?

- Vi må fiske etter folk og kva dei brenn for
- Utfordrande å delegere når folk vegrar seg for å binde seg
- Det er stor kamp om dei frivillige i lokalsamfunnet allereie
- Vi må skape ein kultur, dyrke denne over tid for å få folk til å vere med
- Kva plass gir vi til eldsjelene? Kan vi våge å gi meir plass?
- Vi må utfordre frivillige til å engasjere andre frivillige
- Det må lagast ei oversikt over oppgåver som kan delegerast
- Det bør lagast ein ressursbank av folk som viser kva vedkomande kan bidra med, og kontaktinfo
- Ein frivilligkoordinator i til dømes ei 20%-stilling kan vere til hjelp for å bygge ein slik ressursbank



## 5. KVIFOR KYRKJA?

### Samfunnsansvar

- Bygge positivt fellesskap i samfunnet
- Ta vare på kyrkja og det vi har, så det ikkje forsvinn
- Vere ein samlande og foreinande arena på tvers av alder, sosial bakgrunn, legning, tru/trussamfunn/religion etc. – Kyrkja skal romme alle!
- Kyrkja er ein viktig samlingsplass ved store begivenheiter i livet (dåp, bryllaup, gravferd)
- Naturleg inngangsport til andre arenaer i samfunnet – t.d sjukeheimar, konsertar/kultur

### Ein del av eit åndeleg fellesskap

- Ein stad å møte Jesus
- Det ligg ein søken etter Gud i alle - det vil alltid vere behov for kyrkja
- Liturgi skaper gjenkjenning og tryggleik, også med trådar ut i verdskyrkja – ein kan kjenne seg att i kyrkjer i utlandet og like fullt kjenne seg som ein del av fellesskapet sjølv om ein ikkje kan språket
- Ein stad å kjenne seg heime

### Verdiar

- Kyrkja formidlar verdiar og det medmenneskelege i møte med andre
- Kall opplevast meningsfylt - å vere til nytte og vite at nokon har bruk for ein
- Kyrkja er ein transformasjonsarena for tru, der du kan bli ein betre versjon av deg sjølv - og bli Kristus-lik
- Ein møter menneske på ulike plan gjennom nestekjærleik, åndeleg, eksistensielt, relasjonelt.
- Ein arena for personleg utvikling, til dømes musikalsk, utan terskel for deltaking
- Takksemd for opplevingar av fellesskap i oppveksten gir eit ønske om å formidle tradisjonar og verdiar vidare til komande generasjonar

Tabell 7: Den norske kirkes frivillighetskultur

	Grunnleggende antakelser	Normer og verdier	Artefakter og kulturuttrykk
Frivillighetens egenart og betydning	Frivillighet er del av kirkens DNA	Menigheten må ikke bli for stabstyrt Ansatte er gjestearbeidere	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av kirkens frivillighetsdiskurs</li> <li>• Frivillige tas med på råd og gis innflytelse</li> <li>• Anerkjennelse av frivillige og deres innsats</li> <li>• Symbolske uttrykk for takknemlighet</li> </ul>
	Frivillighet gjør kirken levende	Vi ønsker at frivillige engasjerer seg Vi forkynner ikke om frivillighet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ekklesiologisk begrunnelse</li> <li>• Frivillighet fremsnakkes</li> <li>• Oppslag i sosiale media, nettsider og annen dokumentasjon</li> <li>• Kjernefrivillige strekker seg langt</li> </ul>
	Frivillighet er en måte å leve ut troen på	Det er naturlig for troende å være frivillige Frivillighet gir tilhørighet til kirken Frivillighet kan styrke kristen tro	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk av bibelske begreper og teologi</li> <li>• Religiøse motiver hos frivillige</li> <li>• Frivillige bruker sine ressurser</li> <li>• Frivillighet eksponerer mennesker for kirkens tro</li> <li>• Frivillige uttrykker sterkt eierskap</li> </ul>
Fellenskap og kultur	De frivillige er kirken	Vi viser frivillige tillit Vi vil inkludere alle Vi er avhengige av frivillige	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utlån av nøkler</li> <li>• Ansvar for oppgaver og aktiviteter</li> <li>• Samme personer veksler mellom å være frivillige og deltakere</li> </ul>
	Frivillighet manifesterer at kirken er for alle	Lavterskel er viktig Vi tilrettelegger for mangfold	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Livsløpsperspektiv</li> <li>• Bredt aktivitetstilbud</li> <li>• Mange kjernefrivillige</li> <li>• Færre prosjektfrivillige og foreldre-frivillige</li> <li>• Spenning mellom innenfor-utenfor</li> <li>• I praksis preges fellenskapene av <i>bonding</i></li> </ul>
	Vi er alle medarbeidere i fellskapet	Alle er like mye verd Alle kan bidra med sine nådegaver	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfordringer til å gå inn i oppgaver og verv</li> <li>• Positive tilbakemeldinger på engasjement og innsats</li> <li>• Frivillige vokser med oppgaven</li> <li>• Retorisk vekt på <i>bridging</i></li> </ul>
	Vi skaper gode fellenskap	Det er hyggelig å være frivillig her Vi vektlegger konsensus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmerksomhet på godt sosialt miljø</li> <li>• Servering av mat og drikke</li> <li>• Fellskapet har et ideal om integrering, men i praksis preges nettverkene av differensiering og fragmentering</li> </ul>



## EN GOD FRIVILLIGHETSKULTUR

Rekruttering og oppfølging	Det er viktig, men vanskelig å rekruttere nye frivillige	Det skal være lett å si ja og lett å si nei Frivilliges frihet må respekteres	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bekymring for mangel på rekruttering og ettervekst</li> <li>Stressede situasjoner for å rekruttere til oppgaver</li> </ul>
	Man må selv velge å være frivillig	Vi verken maser på eller nøder frivillige Vi må ikke stille krav	<ul style="list-style-type: none"> <li>Respekt for frivilliges tid gjennom tydelige avtaler</li> <li>Oppfordringer til frivillig innsats</li> <li>Underkommunikasjon</li> <li>Konfliktvegring</li> </ul>
	Frivillige klarer seg stort sett selv	Frivilliges oppgaver er enkle	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lite tid til oppfølging</li> <li>Lite behov for opplæring</li> <li>Ansatte har lite tid</li> <li>Menighetsrådet har ikke kapasitet</li> </ul>
Organisering og ledelse	Frivillige lever sitt eget liv	Vi gir selvstendighet Vi blander oss ikke for mye	<ul style="list-style-type: none"> <li>God informasjonsflyt</li> <li>Kontaktpunkter</li> </ul>
	Frivillighet må støttes	Vi tilrettelegger Frivillige må gis oppmerksomhet	<ul style="list-style-type: none"> <li>God og løpende dialog</li> <li>Praktisk og økonomisk bistand</li> <li>Vekt på å fremme gode relasjoner</li> </ul>
	Frivillighet er mangfoldig	Vi leder ikke for mye Vi er mer reaktive enn proaktive	<ul style="list-style-type: none"> <li>Manglende strategi</li> <li>Manglende kjennskap til alternative organiseringsformer</li> <li>Svak bevissthet om ledelse</li> </ul>

Jeg vil ikke gjennomgå tabellen i sin helhet, siden den innhold er utfoldet gjennom analyse og drøfting i kapitlene. I det følgende løfter jeg frem noen vesentlige innsikter fra forskningsprosjektet som utgjør denne bokens bidrag.

### 8.2 EN LEVENDE DISKURS OM FRIVILLIGHETENS EGENART OG BETYDNING

Boken har påpekt klare sammenhenger mellom religion og frivillighet. For mange med religiøs tro vil det vi kaller frivillig innsats være en naturlig følge av ens overbevisning. Å gjøre et stykke ulønnet arbeid som kommer andre til gode, kan dermed oppfattes som en religiøs plikt og fortolkes som et kall hvor man tjener både Gud og sin neste. Den norske kirke har utviklet en teologisk begrunnelse for frivillighet, som artikuleres i det jeg kaller kirkens frivillighetsdiskurs hvor kimen ligger i Bibelen. Diskursen trekker vekslers på og omformuleres i ekklesiologien og gis et distinkt særpreg i vår lutherske

# Intervjuguider

## INTERVJU ANSATTE

1. I hvilke menighetsaktiviteter deltar frivillige?
2. Hvilken betydning har frivillighet i menigheten?
3. Hva er verdien av frivillighet for kirken?
4. Hvilke ulike typer frivillige finnes i menigheten?
5. Hvilke kontaktpunkter har ansatte og frivillige?
6. Hvordan vil dere som ansatte beskrive deres ansvar for frivillighet?
7. Hva kjennetegner god samhandling mellom ansatte og frivillige?  
Nevn eksempler.
8. Hvordan jobbes det for å rekruttere frivillige? (Hva motiverer?)
9. Hvordan skjer oppfølging av frivillige?
10. Hva har vært de viktigste endringene i menighetens frivillighetsarbeid? (Hva eller hvem har vært driverne? Hvordan bidrar frivillige til å skape, vedlikeholde og endre innovasjon av frivillighet?)
11. Hvilke deler av frivilligheten er dere særlig fornøyd med i menigheten? (Hvorfor har dette vært velfungerende?)
12. Hvordan ville den optimale frivilligheten i menigheten sett ut?
13. Har dere eksempler på at frivillige bidrar med innovasjon, nytenkning eller nye tiltak?
14. Hva fremmer og hva hindrer frivillig innsats og utvikling av frivillighetskultur i menigheten? (Potensiale og handlingsrom?)
15. Hvilken rolle spiller verdier og tro i frivilligheten? (nådegaver, kall, tjeneste og evner).

## INTERVJU MENIGHETSRÅD

1. I hvilke menighetsaktiviteter deltar frivillige?
2. Hvilken betydning har frivillighet i menigheten?
3. Hva er verdien av frivillighet for kirken?
4. Hvilke ulike typer frivillige finnes i menigheten?
5. Hvilke kontaktpunkter har menighetsråd og frivillige?
6. Hvordan vil dere beskrive menighetsrådets ansvar for frivillighet?
7. Hva kjennetegner god samhandling mellom ansatte og frivillige?
8. Hvordan jobber menigheten for å rekruttere frivillige?
9. Hvordan skjer oppfølging av frivillige?
10. Hvilke deler av frivilligheten er dere særlig fornøyd med i menigheten? Hvorfor?
11. Hvordan ville frivilligheten i menigheten optimalt sett ut?
12. Har dere eksempler på at frivillige bidrar med innovasjon, nytenkning eller nye tiltak? (Hvordan bidrar frivillige til å skape, vedlikeholde og endre innovasjon av frivillighet?)
13. Har menigheten en felles strategi for frivillighetsarbeidet, og hva består denne i?
14. Hvordan samhandler menigheten med lokalsamfunnet om frivillighet (organisasjoner, kommuner og næringsliv)?
15. På hvilken måte profileres kirken i lokalmiljøet som et sted hvor det er rom for frivilliges initiativ?
16. -Hvilken rolle spiller verdier og tro i frivilligheten? (nådegaver, kall, tjeneste og evner)

## **S-SAK 2024/10 Oppnemning av utval**

### **UTGREIING**

Nokre utval har kome i gang, andre er framleis i rekrutteringsfasen.

- Kva utval har kome i gang?
- Kva utval har funne medlemar?
- Kva utval kan oppnemnast?

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

## **S-SAK 2024/11 Salmer på Pøbb**

### **UTGREIING**

Vedlegg:

*Forespørsel frå Torsdagskveldkomiteen om økonomisk garanti for å arrangere «Salmer på pøbb».*

*Arrangementsomtale Salmer på pøbb*

Eit konsept som ser ut til å trekke folk og som kan vere ein fin mulighet å kome på ein arena kyrkja til vanleg ikkje er så ofte å finne.

Er det noko Ulstein sokneråd vi støtte?

Det inneber ein økonomisk risiko som soknerådet også treng å ta stilling til.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.



## Christfried Kaul

---

**Fra:** Ole Martin Grevstad <olemartingrevstad@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 12. februar 2024 09:33  
**Til:** Arnt Ole Grimstad (arntole.grimstad@gmail.com); Christfried Kaul  
**Kopi:** Bjørn Losvik  
**Emne:** Sikkerhet fra KM og kirka

hei

Vi har lyst å gjennomføre en Salmer på pub kveld til høsten i Torsdagskveldkomiteen.

Konseptet har blitt veldig populært og omtalt i media. Det kommer visst snart en NRK reportasje om ikke lenge på Lørdagsrevyen

Bjørn har gjort en god jobb med å komme i dialog med disse folka og har fått napp på besøk i November. Og Kaffebaren er interessert i å være med, det må være på en skikkelig pub.

Det koster ca 50 000 å få dette til. Vi kan kanskje ta inn 150 personer, maks 180 på Kaffebaren. Billett kost maks 300, helst litt billigere, men vi får inn sånn ca 45 000 kanskje ...

Nå skal vi sjekke litt med Sparebankene om de vil være med også. Men vi trenger noen til å stille med sikkerhet for et evt underskudd.

Herved spør vi KM Ulstein og Kirka om de sammen er villige til å støtte et kult prosjekt og stille med sikkerhet for et potensielt underskudd?

--

Ole Martin

# Kopi frå nettside med arrangement «Salmer på pøbb»



## Når

Torsdag 14. mars, kl.  
19,30

## Hvor:

Peer Gynt, småbord

## Priser:

280,-

## Varighet:

90 min

## Salmer på pøbb

Sangene fra den norske salmeboka er blitt fremført, gjerne i kirker og kulturhus, spilt inn og gitt ut av mange norske artister de siste 30-40 årene. At salmene tas med ut på pub og klubbkonserter – det har ikke pleid å skje fullt så ofte, ikke før nå i hvert fall.

Med jevnlig opptredener på Herr Nilsen og Parkteatret i Oslo, og nå mange andre steder i landet, har «Salmer På Pøbb» blitt en stor suksess.

Da Lewi Bergrud og Thor-Erik Fjellvang bestemte seg for å samle et kanonlag av artister for å spille salmer på pøbb (og klubbscener) ble det så populært at samtlige konserter det siste året har vært utsolgt. Helt siden «Salmer På Pøbb» så dagens lys har pøbber og barer vært fylt til randen jevnt og trutt med sangglede – alle og enhver, fra alle generasjoner og leirer er med.

«Salmer På Pøbb»-bandet spiller så mye de klarer, men de har blitt så populære at det har vært vanskelig å dekke etterspørselen. Nå har du endelig en unik mulighet til å del i dette fantastiske konseptet.

Bli med, ta med deg en venn, kjøp gjerne noe å drikke – og så synger vi sammen.

### Billettpriser:

Ordinær: 280

## **S-SAK 2024/12 Planlegging av årsmøtet for Ulstein sokn**

### **UTGREIING**

14. april blir ein festdag i Ulstein kyrkja. På gudstenesta blir Mari Ann satt inn i diakoniteneste i Ulstein kyrkje, prosten vil vere til stades, og vi markerer avskjed med Inge Kaldhol som var klokkar i Ulstein i over 40 år. Dette vil også setje preg på kyrkjekaffen og årsmøtet som er i forlenging av kyrkjekaffi.

For årsmøtedelen treng vi ein plan på korleis vi vil presentere hovudtrekk frå årsmeldinga, korleis vi vil legge opp til samtale, men også praktiske spørsmål kring kyrkjekaffen treng vi å Organisere / fordele.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.